

Naturtypekartlegging i Haugesund, Suldal og undersøkelsesområder for regnskog i Rogaland 2014

Anders Thylén, Ulrika Jansson, Bjørn Harald Larsen, Solfrid Helene Lien Langmo, Terje Blindheim og Torbjørn Høitomt



Ekstrakt

BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra og nykartlagt naturtypar i Haugesund og Suldal kommuner samt i spesielle undersøkelsesområder for regnskog. Totalt 115 naturtypelokalitetar vart kartlagt i 2014. Desse fordeler seg på 11 lokalitetar med A-verdi, 30 med B-verdi og 16 med C-verdi. Naturbeitemark og kystlynghei, deretter gamal/rik edellauvskog og regnskog, er dei naturtypane som er kartlagt oftast.

Nøkkelord

Rogaland
Haugesund
Suldal
Naturtypekartlegging
Verdivurdering
Kvalitetssikring
Regnskog

Omslag

FRAMSIDEBILETE
Øvre: Regnskogslaven ringstry på Kalvøy, Stavanger kommune.
Midtre: Svartorsumpskog ved Fiskåsen, Strand kommune.
Nedre: Naturbeitemark ved Årabrot, Haugesund kommune.

Alle foto: Anders Thylén (BioFokus).

LAYOUT (OMSLAG)
Blindheim Grafisk

ISSN: 1504-6370

ISBN: 978-82-8209-420-7

BioFokus-rapport 2015-8

Tittel

Naturtypekartlegging i Haugesund, Suldal og undersøkelsesområder for regnskog i Rogaland 2014

Forfattarar

Anders Thylén, Ulrika Jansson, Bjørn Harald Larsen, Solfrid Helene Lien Langmo, Terje Blindheim og Torbjørn Høitomt

Dato

05.10.2015

Tal på sider

67 sider

Referanse

Thylén, A., Jansson, U., Larsen, B.H., Lien Langmo, S.H., Blindheim, T. og Høitomt, T. 2015. Naturtypekartlegging i Rogaland 2014. BioFokus-rapport 2015-8. ISBN 978-82-8209-420-7. Stiftelsen BioFokus. Oslo

Publiseringstype

Digitalt dokument (Pdf). Som digitalt dokument inneheld denne rapporten "levende" lenker.

Oppdragsgivar

Fylkesmannen i Rogaland

Tilgjengelegheit

Dokumentet er offentlig tilgjengelig.

Andre BioFokus -rapporter kan lastas ned frå:
<http://biolitt.biofokus.no/rapporter/Litteratur.htm>

BioFokus: Gaustadalléen 21, 0349 OSLO

Telefon 2295 8598

E-post: post@biofokus.no Web: www.biofokus.no

Forord

BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra tidlegare kartlagde naturtypar samt gjort nykartlegging av einskjelde naturtypar i Haugesund og Suldal kommunar samt i potensielle regnskogsområder i Rogaland. Audun Steinnes har vore vår kontaktperson hos oppdragsgivar. Anders Thylén har vore prosjektleiar hos BioFokus. Torbjørn Høitomt, Ulrika Jansson, Terje Blindheim (alle BioFokus), Bjørn Harald Larsen (Miljøfaglig Utredning) og Solfrid Helene Lien Langmo (Bioreg) har òg teke del i arbeidet.

Denne rapporten har som mål å summere opp resultata frå kartlegginga i 2014. Kartlegginga for Haugesund er såpass dekkjende at en kan justere kartleggingsstatus for kommunen. For Suldal er det hovudsakeleg kvalitetssikra eldre avgrensingar med fraværende eller mangelfull områdesskildring. Denne rapporten er hovudsakeleg meint som ein oversikt over kva som er kartlagt i 2014.

Prosjektets viktigaste leveranse er Naturbasefiler som vert publisert på <http://www.dirnat.no/kart/naturbase/>

Oslo, 5. oktober 2015

Forfattarane



Furuskog med regnskogsqualitetar ved Knuten (lok. 361) i Strand kommune. Foto Anders Thylén.

Samandrag

BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra og nykartlagt naturtypar i Haugesund og Suldal kommuner. Det er og kartlagt naturtyper i definerte utgreingsområdarar for regnskog frå Stavanger i sør til Suldal i nord.

For Haugesund vart arbeidet etter ønskje frå fylkesmannen og kommunen konsentrert om å kvalitetssikra eldre lokalitetar med manglande skildring samt nykartlegging i tettstedsnæra område og aktuelle planområdar. Haugesund er den kommunen som er kartlagt mest systematisk i prosjektet, mens registreringane i Suldal er meir spredte. De tettstedsnæra og vestre delane av Haugsund kommune kan sies å vera godt kartlagt etter årets prosjekt, mens det fortsatt gjenstår noko areal i nordaust med meir tilfeldig kartlegging.

Totalt 115 lokalitetar vart kartlagt i Rogaland gjennom dette prosjektet i 2014. Av desse ligg 75 i Haugesund kommune, 21 i Suldal kommune og 19 i utgreiingsområde for regnskog i andre kommuner. Av lokalitetane er 21 vurdert som svært viktige (A-verdi), 49 som viktige (B-verdi) og 45 som lokalt viktige (C-verdi).



Yngledam for storsalamander ved Årabrot (lok. 250) i Haugesund kommune. Foto Anders Thylén.

Innhald

1	INNLEIING/BAKGRUNN	6
2	GJENNOMFØRING	6
2.1	PRIORITERTE OMRÅDE	6
2.2	TILRETTELEGGING FOR NATUR2000 OG NATURBASE	8
2.3	TIDLEGARE UNDERSØKINGAR	8
2.4	BEHANDLING AV GAMLE NATURTYPEDATA	8
2.5	RAUDLISTEARTAR	8
3	RESULTAT	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
3.1	OVERSIKT OVER KARTLAGDE NATURTYPAR	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
3.1.1	<i>Artsmangfald</i>	15
	LOKALITETSSKILDRINGAR TYSVÆR KOMMUNE	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
3.2	LOKALITETSSKILDRINGAR GJESDAL KOMMUNE	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
4	DISKUSJON	21
4.1	ANSVARSNATURTYPAR OG -ARTAR I GJESDAL KOMMUNE	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
4.2	ANSVARSNATURTYPAR OG -ARTAR I TYSVÆR KOMMUNE	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
5	LITTERATUR	25

1 Innleiing/bakgrunn

I føreordet til fyrste utgåve av naturtypehandboka (Direktoratet for Naturforvaltning 1999) står følgjande: *“Det er et politisk mål at alle landets kommuner skal gjennomføre kartlegging og verdisetting av viktige områder for biologisk mangfold på sine arealer (St. meld. nr. 58 (1996/97) 1996-97). Den kommunale kartleggingen omfatter naturtyper, vilt, rødlistearter, ferskvatnslokaliteter og marint biologisk mangfold.”*

Arbeidet som har vore gjort i samband med kartlegginga i Haugesund og Suldal kommune er finansiert med middel frå Fylkesmannen i Rogaland. Den økonomiske ramma var på kr 300.000 ekskludert moms, og omfatta kvalitetssikring og nykartlegging av naturtypelokalitetar i dei to kommunane. I tillegg har Fylkesmannen lagt på 80.000 ekskludert moms for kartlegging av regnskog i et antall definerte områder frå Stavanger i sør til Suldal i nord.

Feltarbeidet vart gjort i løpet av feltsesongen 2014 (1.-4. september for Haugesund og 6.-10. oktober for Suldal og regnskogsområde) med påfølgjande rapportering i 2015. Feltarbeid knytt til dette prosjektet har vore utført av Anders Thylén (prosjektleder), Torbjørn Høitomt, Ulrika Jansson, Terje Blindheim (alle BioFokus), Bjørn Harald Larsen (Miljøfaglig Utredning) og Solfrid Helene Lien Langmo (Bioreg). Data er systematisert i Natur2000 (Borch og Wergeland Krog 2011).

Metoden for kartlegging følgjer DN-handbok 13, revidert utgåve (Direktoratet for Naturforvaltning 2007) samt utkast til nye faktaark for naturtypar (Miljødirektoratet 2014). Me syner til handboka og faktaarkutkastena for nærare opplysning om kriteria for utval av og verdisetting av naturtypar.


I samband med oppdateringa har BioFokus produsert shapefiler for naturtypetemaet. Desse er sendt til Fylkesmannens miljøvernavingdeling saman med eigenskapsdata. Fylkesmannen vil på dette grunnlag oppdatere Naturbase i samarbeid med Miljødirektoratet.

2 Gjennomføring

2.1 Prioriterte område

Kartleggingsprosjektet har bestått av tre delprosjektar med ulik prioritering:

- I Haugesund var fyrste prioritet å kvalitetssikra eksisterande naturtypelokalitetar utan eller med svært mangelfull lokalitetsskildding. Vidare var det framsatt ønskjer frå kommunen om kartlegging i områder som har betydning i samband med rullering av kommuneplanens arealdel, m.a. sentrumsområder, potensielle byggeområder nord for sentrum, kystnære områder og større friluftsområder. Vidare var det et ønskje frå Fylkesmannen om betre kartleggingsdekning for naturtypen myr.
- I Suldal var fyrste prioritet å kvalitetssikra eksisterande naturtypelokalitetar utan eller med svært mangelfull lokalitetsskildding. Her var elles fokus på områder med haustingsskog og edellauvskog i fjordlane langs Sandsfjorden og Hylsfjorden.
- For regnskog var det satt opp ein eigen liste frå Fylkesmannen med områder for kartlegging. Her blei prioritet 1-områdene kartlagt gjennom eit anna prosjekt på oppdrag frå Miljødirektoratet / Fylkesmannen i Hordaland. Prioritet 2 og 3-områdene (i alt 19 utgreiingsområde) tilhørte dette prosjektet, se figur 1. Eit par område blei av praktiske grunner ikkje saumfart (tid- og ressursmangel samt vanskelig tilgjengelighet). Av dei 19 områda blei 14 saumfart.



2.2 Tilrettelegging for Natur2000 og Naturbase

Alle lokalitetar er skrive og samanfatta i databaseverktøyet Natur2000. Alle eigenskapsfiler m.m. er henta ut frå denne databasen i samband med rapportering og overlevering av data til Fylkesmannen. Lokalitetane er gitt ein lokal id (lokalitetsnummer) innafor ein serie som ikkje har vore nytta tidlegare i den aktuelle kommunen, jamfør DN`s database for biologisk mangfald. Eventuelle hol i nummerserien skyldast berre at fleire registratorar har arbeidd parallelt med prosjektet, og at det har av og til vore naudsynt å tildele rommelege nummerseriar for å unngå risiko for at to eller fleire registrantar opprettar same lokalitetsnummer på ulike naturtypelokalitetar.

2.3 Tidlegare undersøkingar

Haugesund kommune er tidlegare dekkja gjennom fystegenerasjons kartlegging av naturtypar i 2000-2001. Frå denne kartlegginga manglar beskriving av lokalitetane. Det er vidare utført kartlegging av områder med kulturlandskap, spesielt kystlynghei, av Anders Lundberg i 2009-2010 (Lundberg 2010). Fyrstegenerasjonskartlegging i Suldal ble utført i 1998 (Gaarder & Haugan 1998) og innarbeida i Naturbase av John Bjarne Jordal i 2009. I tillegg har det vorte kartlagt ei rekke skoglokalitetar i 2009 og 2011, sjå mellom anna Gaarder m. fl. (2010) og Gaarder m.fl. (2012). Ein del lokalitetar står framleis utan skildring i Naturbase. Det er i all hovudsak lokalitetane som blei kartlagt i fyrstegenerasjons kartlegging og som manglar skildring som har vorte vitja på nytt nå i 2014.

2.4 Behandling av gamle naturtypedata

Ein stor andel av lokalitetane i dette prosjektet er gamle lokalitetar som har vorte kvalitetssikra. Desse har fått nytt lokalt ID-nummer, men det gamle BN-nummeret er behalda i oppdateringa. Elve gamle lokalitetar blir ikkje erstatta og skal derfor av ulike grunnar bli sletta frå Naturbase (se kap. 3.4).

2.5 Raudlisteartar

Spesielle artar, inkludert sjeldsynte og raudlista artar, kartlagt gjennom prosjektet vert gjort tilgjengeleg i Artskart (Artsdatabanken & GBIF 2015) via BioFokus sin artsbase (BAB). Raudlistekategoriar i rapporten følgjer "Norsk rødliste for arter 2010" (Kålås et al. 2010).

3 Naturtypar


Totalt 115 lokalitetar vart kartlagt i Rogaland gjennom dette prosjektet i 2014. Av desse ligg 75 i Haugesund kommune, 21 i Suldal kommune og 19 i utgreiingsområde for regnskog i andre kommuner. Av lokalitetane er 21 vurdert som svært viktige (A-verdi), 49 som viktige (B-verdi) og 45 som lokalt viktige (C-verdi).

3.1 Haugesund kommune

I alt 75 naturtypelokalitetar blei kartlagt i Haugesund kommune i 2014. Av dei er 26 revidert frå tidlegare kartlegging mens 49 er nykartlagt. X gamle lokalitetar er ikkje videreført og skal slettes, se tabell 3. Tabell 1 gir ein oversikt over korleis dei ulike naturtypene i Haugesund fordelar seg på tal på lokalitetane. I tabell 2 er alle lokalitetane i Haugesund som vart kartlagt i 2014 lista opp alfabetisk. En oversikt over alle lokalitetane i kommunen vises i kart i figur 2.

Tabell 1. Oversikt over fordelinga av dei kartlagde naturtypelokalitetane i Haugesund kommune og korleis desse ordnar seg på verdi. Tabellen tar ikkje omsyn til at mange naturtypelokalitetar faktisk er kartlagt som mosaikkar av fleire prioriterte naturtyper.

Hovednaturtype	Naturtype	A	B	C	Totalt
Myr	Kystmyr	1	1	4	6
Ferskvann	Dam	1	2	1	4
	Viktig bekke­drag			1	1
	Vannkantsamfunn		2	3	5
Kulturlandskap	Slåttemark			2	2
	Naturbeitemark	3	10	8	21
	Hagemark		2		2
	Kystlynghei	5	10	3	18
	Store gamle trær		1	1	2
	Erstatningsbiotoper på tresatt mark	1			1
Berg og rasmark	Rik berglendt mark			1	1
Skog	Gammel edellauvskog			1	1
	Rik edellauvskog			5	5
	Rik sumpskog		1		1
Havstrand og kyst	Strandeng og strandsump			1	1
	Brakkvannssjø	1	1		2
	Poller			2	2
Totalt		12	30	33	75



Figur 2: Naturtypelokalitetar kartlagt i Haugesund kommune i 2014. Dei mange gule punktane på linje aust i Haugesund sentrum er ein lokalitet med viktig bekke­drag som er delt opp i mange polygonar.

Tabell 2: Alfabetisk lokalitetsliste over dei 75 lokalitetane som vart kartlagt av BioFokus i Haugesund kommune i 2013.

Lokalitet	Lok.nr	Hovednaturtype	Naturtype	Utforming	Verdi	Areal (daa)
Arkavatnet søraust	152	Myr	Kystmyr	Annen kystmyr	C	3,7
Austre Hagland	216	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig tørrhei	B	36,4
Bakkafjellet	214	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig fukthei	C	64,6
Bellevue	180	Kulturmark	Slåttemark	Fattig slåtteeeng	C	0,9
Bergafjellet S	204	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	C	14,3
Bergafjellet Ø	206	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig fukthei	B	93,7
Bjørkhaug	163	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	B	55,5
Breiviksletta, Røvær	168	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	B	231,0
Brøvaren nord, Røvær	169	Kulturmark	Kystlynghei	Rik tørrhei	B	69,2
Buavågen, Røvær	165	Fjæresone	Brakkvannssjø		B	12,3
Dubberselva	262	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	C	7,3
Dubberselva Ø	263	Ferskvann	Vannkantsamfunn	Elvesnelle-starrump	C	11,8
Eikjehammer	151	Kulturmark	Hagemark	Fattig hagemark med edellauvtrær	B	3,8
Fagerheim	260	Erstatningsbiotoper	Erstatningsbiotoper på tresatt mark		A	11,1
Førland	179	Skog	Rik edellauvskog	Lågurt-hasselkratt	C	2,9
Gardsøya	267	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	B	56,9
Gåsavatnet vest	156	Kulturmark	Store gamle trær	Ask	B	0,8
Hagland I	200	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	B	28,8
Hagland II	218	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	A	30,4
Hagland III	220	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	B	7,8
Hagland, nord for Ravnafloke	217	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig fukthei	A	1790,0
Halsane	261	Kulturmark	Kystlynghei	Rik tørrhei	B	3,3
Halsane N	271	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig fukthei	C	74,7
Halseid	213	Skog	Rik edellauvskog	Or-askesog	C	63,5
Hammaren	202	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	C	22,2
Høgahaug	257	Skog	Rik edellauvskog	Lågurt-hasselkratt	C	4,7
Kalland I	210	Skog	Rik edellauvskog	Lågurt-eikeskog	C	6,9
Kalland II	212	Kulturmark	Store gamle trær	Ask	C	0,1
Kalvetjørn, Røvær	170	Ferskvann	Vannkantsamfunn	Elvesnelle-starrump	B	14,3
Kattanakk	153	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig fukthei	B	232,3
Kvaladalsvassdraget	270	Ferskvann	Viktig bekke drag		C	9,8
Kvalbeintjørn, Røvær	166	Myr	Kystmyr	Annen kystmyr	C	3,5
Kvalen	254	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig tørrhei	B	28,8
Kvalen S	255	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	C	21,4
Kvalsvik N	256	Kulturmark	Naturbeitemark	Rik beiteeng	A	77,5
Liggvarmyr	211	Myr	Kystmyr	Annen kystmyr	A	413,6
Linvegen	208	Kulturmark	Slåttemark	Fattig slåtteeeng	C	0,5
Litle Hagland Ø	203	Kulturmark	Hagemark	Fattig hagemark med edellauvtrær	B	54,9
Loten, Røvær	172	Fjæresone	Poller		C	2,4
Løkjen	205	Ferskvann	Vannkantsamfunn	Elvesnelle-starrump	B	27,2
Løkjene N	215	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	C	0,7
Løvågen	268	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	B	2,6
Melkevikslettene	174	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	B	160,3

-Naturtypar i Rogaland 2014 -

Paddetjørn	175	Ferskvann	Vannkantsamfunn	Elvesnelle-starrsump	C	10,2
Raunefjell nord	157	Myr	Kystmyr	Annen kystmyr	B	5,6
Rossabø nord	176	Myr	Kystmyr	Annen kystmyr	C	4,0
Røyrvatnet	164	Ferskvann	Vannkantsamfunn	Takrør-sivakssump	C	21,6
Sjåvik	253	Ferskvann	Dam		A	2,9
Skeisvoll	154	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	B	11,8
Skjenarefjellet aust	155	Kulturmark	Naturbeitemark	Rik beiteeng	B	2,0
Steinsfjellet	177	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig tørrhei	A	1234,9
Stemmevik - Bogshamn	219	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig fukthei	B	309,8
Store Hagland NØ	207	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	C	3,4
Suggevågen	181	Fjæresone	Poller		C	5,6
Svehaug	201	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig tørrhei	B	187,4
Torjesneset, Røvær	167	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig fukthei	A	323,8
Tornesvatnet NV	258	Skog	Rik edellauvskog	Lågurt-hasselkratt	C	4,4
Tresberg	178	Kulturmark	Kystlynghei	Rik tørrhei	B	16,7
Tømmervågen nordaust	162	Kulturmark	Kystlynghei	Rikt fukthei	B	82,4
Tømmervågen-Torevarden	161	Kulturmark	Kystlynghei	Rikt fukthei	A	1320,3
Tømmerås S	259	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig tørrhei	C	51,1
Uradalsvatnet vest 1	158	Skog	Rik sumpskog, kildeskog og strandskog	Rik løvsumpskog	B	4,1
Uradalsvatnet vest 2	159	Myr	Kystmyr	Annen kystmyr	C	2,7
Uradalsvatnet vest 3	160	Naturlig åpen fastmark	Rik berglendt mark	Rikt berg	C	1,0
Urd, Røvær	173	Kulturmark	Kystlynghei	Fattig fukthei	A	136,9
Va, Røvær	171	Fjæresone	Brakkvannssjø		A	7,2
Vardafjellet	264	Ferskvann	Dam		B	2,5
Vikse SØ	209	kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	C	12,7
Ørpetveit	150	kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	B	46,5
Åkerøy N	266	Fjæresone	Strandeng og strandsump	Semi-naturlig strandeng	C	12,2
Åkerøy V	265	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	C	7,7
Årabrot	252	Kulturmark	Naturbeitemark	Rik beiteeng	A	286,8
Årabrot renseanlegg	250	Ferskvann	Dam		B	1,1
Årabrot renseanlegg S	251	Ferskvann	Dam		C	0,4
Årabrot renseanlegg S II	269	Skog	Gammel edellauvskog	Gammel eikeskog	C	0,7

3.2 Suldal kommune


Alle naturtypelokalitetar kartlagt i Suldal i 2014 er presentert i dette avsnittet, også dei som ligg innanfor dei seks utgreiingsområda for regnskog som var i kommunen. I kommunen blei det totalt kartlagt 21 naturtypelokalitetar, hvorav 14 var innanfor utgreiingsområde for regnskog. Tabell 3 gir ein oversikt over korleis dei ulike naturtypane fordelar seg på tal på lokalitetane. I tabell 4 er alle lokalitetane i som vart kartlagt i 2014 lista opp alfabetisk. En oversikt over alle lokalitetane i kommunen vises i kart i figur 4.

Tabell 3: Oversikt over fordelinga av dei kartlagde naturtypelokalitetane i Suldal kommune og korleis desse ordnar seg på verdi. Tabellen tar ikkje omsyn til at mange naturtypelokalitetar faktisk er kartlagt som mosaikkar av fleire prioriterte naturtypar.

Hovednaturtype	Naturtype	A	B	C	Totalt
Kulturmark	Naturbeitemark			1	1
	Hagemark		2	1	3
	Store gamle tre		2	1	3
	Haustingsskog	3	2		5
Skog	Gammel boreal lauvskog		1	1	2
	Gammel edellauvskog	1			1
	Gammel lavlandsblandingsskog		1		1
	Gammel sump- og kildeskog			1	1
	Rik edellauvskog	1	1		2
	Skogsbekkekløft		1		1
	Oseaniske berg		1		1
Totalt		5	11	5	21



Figur 3: Naturbeitemark og kystlunghei, her i mosaikk ved Årabrot, er viktige naturtypar i Haugesund kommune. Foto: Anders Thylén.



Figur 4: Oversikt over dei 21 lokalitetane som vart kartlagt av BioFokus i Suldal kommune i 2014.

Tabell 4: Alfabetisk lokalitetsliste over dei 21 lokalitetane som vart kartlagt av BioFokus i Suldal kommune i 2014.

Lokalitet	Lok.nr	Hovednaturtype	Naturtype	Utforming	Verdi	Areal (daa)
Bjerganeset	366	Kulturmark	Høstingsskog	Rik høstingsskog med styva edellauvtrær	B	68,24
Ersdalsstølen SV	323	Kulturmark	Høstingsskog	Rik høstingsskog med styva edellauvtrær	A	16,08
Ersdalsstølen V	329	Skog	Rik edellauvskog	Rasmark- og ravine-almeskog	A	51,49
Hamborgnuten NV	320	Skog	Gammel boreal lauvskog	Gammel lauvblandingsskog	B	11,17
Langvika	404	Naturlig åpen fastmark	Oseaniske berg	Rikt boreonemoralt oseanisk berg	B	17,1
Litledalen	321	Skog	Gammel lavlandsblandingsskog	Furu- lavlandsblandingsskog	B	34,3
Lovraeidet	322	Kulturmark	Høstingsskog	Rik høstingsskog med styva edellauvtrær	A	36,78
Lovrafjorden aust 1	300	Kulturmark	Høstingsskog	Rik høstingsskog med styva edellauvtrær	A	93
Skifteshaugen V I	306	Kulturmark	Store gamle trær	Eik	C	0,03
Skifteshaugen V II	307	Skog	Gammel sump- og kildeskog	Gammel oresumpskog	C	2,6
Tangen I	302	Kulturmark	Hagemark	Fattig hagemark med styvede eller stubbehøstede edellauvtrær	C	2,6
Tangen II	303	Kulturmark	Naturbeitemark	Fattig beiteeng	C	4,7
Tangen III	304	Kulturmark	Store gamle trær	Eik	B	0,06
Tangen IV	305	Kulturmark	Store gamle trær	Eik	B	0,04
Teigane V	406	Skog	Rik edellauvskog	Rasmark- og ravine-almeskog	B	95,07
Teigane Ø	405	Skog	Gammel edellauvskog	Gammel almeskog	A	66,98
Tengesdal	365	Skog	Skogsbekkekløft	Kystbekkekløft	B	122,4
Tjelmeland V	350	Skog	Gammel boreal lauvskog	Gammel løvblandingsskog	C	28,68
Ulladalen	364	Kulturmark	Hagemark	Fattig hagemark med styvede eller stubbehøstede boreale lauvtrær	B	103,4
Øvra Neset V, nedenfor vegen	301	Kulturmark	Høstingsskog	Rik høstingsskog med styva edellauvtrær	B	17
Øvra Neset V, ovenfor vegen	363	Kulturmark	Hagemark	Rik hagemark med styvede eller stubbehøstede edellauvtrær	B	18,44

3.3 Regnskog

Naturtypelokalitetar med regnskog i Suldal kommune er vist i tabeller og kart i førre kapittel. I øvrige kommunar blei det kartlagt 19 naturtypelokalitetar innanfor utgreiingsområde for regnskog. Av desse er x kartlagt som regnskog, mens øvrige er kartlagt som andra naturtypar. Tabell 5 gir ein oversikt over korleis dei ulike naturtypane fordelar seg på tal på lokalitetane. I tabell 6 er alle lokalitetane i som vart kartlagt i 2014 lista opp alfabetisk. En oversikt over alle lokalitetane vises i kart i figur 5.

Tabell 5: Oversikt over fordelinga av dei kartlagde naturtypelokalitetane i forbindelse med regnskogskartlegging (utenom Suldal) og korleis desse ordnar seg på verdi. Tabellen tar ikkje omsyn til at mange naturtypelokalitetar faktisk er kartlagt som mosaikkar av fleire prioriterte naturtypar.

Hovednaturtype	Naturtype	A	B	C	Totalt
Skog	Regnskog	3	3	2	8
	Gammel edellauvskog		1	1	2
	Gammel furuskog		1		1
	Rik edellauvskog		1	3	4
	Rik sumpskog, kildeskog og strandskog			1	1
Kulturmark	Store gamle trær	1	1		2
Erstatningsbiotoper	Erstatningsbiotoper på tresatt mark		1		1
Totalt		4	8	7	19

Tabell 6: Alfabetisk lokalitetsliste over dei 19 lokalitetane som vart kartlagt av BioFokus i forbindelse med regnskogskartlegging (utenom Suldal kommune) i 2014.

Lokalitet	Lok.nr	Kommune	Hovednaturtype	Naturtype	Utforming	Verdi	Areal (daa)
Botne NV	403	Strand	Skog	Regnskog	Fattig boreonemoral regnskog	A	17,88
Erlandsdalsvatnet S	400	112910400	Skog	Regnskog	Fattig boreonemoral regnskog	A	2,07
Fiskåsen	104	Strand	Skog	Regnskog	Rik boreonemoral regnskog	A	58,48
Fiskåsen N	358	Strand	Skog	Rik edellauvskog	Or-askeskog	C	2,42
Fiskåsen V I	360	Strand	Skog	Rik edellauvskog	Or-askeskog	C	3,46
Fiskåsen V II	359	Strand	Skog	Rik sumpskog, kildeskog og strandskog	Rik løvsumpskog	C	1,9
Hellesøy NV	352	Stavanger	Skog	Gammel edellauvskog	Gammel hasselskog	C	1,8
Hellesøy SV	354	Stavanger	Skog	Rik edellauvskog	Lågurt-eikeskog	B	9,4
Hellesøy SØ	353	Stavanger	Skog	Gammel edellauvskog	Gammel eikeskog	B	2,07
Hellesøy V	351	Stavanger	Kulturmark	Store gamle trær	Eik	B	0,187
Kalvøy	355	Stavanger	Skog	Rik edellauvskog	Lågurt-eikeskog	C	3,84
Kalvøy allé	357	Stavanger	Erstatningsbiotoper	Erstatningsbiotoper på tresatt mark	Allé	B	2,2
Kalvøy N	356	Stavanger	skog	Regnskog	Fattig boreonemoral regnskog	B	74,42

Kalvøy S	349	Stavanger	skog	Regnskog	Fattig boreonemoral regnskog	C	49,58
Knuten	361	Strand	skog	Regnskog	Fattig boreonemoral regnskog	B	165,75
Langåsen	328	Strand	Kulturmark	Store gamle trær	Eik	A	0,4
Lomarfjellet SØ	402	Strand	Skog	Regnskog	Fattig boreonemoral regnskog	C	4,37
Lyngstøl	362	Hjelmeland	Skog	Gammel furuskog	Gammel kystfuruskog	B	1261
Nedrafjellet N	401	Strand	Skog	Regnskog	Fattig boreonemoral regnskog	B	33,51

Nedenfor blir alla utgreiingsområda for regnskog som er kartlagt i prosjektt kort presentert:

Hellesøy, Stavanger kommune

Middelaldrende og hovudsakeleg einsjilta blåbær-furuskog dominerar, med nokre gjengroende kulturmarker innimellom. Ein del oseaniske kryptogamer, men ingen gode regnskogsindikatorer, blei funne, men kan vera noko potensial for fleire råmekrevjande artar. Einskilte elementar av bergveggar, og eldre furu/bjørk finst. Ein del innslag av lauv, mest bjørk, men og hassel, eik, kristtorn og Sorbus-artar. Ein del rikare parti med hassel/eike-lavurtskog finst og. Heile utgreiingsområdet er tidlegare kartlagt som ein naturtypelokalitet med kystfuruskog, men furuskogen vurderast ikkje å ha naturtypekvalitet etter dagens krav. Eit par lokalitetar med rik og/eller gamal edellauvskog blei kartlagt.

Kalvøy, Stavanger kommune

Mest fattig oseanisk furuskog med dominans av blåbær vekslende med fuktigare parti dominert av røsslyng-blokkebærskog med klokkelving og blåtopp. Ein del parti med eldre storvekst skog, og i nord eldre vindpinte og krokete tre. Einskilte raudlista regnskogsartar og noko potensial for fleire finst. To naturtypelokalitetar med regnskog/gamal furuskog blei registrert.

Vest for Lauvåasvåg, Sandnes kommune

Hovudsakeleg ung skog, til dels mykje beitepåverka. Furuskog og noko meir lauv i parti, til dels skrint med svært sparsom tretetthet. Ingen regnskogskvalitetar blei registrert. Dei mest potente arealane for regnskog blei saumfart, mens øvrig areal blei avstandsvurdert i felt og på ortofoto.

Skifteåsen, Forsand og Strand kommunar

Stort skogområde som dominerast av furuskog med ein del lauvskog i lisider. Skrinne koller og forsenkingar med myr finst og. Ein del parti med regnskogspreg. Saumfaringa i 2014 blei konsentrert om nordre del, da søndre vurderast til å vera godt kartlagt frå før (Gaarder 2010). To nye regnskogslokalitetar blei kartlagt.

Gryteknuten-Botnevatnet, Strand kommune

Området blei ikkje prioritert saumfart i 2014. Det er tidlegare kartlagt i fleire runder, sist av BioFokus i 2013 (Høitomt og Hofton 2014), men det er truleg fortsatt noko behov for kvalitetssikring av deler av storlokaliteten Ulvaskog.



Figur 5: Oversikt over dei 19 lokalitetane i utgreiingsområde for regnskog (utenom Suldal kommune) som vart kartlagt av BioFokus i 2014

Fiskåsen, Strand kommune

Åsparti med mellomliggende dalsøkk. Relativt ung og fattig lauvskog på åsene. Rikere edellauvskog i lisider og fattig-rikare sumpskog i dalsøkk. Dalføre til dels sterkt beitepåverka fra tidlegare. En del planta granskog. Store naturverdiar knytta til både sumpskog, edellauvskog og til dels regnskog. Store delar av området er godt kartlagt frå før, men einskilde nye lokalitetar blei registrert i 2014.

Døvigåna, Strand kommune

Saumfart i 2014, og tidlegare kartlagt av Rådgivende Biologer i samband med kraftverk (Hellen et al 2013). Nordvendt li langs bekk, med nokså ung bjørkedominert skog med ein del furu. Tykke humuslag og einskilde oseaniske moser, men skogen er for ung til å vurderast å ha naturtypekvalitet.

Paddevassåna, Strand kommune

Nordvendt liseide, til dels under bergvegg, og ein stor å i vestenden. Eldre furuskog i vest, og meir bjørkedominert skog austover. Einskilde raudlista regnskogslav og potensial for fleire oseaniske moser og lav. Ein lokalitet med regnskog/gammel furuskog blei kartlagt. Øvre (sørlige) del av området er ikkje undersøkt.

Øvre Tysdalsvatnet, sør- og nordside, Hjelmeland kommune

Ikkje saumfart i 2014. Lange, bratte lisider som er svært vanskelig tilgjengelig. Kartlegging vil krevja store ressurser.

Lyngstøl, Hjelmeland og Suldal kommunar

Stort areal med mosaikk av fattige typar av eldre furuskog og myr. Tidlegare storlokalitet med kystfuruskog manglar regnskogspreg og er revidert som gamal furuskog. Området er verdifullt som eit stort samanhengande areal med eldre skog, til dels med svært gamal furu, men det er forholdsvis få elementer av grove tre og daud ved. Ein ny lokalitet med nordvendt kystberg og ein del oseaniske artar heilt i nord.

Blåmalla, Hjelmeland kommune

Ikkje saumfart i 2014. Området er tidkrevande å kartlegge og er nokså godt kartlagt frå før.

Økstravatnet, Hиграheia, Suldal kommune.

For det meste ein sjukta blåbærskog med få indikatorartar. Mange stadar middelaldrande furuskog, men også ei del bjørkeskog. Mykje knauskog med røsslyng. Enkelte stadar er det planta ein god del gran. Skogsveg opp til Økstravatnet i samband med småkraftverk, også fleire andre skogsvegar i området. En del bergveggar, bekkar og vatn. Oseanisk skog, men få funn av indikatorartar. Ingen nye naturtypelokalitetar er kartlagt. Heile området er ikkje saumfart, men det vurderast å vera lite potensial for naturtypelokalitetar og regnskogsartar.

Jupevik, Suldal

For det meste vest-til nordvestvendt område på fattig berggrunn. Mykje av området er dominert av middelaldrande furuskog, stadvis med enkelte innslag av yngre ask. I sør fanst i tillegg mykje ung bjørk, samt litt svartor og rogn i tilknytning til ein bekk. Funn av to unge barlind. Feltsjiktet er stadvis grasdekt blant anna med sølvbunke, stadvis med stor blokkstein, og på neset i nord svært glissent. Ellers er området for det meste dominert av blåbærlyng. I nord ligg ei lita bekkekløft. Her vart det registrert eit par mindre styvingstre av ask, men styvinga opphørde for lenge sidan. Ingen naturtypelokalitetar.

Hambornuten, Suldal kommune

Det blei brukt ein heil dag i felt, men området er særskild kupert og til dels vanskelig tilgjengelig, og det har ikkje vore mogleg og få oversikt over alle delar av området. Fattige vegetasjonstypar med furuskog dominerar, men stadvis og særleg i dalsida rundt den registrerte naturtypen i aust er det rikare berg og løsmasser som gjev opphav til lavurtvegetasjon. Skogen er sterkt påverka av tidlegare tidars skogbruk og utmarksbeite.

Middelaldrande skog dominerar og det er generelt lite gamle tre og død ved i landskapet. Regnskogskvaliteter med spesielt artsmangfold blei ikkje registrert. I tillegg til dei to registrerte naturtypelokalitetane ble det gjort nokre få funn av hinnebregne i dei store vestvendte berga nord i området. Aust for Hamborgnuten finst ein eldre furuskog som kan vera noko mineralrik, har innslag av død ved og noko osp. Det blei ikkje tid til å besøke dette området, men her er det eit visst potensial for å finna prioriterte naturtypar. Gamal lokalitet i nord (BN00003936) er truleg ein svært marginal edelløvskog og bør slettas frå Naturbase.

Lovraeidet NØ, Suldal kommune.

Området er for det meste bratt, og består mange stader av store steinurder, både med og utan skog. Enkelte stader er også prega av nye ras, med grovt til finkorna rasmateriale. Stadvis er dette opne glenner i landskapet, andre stader er det grodd att med gråor. Tre lokalitetar med haustingsskog er registrert innanfor området, og ein av desse fekk utvida avgrensing ved undersøkingane. Det blei i tillegg registrert et par nye lokalitetar med haustingsskog/edellauvskog. Kvalitetssikring av den gamla storlokaliteten er dermed ferdig og BN-nummeret er gitt til ein av de nye lokalitetane. Her finst fleire raudlisteartar knytt til styvingstrea. Mykje av skogen består av yngre alm og ask med spreidde innslag av eldre tre. Truleg er det ein del styvingstre i liene også utanfor lokalitetane. I andre delar av området finst middelaldrande, og for det meste einsjikta furuskog. Området er vestvendt, og det let ikkje til å ha preg av regnskog.

Tjelmeland-Tangen, Suldal kommune.

Området er dominert av eldre furuskog, men er forholdsvis einsjikta og med få naturskogselementar. Det er innslag av ein del bjørk og andre boreale lauvtrær, og i tillegg noko spreitt ung eik, og svartor i fuktige søkk. Mykje av området er å betrakte som blåbærskog. Skogen er stadvis nokså open og med innslag av einer, og bærer preg av tidlegare beite. Ned mot sjøen i de bratte partiane i aust lot det til å være større innslag av lauvskog, mest bjørk og noko osp. På vestsiden går ein bekkedal ned mot sjøen og her finst ein del hassel og einskilte eldre eik og lind. Generelt finst spreitt nokre få eldre eiketrær. Rundt hus og kulturmark ved Tangen er det nokre styvingstre samt parti med naturbeitemark. Fleire mindre naturtypelokalitetar av lokal verdi blei kartlagt, men regnskogskvaliteter med spesielt artsmangfold blei ikkje registrert.

3.4 Lokalitetar som ikkje vert vidareført

Ein del eldre lokalitetar som er saumfart i 2014 er blitt vurdert å ikkje ha naturtypeverdi i dag. Disse skal slettast frå Naturbase, se tabell nedenfor.

IID i Naturbase	Kommune
BN00008994	Haugesund
BN00009019	Haugesund
BN00009015	Haugesund
BN00009013	Haugesund
BN00082294	Haugesund
BN00009024	Haugesund
BN00009003	Haugesund
BN00009004	Haugesund
BN00003904	Suldal
BN00003936	Suldal
BN00061778	Stavanger

4 Artsmangfald

Det er registrert raudlisteartar i ei rekkje av dei kartlagde naturtypeavgrensingane. Dei fleste raudlistefunna er enten råmekrevjande kryptogamar som vart funne i fuktige skogar eller sopp og karplanter knytta til kulturlandskapet. Totalt er det registrert 40 raudlisteartar innanfor naturtypene i de ulike kommunane (sjå **tabell 7**). Fugl og andra viltartar (utover amfibier) er ikkje tekne med, sjølv om ein del av områda òg vil ha betydning for slike artar. Sjå elles Artskart og dei einskjelde områdeskildringane for meir detaljert informasjon om artar funne i samband med kartlegginga.

Tabell 7: Raudlisteartar som er funne innafor ein eller fleire av de 115 lokalitetane som vart kartlagt i Rogaland i 2014. Viltartar utover amfibier er ikkje tekne med i lista. SiS=Siste Sjanse. MFU=Miljøfaglig Utredning.

Artsgruppe	Vitenskapleg navn	Norsk navn	RL	Kommune	Kjelde
Amfibier	Triturus cristatus	Storsalamander	VU	Haugesund	Haugesund kommune/2014
Karplanter	Anagallis minima	Pusleblom	EN	Haugesund	BioFokus/2014
Karplanter	Arnica montana	Solblom	VU	Haugesund	BioFokus/2014
Karplanter	Erica cinerea	Purpurlyng	NT	Haugesund	BioFokus/2014
Karplanter	Fraxinus excelsior	Ask	NT	Stavanger, Haugesund, Suldal	BioFokus/2014
Karplanter	Hydrocotyle vulgaris	Skjoldblad	NT	Haugesund	BioFokus/2014
Karplanter	Sorbus meinichii	Fagerrogn	NT	Haugesund	BioFokus/2014
Karplanter	Sorbus subarranensis	Småasal	NT	Haugesund	BioFokus/2014
Karplanter	Taxus baccata	Barlind	VU	Suldal	BioFokus/2014
Karplanter	Ulmus glabra	Alm	NT	Stavanger, Haugesund, Suldal	BioFokus/2014
Karplanter	Vicia orobus	Vestlandsvikke	NT	Haugesund	BioFokus/2014
Karplanter	Zannichellia palustris	Vasskrans	EN	Haugesund	Lundberg/2010
Lav	Bunodophoron melanocarpum	Kystkorallav	NT	Strand	BioFokus/2014
Lav	Fuscopannaria ignobilis	Skorpefiltlav	NT	Suldal	SiS/1997
Lav	Fuscopannaria sampaiana	Kastanjelav	VU	Suldal	BioFokus/2014
Lav	Gyalecta flotozii	Bleik kraterlav	VU	Suldal	MFU/2011
Lav	Gyalecta ulmi	Almelav	NT	Suldal	SiS/1997
Lav	Hypotrachyna laevigata	Grå buktrinslav	EN	Strand	SiS/1997
Lav	Menegazzia subsimilis	Kystskoddelav	EN	Strand	BioFokus/2014
Lav	Menegazzia terebrata	Hodeskoddelav	VU	Strand	BioFokus/2014
Lav	Opegrapha ochrocheila		VU	Strand	BioFokus/2014
Lav	Pachyphiale carneola		VU	Strand	BioFokus/2014
Lav	Parmotrema chinense	Liten praktkrinslav	VU	Haugesund	BioFokus/2014
Lav	Pertusaria multipuncta	Kystvortelav	VU	Forsand	BioFokus/2014
Lav	Punctelia subrudecta	Grå punktjav	EN	Haugesund	BioFokus/2014
Lav	Pyrenula occidentalis	Gul pærelav	NT	Strand	BioFokus/2014
Lav	Sclerophora pallida	Bleikdoggnål	NT	Suldal	SiS/1997
Lav	Thelotrema macrosporum		EN	Forsand, Strand	BioFokus/2014
Lav	Usnea cornuta	Hornstry	NT	Stavanger	BioFokus/2014
Lav	Usnea flammea	Ringstry	NT	Stavanger,	BioFokus/2014

				Suldal	
Moser	Bryum riparium	Kantknollvrangmose	VU	Suldal	BioFokus/2014
Moser	Harpalejeunea ovata	Klovemose	DD	Suldal	BioFokus/2014
Moser	Plagiochila exigua	Kløfthinnemose	NT	Strand	BioFokus/2014
Moser	Plagiochila spinulosa	Pigghinnemose	VU	Strand	BioFokus/2014
Sopp	Entoloma corvinum	Ramneraudspore	NT	Haugesund	BioFokus/2014
Sopp	Entoloma mougeotii	Fiolett raudspore	NT	Haugesund	BioFokus/2014
Sopp	Entoloma prunuloides	Mjølrudspore	VU	Haugesund	BioFokus/2014
Sopp	Hygrocybe flavipes	Gulfotvokssopp	NT	Haugesund	Artskart/2006
Sopp	Hygrocybe turunda	Mørkskjelet vokssopp	VU	Haugesund	BioFokus/2014
Sopp	Hypoxylon vogesiacum	Almekullsopp	VU	Suldal	BioFokus/2014



Figur 6: Venstre: Purpurling (NT) er ein karakterart for kystlyngheiane i Haugesund. Høyre: Hinnebregne er ein typisk art for nordvendte berg i regnskog, her fra lokalitet 404 ved Langvika i Suldal. Foto Anders Thylén.

5 Kartleggingsstatus

5.1 Status 2015

I følge naturtypehåndboka (Direktoratet for Naturforvaltning 2007) kap. 7.7 er det ein målsetting at kommunen skal ha en oversikt over hvilke arealer som er godt kartlagt og hvilke som ikkje er godt kartlagt. Kriterier for dette er vidare utdypet i notat frå DN (DN 2010) med ein inndeling på tilstrekkelig, ufullstendig, lite og ikkje kartlagt. Tilstrekkelig innebærer at det er godt nok for en konsekvensutredning, hvilket er et nivå som sjelden oppnås i vanleg naturtypekartlegging. Med ufullstendig menes at det er godt kartlagt (de fleste A- og B-biotoper er fanget opp), men at det kan være noko behov for komplettering. I kartet med kartleggingsstatus for Haugesund nedanfor har vi brukt to kategoriar: Godt (tilsvarer ufullstendig i Mdirs mal) respektive lite kartlagt (spredte registreringer, men større udekte areal).



Figur 7: Dekningskart for naturtypekartlegging i Haugesund kommune.

Haugesund kommune kan nå sies å vera relativt godt kartlagt. Av eldre naturtypelokalitetar, i stor grad med manglande skildring, er 33 oppsøkt og kvalitetssikra i 2014. Av dei som ikkje er besøkt ligg fleira på dei mindre øyane på Røvær og nokre innafor verneområdet ved Tornesvatnet. Nokre av lokalitetane kartlagt av Lundberg i 2007-2010 er saumfart påny, men langt frå alle. Disse har i stor grad fyldige skildringar frå før. Eit par eldre lokalitetar ble nedprioritert grunnet vanskelig tilgjengelighet og tidsmangel. Alle de tettstedsnære områda i vest er godt kartlagt Videre mot nord er heile den vestlige delen av kommunen (nordvest for fylkesvei 47) grundig kartlagt. På austsiden er områda heilt i sør grundig kartlagt opp til og med Steinsfjellet og Eivindsvatnet.

I Suldal er dekninga for kartlegging fortsatt meir ufullstendig. De fjordnære arealane ved Sand (austsida av Sandsfjorden og vestre del av sørsida av Hylsfjorden er nå stort sett godt dekt. Det same gjeld nok og for Ropeidlandet og halvøya vest for Løvraeidet. Det er nå færre lokalitetar utan skildring, men fortsatt store areal med mangelfull kartlegging i kommunen. Det er valgt ikkje å lage kart for dekningsgrad for Suldal.

For Rogaland er det nå generelt fleire skogområder som er saumfart i fleire runder frå 1997 fram til i dag i samband med ulike kartleggingar. Det bør oppklaras kva som er godt nok kartlagt før ein bruker større ressurser på meir kartlegging av skog.

5.2 Anbefalingar for framtidig kartlegging

Som nevnt i forrige kapittel bør det tas en gjennomgang på hvilke skogområder som er godt nok kartlagt, og hvor det gjenstår behov for vidare kartlegging. Det kunne til dømes gjøres i et møte med sentrale kartleggarar tilstede. I Suldal er truleg mange av dei viktigste områda dekt, men det kan fortsatt være potensial langs nordsiden av Hylsfjorden og i nokon grad også indre deler på sørsiden av fjorden. I Haugesund er truleg dei viktigste delane godt nok kartlagt, men det kan gjerne kompletteres med grundigare kartleggingar i nordaustre del av kommunen.

6 Diskusjon

Kapittelet er ment å fokusere på heilt særeigne naturkvalitetar som dei ulike kommunene har eit særskild ansvar for i eit regionalt til nasjonalt perspektiv.

Haugesund ligg i den yttersta kystsonen på Sørvestlandet, i sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t) (Moen 1998). Arealane er sterkt kulturpåverka og med lite opprinnelig eller gamal skog. Høy andel historisk eller pågåande beitebruk i landskapet og sterkt oseanisk klima gjev godt grunnlag for kystlyngheiar. Delar av kommunen har i tillegg rike bergartar (m.a. fyllitt) hvilket gir grunnlag for rike kystlyngheiar. Lyngheiane har ofte overganger mot rike strandberg og naturbeitemark. Av artar kan nevnes purpurlyng samt generelt beitemarkssopp som har gode forekomstar i kommunen. Øygruppa Røvær samt kystsonen nord for Haugesund sentrum og opp mot kommune- og fylkesgrensa i nord er de viktigste områda. Storsalamder er også ein ansvarsart for kommunen.

Suldal ligg i kjerneregionen for ei lang rekkje sjeldsynte og truga kryptogamar med sørvestleg utbreiing i Noreg. Desse artane er knytt til fleire ulike naturtypar, men gammal lauvskog, rik edellauvskog og haustingsskog er truleg dei viktigaste. Dei fleste av arealane med gamal haustingsskog er i dag i overgang mot edellauvskog, og mange er nok mest relevante å forvalte som edellauvskog. Særs viktige område er de fjordnære lisidene langs Hylsfjorden og Sandsfjorden. Det er funne ei lang rekkje raudlista artar i kommunen, men det er særleg gruppene av lav og mosar som peiker seg ut med særs mange sjeldsynte artar.

De sterkt oseaniske delane av Rogaland frå Sandnes i sør til Vindafjord i nord har større eller mindre førekomster av boreonemoral regnskog og tilhørande råmekrevjande og til dels internasjonalt sjeldne kryptogamar. Det er særlig Ryfylke som har konsentrasjoner av denne naturtypen. Det er ikkje funne så mange nye lokalitetar med regnskog i dette prosjektet (derimot fleira i det parallele kystfuruskogsprosjektet). Saman med tidlegare kartleggingar peker seg kommunane Strand, Forsand og Hjelmeland ut som særlig viktige for regnskog. Naturtypen er ein ansvarsnaturtype for disse delane av Rogaland.



Figur 8: Edellauvskogsli med gamla styvingstre ved Bjerganeset (lok.366) i Suldal.

7 Litteratur

- Gaarder, G., Jordal, J. B., Fjeldstad, H. og Johnsen, J. I. 2010. Supplerande kartlegging av naturtyper i Rogaland i 2009. Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga. Miljørapport 3-2010.
- Gaarder, G. og Haugan, R. 1998. Nøkkelbiotoper i Suldal kommune. NOA-rapport 1998-1.
- Gaarder, G. m.fl. 2013. Supplerande kartlegging av skog i Rogaland 2011. Upubl.?
- Hellen, B. A., Ihlen, P. G. og Johnsen, G. H. 2013. Lauvåsåna kraftverk, Strand kommune, SF. Konsekvensvurdering for biologisk mangfold. Rådgivende Biologer rapport 1765.
- Kålås, J. A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Trondheim.
- Lindegard, A. og Henriksen, S. (red.). 2011. Norsk raudliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.
- Lundberg, A. 2010. Kulturlandskap og biologisk mangfold på Haugalandet. Fylkesmannen i Rogaland, Miljørapport 5, 2010
- Naturbase 2015. Direktoratet for Naturforvaltning.
http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/NB3_viewer.asp
- Vannregion Rogaland. Tiltaksanalyse for Haugalandet vannområde. Versjon 2: 10. mars 2014.

Vedlegg: Lokalitetsskildringar for naturtyper

349 Kalvøy S

Regnskog – Fattig boreonemoral regnskog Verdi: C Areal : 49,58 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 6.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør på Kalvøy i Stavanger kommune. Berggrunnen består iht berggrunnskart av fyllitt. Hovuddelen ligg på eit høydeparti, men det er og ein del skrenter, spesielt ned mot sjøen mot sør.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen regnskog med delnaturtype fattig boreonemoral regnskog. Høg råme i lufta og enskilte artsfunn motiverer avgrensing som regnskog. Furu dominerar, men her finst i tillegg noko bjørk, osp og gran. Einer er vanlegast i busksjiktet, men her finst og enskilde rognasal. Feltsjiktet dominerast av blåbær, med mellom anna klokkeling i fuktparti. Vanlege moseartar er kystjamnemoser og kystkransmoser. Det er relativt grov furuskog med furuer på 50 cm i diameter, men lite daud ved.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper:

Artsmangfold:

Bruk tilstand og påvirkning:

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Det er ytterlegare ein furuskogslokalitet med regnskogskvalitetar på Kalvøy.

Verdivurdering: Eldre oseanisk furuskog med noko regnskogskvalitetar. Iht. faktaark for regnskog får lokaliteten høg vekt for storleik, og lav vekt for arts mangfald og skogtilstand. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane tas best vare på ved fri utvikling.

.....

351 Hellesøy V

Store gamle trær – Eik Verdi: B Areal : 0,187 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 6.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest på Hellesøy i Stavanger kommune, i et lite skogholt rett nord for brygga og kulturmarka.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen store gamle tre av deknaturtype eik. Treet har ein stammediameter på omlag 90 cm. Det er mykje mose på treet, som har noko grov sprekkemark. Treet er ikkje hult, men det har nokre daude greiner.

Artsmangfold: På treet veks kystvrenge og ubestemt Arthonia. Potensial for artar knytta til gamal og hul eik. Kristtorn veks inntil treet.

Bruk tilstand og påvirkning: Treet står nært kant mellom eit skogholt og open kulturmark. Det er omkransa av hassel og ung ask.

Fremmede arter: Raudhyll og stikkelsbær veks inntil.

Del av helhetlig landskap: Del av lauvtre miljø i overgang mellom kulturmark og skog på vestre del av Hellesøy.

Verdivurdering: Relativt stor og grov eik, uten hull men med enskilde daude greiner. Vurderast som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Kan ev. opne opp noko rundt treet, ved å rydde ung ask og noko hassel.

.....

352 Hellesøy NV

Gammel edellauvskog – Gammel hasselskog Verdi: C Areal : 1,8 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 6.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord på Hellesøy i Stavanger kommune, i ein vestvendt skrent mellom eldre kulturmark og eit høydeparti med skog. Berggrunnen består iht berggrunnskart av fyllitt.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gamal edellauvskog med delnaturtype gamal hasselskog. Skogen dominerast av hassel, men her veks og noko eik, ask og osp. Av buskar finst kristtorn, vivendel, bjørnebær og krossved. Feltsjiktet dominerast av småbregne - svak lavurtvegetasjon, med artar som hengeving og gauksyre. Hasselkjerra er krafte med grove stammar og ein del daud ved. Det er og eit par grove eiketre. Det er noko innslag av fuktige bergveggar.

Artsmangfold: På bergveggar og lauvtre veks svake signalartar som kystvrenge, skjellgyle, kattefotslav, svartburkne og kattefotslav samt enskilde moser som kystlommemoser og bekkegråmose.

Bruk tilstand og påvirkning: Selve lokaliteten har nok vore dekket av skog over lang tid, mens kulturmarka mot vest tidlegare var vesentlig meir open.

Fremmede arter: Nokre unge skudd av platanlønn finst her.

Del av helhetlig landskap: Del av lauvtre miljø i overgang mellom kulturmark og skog på vestre del av Hellesøy.

Verdivurdering: Liten edellauvskogslokalitet, men med gode naturskogselement. Storleiken er så vidt under inngangsverdien iht. utkast til faktaark for gamal edellauvskog. Det er likevel valt å avgrensa lokaliteten. Lokaliteten får lav vekt for storleik og arts mangfald, og lav til middels for tilstand. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane er knytta til gamle tre, daud ved og bergveggar. Fri utvikling vil ta vare på desse verdiane på best måte. Platanlønn bør fjernast.

.....

353 Hellesøy SØ

Gammel edellauvskog – Gammel eikeskog Verdi: B Areal : 2,07 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 6.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg søraust på Hellesøy i Stavanger kommune, i ein austvendt skrent omkransa av ung furuskog. Berggrunnen består iht berggrunnskart av fyllitt. Bakken er grunnlendt og med store steinblokkar.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gamal edellauvskog med delnaturtype gamal eikeskog. Skogholt med ca 20 store eik. Her står og noko bjørk og furu, samt i nordenden enskilde rognasal og bergasal. Feltsiktet dominerast av blåbær-småbregneartar, som blåbær, sisselrot, gauksyre og vivendel. Det er mykje mose på bakken. Eiketrea er i storleiken 50-70 cm i diameter. Fleire av trea er hule, og det er stort innslag av daud ved på greiner og stammeparti. I tillegg er det nokre grove furu og bjørk, og daud ved av bjørk.

Artsmangfold: Det er ikkje registrert spesielle artar, men det er god potensial for artar knytta til hul eik og gamle tre, spesielt av insekt og sopp.

Bruk tilstand og påvirkning: Nokre av eikene kan ha vore lauva langt tilbake i tid. Eiketrea stod tidlegare i eit opent beitelandskap.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Det finst fleire små parti med eldre lauvtremiljø på Hellesøy.

Verdivurdering: Lite holt med relativt mange gamle og grove eiketre. Iht. faktaark for gamal edellauvskog får lokaliteten får lav vekt for storleik og middels for artsmangfald og tilstand. Samla vurderast lokaliteten som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane er knytta til gamle tre og daud ved. Trea har tidlegare stått meir opent, men det er lang tid tilbake. Fri utvikling vil ta vare på verdiane på best måte.

.....

354 Hellesøy SV

Rik edellauvskog – Lågurt-eikeskog Verdi: B Areal : 9,40 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 6.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Den er fyrst kartlagt av Imsland i 2002, men både avgrensning og beskriving er endra. Norddelen av avgrensninga er kun sett på hold.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest på Hellesøy i Stavanger kommune, i ein vestvendt skrent på austsida av kulturmarka. Berggrunnen består iht berggrunnskart av fyllitt.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik edellauvskog med delnaturtype lavurt-eikeskog i mosaikk med gamal eikeskog. Eik og hassel er dominerande treslag. Mellom anna krossved og kristtorn fins spreitt av buskar. Skogen er til dels tett, og i slike parti er feltsjiktet dårlig utvikla. Feltsjiktet varierar frå fattig til rikare, og er i parti ptrega av lågurtvegetasjon. Her finst grove eiker på 60-70 cm diameter og grove hasselkratt.

Artsmangfold: Svarteteknapp er tidlegare redistrert. Det er god potensial for artar frå fleire organismegrupper knytta til rike og gamle edellauvskogsmiljø.

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten ligg i kant av kulturmark og busetnader, til dels på private tomtar som einskilde stader er noko opparbeidd. Det går sti/turvei gjennom området.

Fremmede arter: Ingen registrert, men her finst truleg nokre hagebusker i kantane.

Del av helhetlig landskap: Del av lauvtremiljø i overgang mellom kulturmark og skog på vestre del av Hellesøy.

Verdivurdering: Skogholt med til dels rik bakkevegetasjon og godt utvikla eik/hasselmiljø. Noko påverknad frå menneskelig aktivitet. Iht. faktaark for rik edellauvskog får lokaliteten får middels vekt for storleik, artsmangfald, påverknad og habitat-kvalitet. Samla vurderast lokaliteten som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Unngå inngrep og hogst av tre i størst mulig grad.

.....

355 Kalvøy

Rik edellauvskog – Lågurt-eikeskog Verdi: C Areal : 3,84 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 6.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Kalvøy i Stavanger kommune, i ein sørvendt kant mot kulturmark sentralt på øya. Berggrunnen består iht berggrunnskart av fyllitt.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik edellauvskog med delnaturtype lavurt-eikeskog. Eik og hassel er dominerande treslag, men her veks og osp, selje, furu, morell og einskilde platanlønn. Av småbusker finst kossved, kristtorn, vivendel, bringebær, bergflette og stikkelsbær. Skogen er tett, og feltsjiktet til dels dårlig utvikla, men stadvis med lågurtvegetasjon. Her veks grov hassel, og einskilde grove osp og eik. Den største eika har stammediameter på omlag 1 meter. Det er ein del daud ved av hassel, osp og selje.

Artsmangfold: Her veks lavurtartar som skogfiol og vendelrot. Tå trestammer er det funne vanleg rurlav, kattedotlav og orekjuke. Det er noko potensial for artar frå fleire organismegrupper knytta til rike og gamle edellauvskogsmiljø.

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten ligg i kant av kulturlandskap. Her er i gamle tider truleg lagt opp ein del stein frå rydding av åkre. Det var òg truleg beite og meir preg av hagemark her.

Fremmede arter: Platanlønn og stikkelsbær.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Lite edellauvskogsholt med ein del naturskogselementer. Iht. faktaark for rik edellauvskog får lokaliteten middels vekt for storleik og habitat-kvalitet, og lav vekt for artsmangfald og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane er knytta til gamle tre og daud ved. Fri utvikling vil ta vare på desse verdiane på best måte. Platanlønn bør fjernast.

.....

356 Kalvøy N

Regnskog – Fattig boreonemoral regnskog Verdi: B Areal : 74,42 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 6.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Nordvestre del er ikkje undersøkt, og avgrensinga her er ikkje skarp.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordenden Kalvøy i Stavanger kommune. Berggrunnen består iht berggrunnskart av fyllitt. Hovuddelen ligg på eit hydeparti, men det er og ein del skrenter, spesielt ned mot sjøen mot søraust.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen regnskog med delnaturtype fattig boreonemoral regnskog. Lokaliteten kunne og vore kartlagt som gamal furuskog, men høg råme i lufta og einskilde artsfunn motiverer avgrensing som regnskog. Furu dominerar, men her finst og noko bjørk, osp og eik. Einer er vanligst i busksjiktet, men her finst og einskilde rognasal, bergasal og kristtorn. Feltsjiktet dominerast av blåbær, med mellom anna klokkeling i fuktparti. Vanlege moseartar er kystjåmnemose, kystkransmose og storkransmose. Det er relativt grov furuskog med furuer på 50-60 cm i diameter, samt noko grov bjørk. I nord er furutrea krokete og vridne. Det er nokre gadd og daude greiner.

Artsmangfold: Den oseaniske lavarten hornstry (NT-2010) blei funne på eit par tre.

Bruk tilstand og påvirkning: Hovudparten av området har vore skogkledd over lang tid, men skogen var truleg enda meir open tidlegare. Store delar av lokaliteten blir i dag beita av storfe.

Fremmede arter: Einskilde sprikjemispel veks i området.

Del av helhetlig landskap: Det er ytterlegare ein furuskogslokalitet med regnskogslokalitetar på Kalvøy.

Verdivurdering: Oseanisk furuskog med både gammelskog- og regnskogslokalitetar. Iht. faktaark for regnskog får lokaliteten høg vekt for storleik, middels vekt for skogtilstand og lav vekt for artsmangfald. Samla vurderast lokaliteten som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Beite kan halda fram som i dag. Elles tas naturverdiane best vare på ved fri utvikling.

.....

357 Kalvøy allé

Erstatningsbiotoper på tresatt mark – Allé Verdi: B Areal : 2,2 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 6.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er avgrensa "i farta" og er ikkje godt undersøkt.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Kalvøy i Stavanger kommune, i kulturlandskapet sentralt på øya. Den ligg langs en gruset veg mellom busetnaden. Helt i vest er eit parti av alléen med platanlønn ikkje tatt med i avgrensinga.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen erstatningsbiotop på tresatt mark. Lokaliteten består av ein allé av relativt grove tre av ask og alm samt einskilde frittstående tre. Mange av trea har ein stammediameter på 70-75 cm.

Artsmangfold: Ikkje undersøkt for artar. Potensial for lav, sopp, mosar og insekt knytta til gamle og hule tre.

Bruk tilstand og påvirkning: Trea ser ut til å bli lauve av og til, senest for omlag fem år siden.

Fremmede arter: Platanlønn.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Allé med stort antall relativt grove edellauvre. Verdien settes førebels til viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane tas best vare på ved å la de gamle trea stå, samt å lauve de regelmessig.

.....

150 Ørpetveit

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: B Areal : 46,45 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 1.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten, men ein gammal og no forkasta kystlyngheilokalitet ligg heilt inntil lokaliteten i nord (Toskatjødn-Kyrkjeleitet BN00082294).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Fedjedalen og Raglamyr i Haugesund kommune og består av eit større beiteområde ved garden Ørpetveit. Den er avgrensa av gjødsla beitemark i nord og søraust, attgroande lynghei i vest og sørvest og naturbeitemark med svakare hevd i aust. Berggrunnen består av migmatitt med basisk paleosom. Topografien vekslar frå flate parti til relativt bratte, sørvende beitebakkar.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Naturbeitemark med delnaturtypen fattig beiteeng. Frisk-fuktig fattigeng av gulaks-type (G4a hos Fremstad) dominerer, men det er innslag av tørrare eng på knausar og i dei bratte sørvende bakkane. I skårar er det nokre stader fuksig med dominans av kornstarr. Beitemarka er open med berre einskilde yngre bartre.

Artsmangfold: Middels artsrike naturenger med artar som tepperot, finnskjegg, smalkjempe, kjertelaugnetrøst, kystgriseøyre, heiblåfjør, slirestarr, geitsvingel, blåknapp, kystmaure og engfrytle. I dei fuktigaste partia kjem også slåttstarr, stjernestarr, duskull, tettegras og særbustarr inn. Det var sparsamt med beitemarksopp ved synfaringa, og berre dei vanlege artane tjøreraudspore og silkeraudspore vart påvist.

Bruk tilstand og påvirkning: Området beitast med ungdyr og utgangarsau, og beitepresset er godt med jamn avbeiting. Delar av lokaliteten er noko prega av (tidlegare) gjødsling, særleg de flatare partia i vest. Lokaliteten er delvis rydda for einer nyleg.

Fremmede arter: Einskilde tre av edelgran står i den vestre delen av lokaliteten, samt noko vanleg norsk gran.

Del av helhetlig landskap: Del av eit meir eller mindre samanhengande kulturlandskap omkring Ørpetveit og sørover inn i Karmøy kommune.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert april 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse (46 daa), middels vekt på tilstand/hevd (i god hevd, men med spor av gjødsling) og raudlisteartar (ut frå potensial), og lav vekt for kjenneteiknande artar. Samla gjer dette grunnlag for å setje verdien viktig (B) på lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Hevd ved beite bør helde fram som i dag. Marka må ikkje bli gjødsla.

.....

151 Eikjehammer

Hagemark – Fattig hagemark med edellauvtrær Verdi: B Areal : 3,77 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 1.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidlegare kartlagt ein beiteskog av lokal verdi her (BN00008993, utan namn). Denne erstattas av lokaliteten som vert beskrive her (BN-nummer beholdas).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Fedjedalen i Haugesund kommune og omfattar ein mindre del av eit gammalt beiteområde på kollen Eikjehammar mellom Løkatvatnet og Gåsavatnet. Den er avgrensa av gjødsla og gjengroande beitemark i aust og sør, medan det mot vest og nord går over i gjengroande beiteskog – for det meste utan beiteplanter og spesielle naturverdiar. Berggrunnen består av fin- og middelskornet granitt, stadvis forgreina. Lokaliteten ligg i ein sørvend skråning.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Den avgrensa lokaliteten er ei hagemark med hasselkratt og spreidde eikar. Fleire eikar med ca. 2,5 m i omkrins i brysthøgde vert funne, og fleire av desse hadde noko sprekkebark (ingen hole tre registrert). I feltsjiktet er det fattig og frisk-fuktig eng i tidleg gjengroingsfase. Mot vest og nordvest går det over i eikedominert fattig edellauvskog (blåbærskog), dels også fattig lyngfuruskog i nordvest.

Artsmangfold: Ingen spesielle artar vert notert, og det var heller ikkje mange engartar representert. Naturverdiane er i første rekke knytt til dei gamle eikene som står i sørvestre del av lokaliteten.

Bruk tilstand og påvirkning: Området beites ikkje lenger, men denne delen av kollen har fortsatt tydeleg preg av tidlegare beiting, samstundes som det står fleire eldre eiketre her. Vidare mot vest/nordvest vert beitepåverknaden gradvis vanskelegare å registrere.

Fremmede arter: Ei edelgran står i kanten av lokaliteten mot nord.

Del av helhetlig landskap: Det meste av kulturmarkslokalitetane omkring Eikjehammar og Løkatvatnet er i gjengroing, og lokaliteten kan ikkje seiast å være ein del av eit heilskapleg kulturlandskap.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten middels vekt på størrelse (4 daa), tilstand (noko gjengroing), påverknad (opphør av tradisjonell bruk for 10-30 år sidan, godt restaureringspotensial) og landskapsøkologi (mindre enn 1 km frå nærmaste verdifulle kulturmark og mogelegheiter for spreing av artar mellom område) og låg vekt på typevariasjon og artsrikdom. Dette gjer samle sett grunnlag for å gje lokaliteten verdien viktig – B (middels vekt oppnådd på tilstand eller påverknad og minst 2 andre parameterar).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er om beiting takast opp att så snart som råd. Marka bør ikkje gjødsles.

.....

152 Arkavatnet søraust

Kystmyr – Annen kystmyr Verdi: C Areal : 3,74 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Den grensar til ein lokalitet med viktig bekke drag som mellom anna inkluderer utløpsbekken fra Arkavatnet.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langs austsida av Arkavatnet i Haugesund by og omfattar eit lite myr- og sumpområde ved utosen av vatnet. Den er avgrensa av vatnet mot vest, sumpskog langs bekken ut frå vatnet i vest og gjengroande fuktenger mot aust og nord. Berggrunnen består av gabbro.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Ein mosaikkprega lokalitet med flommyr ut mot Arkavatnet og våteng/sump med spreidde pile- og svartortre lenger inn mot fastmarka. Langs utløpsbekken er det ei lita svartorsump som er tatt med i

lokaliteten. Flommyra har høgstarrmyr (L4a etter Fremstad) med dominans av trådstarr, medan våtenga har parti med elvesnellesump (O3a) og flaskestarrsump (O3b).

Artsmangfold: I dei opne flommyrpartia inngår artar som elvesnelle, blåtopp, ryllsiv, myrhatt, flaskestarr og mjølkerot. Mange av dei same artane går igjen i fukteng- og sumpområda, saman med sverdlilje, mjødukt, dikeminneblom og sumpmaure. Vrangblærerot (VU) er angitt frå Arkavatnet av Vardafjell vidaregåande skule (Miljølære.no), men funnet er ikkje verifisert. Arkavatnet er eit svært viktig våtmarksområde, med kvalitetar både som hekkeområde, rasteområde og overvintringsområde (Artsobservasjonar).

Bruk tilstand og påverknad: Det vert ikkje registrert nokon negativ påverknad på myra bortsett frå innslag av framande artar.

Fremmede artar: Både sumpområda og vatnet er prega av framande artar. Eit par innførte pilartar veks i strandskogen, og vasspest er vanleg i vatnet.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten kan seiest å inngi i et større heilskapleg våtmarkslandskap langs vassdraga inne i Haugesund by. Her finns restar av open myr, våtenger og sump, svartorsumpar og vegetasjonsrike vatn.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på biogeografi (boreonemoral sone), middels vekt på tilstand/hydrologi (svakt påverka, hydrologi intakt) og låg vekt på størrelse (under 5 daa). For delnaturtypen Annen kystmyr gjer dette grunnlag for å setje lokal verdi (C) på lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Framande treslag bør tas ut, og elles er det viktig at inngrep (ma. drenering) ikkje førekjem.

.....

153 Kattanakk

Kystlynghei – Fattig fukthei Verdi: B Areal : 232,25 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten, som vart besøkt på bakgrunn av tips frå administrasjonen i Haugesund kommune.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Kattanakk og Krokavatnet i austre del av Haugesund kommune og omfattar eit større lyngheiområde nordvest for Krokavatnet. Avgrensinga mot meir gjengrodd og framandartsprega lynghei er diffus rundt heile lokaliteten. Berggrunnen består av granatglimmerskifer. Eksposisjonen varierer mykje, med nordvest som dominerande fallretning på terrenget.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensa lokalitet gjeld ei stor kystlynghei i gjengroing. Det er hovudsakleg snakk om fattig fukthei, med innslag av tørrare røsslynghei på knattar og grunn fattigmyr langs Dubergselva. Lokaliteten har et opent preg, med spreidde lågvakse furutre og ein del einer. Området pregs av store opne bergflater, og samla sett vurderas arealet med bart berg å være på 20 %.

Artsmangfold: Den fattige fuktheia er dominert av klokkeling, røsslyng, blåtopp, kornstarr, småbjørneskjegg, tepperot og stjernestarr, medan dei tørre partia har mest røsslyng og mjølkebær. På dei grunne fastmattane langs Dubergselva veks mange av dei same artane som i fuktheia.

Bruk tilstand og påverknad: Området beites ikkje lenger, men det er truleg ikkje lenge sidan det gjekk sau her.

Gjengroingstendensane er tydelege, men restaureringspotensialet er godt.

Fremmede artar: I parti er det noko bergfuru og sitkagran, men innslaget av framandartar er langt større aust for vegen inn til Krokavatnet (nordvest for lokaliteten).

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg mindre enn 500 m unna den godt beita lyngheia på Steinsfjellet sør for Krokavatnet, medan det er noko lenger til andre verdifulle lyngheiar mot nord og aust.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse (232 daa) og middels vekt på tilstand (noko gjengroing, open mark med låg tresjikt-tettheit) og påverknad/bruk (moderat påverknad av framande artar), medan den ikkje oppnår terskelverdien for raudlisteartar. Samla sett gjer dette grunnlag for å setje verdien svært viktig (A) på lokaliteten (høg vekt på størrelse i kombinasjon med middels vekt på tilstand), men gjengroingssituasjonen og låg artsrikdom gjer at verdien ut frå fagleg skjønn setts ned til viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er om beiting takast opp att så snart som råd. Framande artar bør fjernes.

.....

154 Skeisvoll

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: B Areal : 11,82 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 1.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten, som vart besøkt på bakgrunn av tips frå administrasjonen i Haugesund kommune.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust for Skeisvoll og litt nord for Arkavatnet i Haugesund by og består av ei svakt hevda beitemark sør for Austrheimvegen. Den er skarpt avgrensa med gjerde mot vegen i nord og mot blandingsskog i aust og vest, medan det mot sør er noko mindre klar grense mot gjengroande beiteskog. Berggrunnen består av gabbro. Lausmassane består av eit tynt morenedekke, og området er tilnærma flatt.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Naturbeitemark med delnaturtypen fattig beiteeng. Frisk fattigeng (gulakseng; G4a hos Fremstad) er viktigaste vegetasjonstype, med innslag av fattig til intermediær fukteng med mykje knappsviv i søkk. Delar av lokaliteten har tett mosedekke. Det står einskilde tre av bjørk på beitet, samt noko einer.

Artsmangfold: I friske parti vart artar som mørkknoppurt, smalkjempe, kystmaure, kystgrisyre, geitsvingel, tepperot, finnskjegg og engfrytle funne, medan fuktenga hadde innslag av kornstarr, stjernestarr, harestarr og myrflol. Førekomsten av beitemarksopp var sparsam og berre vanlege artar som kantarellvokssopp og raudspora Entoloma exile vart påvist.

Bruk tilstand og påverknad: Lokaliteten hadde ikkje vorte beita i 2014, men det var neppe meir enn 2-3 år sidan sist det gjekk beitedyr her. Beitemønsteret kan tyde på at den tidlegare har vorte beita av geit. I søkk var påverknaden av tidlegare gjødsling tydeleg.

Fremmede artar: Buskfuru eller bergfuru stod i nordvest.

Del av helhetlig landskap: Beitemarka er relativt isolert frå andre verdifulle kulturmarkslokaliteter og kan ikkje seiest å være ein del av eit heilskapleg kulturlandskap.

Verdivurdering: Med bakgrunn i faktaark for naturtypen datert april 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse (12 daa) og middels vekt på tilstand/hevd (lite gjengrodd, berre svake spor etter gjødsling) og på raudlisteartar (potensial for 1-2 NT/DD-artar av beitemarksopp), medan den ikkje når terskelverdien for kjenneteiknande artar. Samla gjer dette grunnlag for å setje verdien viktig (B) på lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Beiting bør takast opp att med det første, og marka må ikkje gjødsles.

.....

155 Skjenarefjellet aust

Naturbeitemark – Rik beiteeng Verdi: B Areal : 1,98 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør for Fedjedalen og vest for Ørpetveit i Haugesund kommune, like inntil E134 ved innkjøringa til byen. Den omfattar ei lita beitemark som ligg inntil gjengroande lynghei sørvest for Løkavatnet. Avgrensinga mot ung blandingsskog i vest og nordvest er skarp og skilt med gjerde, medan det mot aust og sør er diffus overgang til gjødsla beite. Berggrunnen består av granittisk augnegneis, middels- til grovkorna, med auge av kalifeltspat-enkeltkrystallar. Lokaliteten ligg i ein austvendt bakke med grunn morene.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Naturbeitemark med delnaturtypen rik beiteeng. Frisk eng med dominans av lite kravfulle artar som smalkjempe, finnskjegg, kystmaure, tepperot og blåknapp, men også spreidd innslag av basekrevjande artar. I fuktig dominerer kornstarr og stjernestarr. Beitebakkane er opne med berre einskilde små bjørketre og noko einer.

Artsmangfold: Relativt artsrik eng som i tillegg til dei allereie nemnde artane hadde førekomst av grov nattfiol, engknoppurt, mørkknoppurt, blåklokke, engfrytle og geitsvingel. Det er tett mosedekke på mykje av lokaliteten, noko som er gunstig for beitemarksopp, særleg vokssoppar. Fylgjande artar vert påvist: tjøreraudspore, gul vokssopp, liten vokssopp, grå vokssopp og liten mønjevokssopp.

Bruk tilstand og påvirkning: Området beitast av storfe, og beitepresset er godt med jamn avbeiting. I nedre delar er vegetasjonen noko prega av (tidlegare) gjødsling.

Fremmede arter: Einskilde tre av edelgran står i den vestre delen av lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten er en del av eit meir eller mindre samanhengande kulturlandskap omkring Ørpetveit og sørover inn i Karmøy kommune.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert april 2014 oppnår lokaliteten middels vekt på størrelse (så vidt under 2 daa), tilstand/hevd (i god hevd, men med spor av gjødsling) og raudlisteartar (ut frå potensial for 1-2 NT/DD-artar av beitemarksopp), medan den ikkje når terskelverdien for kjenneteiknande artar. Samla gjer dette grunnlag for å setje verdien viktig (B) på lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Hevd ved beite bør halde fram som i dag. Marka må ikkje gjødslast.

.....

156 Gåsavatnet vest

Store gamle trær – Ask Verdi: B Areal : 0,81 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Storasundfjellet og søraust for Vardafjellet i Haugesund kommune. Den omfattar ei klynge med eldre lauvtrær i gjengroande beitelandskap vest for Gåsavatnet, avgrensa av kulturmark og ung lauvskog rundt det heile. Berggrunnen består av mylonittgneis. Lokaliteten ligg i ei austvendt li med grunn morene.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensa lokalitet består av 3 gamle og grove askar (NT); ei er i overkant av 2,5 m i omkrins i brysthøgde, ei er ca. 2,5 m og ei er litt under 2,5 m i omkrins. Alle tre har noko sprekkebark, og rundt dei er det gjengroande kulturmark med spreidd platanlønnar.

Artsmangfold: Det vert ikkje registrert nokon interessante artar på lokaliteten.

Bruk tilstand og påvirkning: Området har tidlegare vorte beita, men det er nå truleg mange år sidan sist det gjekk beitedyr her.

Fremmede arter: Platanlønn er vanleg rundt lokaliteten, og førekjem som små tre også innafor lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Kulturmarka som trea står på er ein restbiotop mellom bustadfelt og gjengroande lyngheier.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten middels vekt på treeigenskap – størrelse (over 2,4 m i omkrins 1,3 m over bakken) og treeigenskap – sprekkebark (tydeleg sprekkebark), medan den ikkje når terskelverdiene for dei andre parameterane. Dette gjer grunnlag for å setje verdien viktig (B) på lokaliteten (middels vekt oppnådd på størrelse og minst en annen treeigenskap).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at trea for stå i fred for alle typar inngrep, inkludert fjerning av greiner.

.....

157 Raunefjell nord

Kystmyr – Annen kystmyr Verdi: B Areal : 5,63 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Fv47 ved Torevarden nord for Haugesund by. Den omfattar ei lita myr innafor eit større beiteområde for sau. Berggrunnen består av hornblendeførande metatrandhjemitte til metakvartsdioritt. Lokaliteten ligg i eit søkk nord for Raunefjell.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensa lokalitet består av grunn og stadvis våt intermediær fastmatte- og mjukmattemyr (L2 og L3 etter Fremstad 1997), samt ein liten dam med sivaksvegetasjon. Som naturtype er valt kystmyr, men beitemyr kunne også vore aktuelt å velje.

Artsmangfold: Typiske intermediærartar som kornstarr, stjernestarr, blåknapp, tepperot, blåtopp og slåttestarr var vanlege på fastmattane, medan også bukkeblad, ryllsiv og duskull gjekk inn i dei våte partia og på mjukmatter. Ute i dammen står det ein del av den tidlegare raudlista arten buntsivaks.

Bruk tilstand og påvirkning: Myra ligg innafor eit større beiteområde som beitast av sau. Beitepåverknaden på myra var ikkje så stor at lokaliteten vart kartlagd som beitemyr (delnaturtype under slåttemyr).

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår som eit viktig element i et større lynghei- og kulturlandskap mellom Torevarden og Tømmerhammar.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på biogeografi (boreonemoral sone) og tilstand/hydrologi (intakt hydrologi) og middels vekt på størrelse (over 5 daa) og typevariasjon. For delnaturtypen Annen kystmyr gjer dette grunnlag for å setje verdien viktig (B) på lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at myra skånast for alle typar inngrep. Beite med sau er positivt og bør halde fram.

.....

158 Uradalsvatnet vest 1

Rik sumpskog, kildeskog og strandskog – Rik løvsumpskog Verdi: B Areal : 4,13 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langs bekken som går ut frå Uradalsvatnet, nordaust for Austrheim i Haugesund by. Den omfattar ein lauvdominert sumpskog inntil bekken. Lokaliteten er avgrensa av ei lita myr i sør, medan den elles grenser mot lauvskog på fastmark. Berggrunnen består av grønskifer, og lokaliteten ligg i eit markert søkk i terrenget langs bekken.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Svartorsumpskog med innslag av gråor, hegg, ask (NT) og bjørk. Vegetasjonstype er rik sumpskog (E4 etter Fremstad1997). Det er sparsamt med både liggjande og ståande død ved. Halvopne parti med fukteng/våteng fins òg.

Artsmangfold: Langs bekken var det noko tørrare enn på sidene, og her var artar som vendelrot, skogsnelle, blåknapp, ormetelg, mørkknoppurt, smalkjempe, sløke og blåtopp vanlege. I dei våtaste partia kom også bukkeblad, sumpmaure, stjernestarr, myrhatt, lyssiv, pors og tepperot inn.

Bruk tilstand og påvirkning: Det var ikkje spor etter nyare hogst langs bekken, men truleg er ikkje skogen eldre enn 40-50 år.

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten kan seiest å inngi i et større heilskapleg våtmarkslandskap langs vassdraga inne i Haugesund by. Her finns restar av open myr, våtenger og sump, svartorsumpar og vegetasjonsrike vatn.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på påverknad (tilnærma intakt grunnvasstand) og middels vekt på størrelse (over 2 daa), landskapsøkologi (tilgrensande naturtypelokalitetar) og artsrikdom (over 75 % dekning av kjenneteiknande artar og ein NT-art). Samla gjer dette grunnlag for å setje verdien viktig (B) på lokaliteten (middels vekt oppnådd for 4 parameterar, inkludert størrelse og artsrikdom).

Skjøtsel og hensyn: Sumpskogen bør skånast for alle typar inngrep, inkludert drenering av tilgrensande myrområde og manipulering av vassføringa i bekken.

.....

159 Uradalsvatnet vest 2

Kystmyr – Annen kystmyr Verdi: C Areal : 2,72 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringer frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langs bekken som går ut frå Uradalsvatnet, nordaust for Austrheim i Haugesund by. Den omfattar ei lita myr sør for bekken, avgrensa av svartorsumpskog mot nord og fastmark med lauvskog mot sør og vest. Berggrunnen består av grønskifer, og lokaliteten ligg i eit markert søkk i terrenget langs bekken.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Naturtype er annen kystmyr, og lokaliteten består for det meste av fattig til intermedier, våt mykmatte- og dels også lausbotnmyr, samt ein liten sverdliljesump. Ut mot kantane var det også fastmatter. Det står einiskilde svartor-, gråor- og bjørketre ut mot kantane av myra.

Artsmangfold: Myra hadde typiske artar for fattig og intermedier myr som slåttestarr, blåtopp, tepperot, flaskestarr, trådstarr, elvesnelle, myrhatt, pors og bukkeblad, og i tillegg meir typiske sumpplanter som sverdlilje, guldusk og knappsiv. I kantane gjekk også klokkeling, sløke og silrestarr inn.

Bruk tilstand og påvirkning: Det vert ikkje registrert nokon negativ påverknad på myra.

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten kan seiest å inngi i et større heilskapleg våtmarkslandskap langs vassdraga inne i Haugesund by. Her finns restar av open myr, våtenger og sump, svartorsumpar og vegetasjonsrike vatn.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på biogeografi (boreonemoral sone) og tilstand/hydrologi (intakt hydrologi), middels vekt på typevariasjon og låg vekt på størrelse (under 5 daa). For delnaturtypen Annen kystmyr gjer dette berre grunnlag for lokal verdi (C).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at myra skånast for alle typar inngrep, inkludert drenering av den tilgrensande svartorsumpskogen og manipulering av vassføringa i bekken.

.....

160 Uradalsvatnet vest 3

Rik berglendt mark – Rikt berg Verdi: C Areal : 1 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringer frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for bekken som går ut frå Uradalsvatnet, nordaust for Austrheim i Haugesund by. Den omfattar ein liten skrent mellom bekkedalen og bustadområda ved Udland. Avgrensa av skog mot nord, lågare bergveggar og plantefelt av gran mot aust og vest og ein gangveg mot sør. Berggrunnen består av grønskifer.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Sørvend skrent med låge bergveggar, i parti opne, men for det meste med lauvskog framfor – hovudsakleg yngre tre av bjørk, platanlønn og hassel.

Artsmangfold: Det står også einiskilde rognasaler, almetre (NT) og oppslag av ask (NT) i bergrota. På skiferberget veks ma. svartburkne, murburkne, eføy, vivendel og strandkjempe. Dette er berre det andre funnet av murburkne i Haugesund (funne av Johannes Lid ved Fidjeland; Skåre i 1927). I bergrota og i bakken nedanfor vert også stankstorkenebb, skogkløver, skjermssveve, revebjølle, skogfiol og bjønnekam notert.

Bruk tilstand og påvirkning: Det er planta inn gran på austsida av lokaliteten, men elles er det lite nyare inngrep her. Lokaliteten ligg nede i en bekkedal som vert mykje brukt til turgåing.

Fremmede arter: Nokre platanlønnar.

Del av helhetlig landskap: Det er svært få lokalitetar med rik berglendt mark og liknande naturtypar som er kartlagt i Haugesund.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert desember 2014 oppnår lokaliteten middels vekt for påverknad (noko påverka av nyare inngrep og framande artar), tilstand (noko gjengroingspreg) og artsrikdom (2 NT-artar) og låg vekt på størrelse (1 daa). Samla gjer dette grunnlag for å setje verdien viktig (B) på lokaliteten (middels vekt på artsrikdom), men i og med at dei to NT-artane som er grunnlaget for dette er dei regionalt vanlege treslaga alm og ask setts verdien ned til lokalt viktig (C).

Skjøtsel og hensyn: Platanlønn bør tas ut, og det vil også vere positivt med forsiktig rydding av bjørk. Hassel, alm og ask må sparast.

.....

161 Tømmervågen-Torevarden

Kystlynghei – Rikt fukthei Verdi: A Areal : 1320,29 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidlegare kartlagt ei kystlynghei her med same namn og verdi (BN00082295), som erstattast av lokaliteten som vert beskrive her (avgrensing endras, BN-nummer beholdas).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Malmbukta og Tømmervågen nord for Haugesund by og omfattar eit stort lyngheiområde vest for Fiskevatnet. Den er avgrensa med gjerde mot gjengroande lynghei mot sør, aust og nord, medan strandberg mot sjøen formar avgrensinga mot vest. Berggrunnen består av hovudsakleg av hornblendeførande metatrandhjemet til metakvartsdioritt, med band av gabbro i vest og sør. Eksposisjonen varierer mykje da det er snakk om et større område med fleire knausar og små knattar.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensa lokalitet gjeld ei stor kystlynghei i god hevd med beite. For det meste er det rik tørrhei i lisider med grunne lausmasser og på knauser, stadvis dominert av purpurlyng, røsslyng og klokkeling. Elles førekjem fukthei og grunn intermediær til rik fastmattemyr i søkk. Både fattig og rik fukthei er godt representert, den fattige dominert av klokkeling og blåtopp og den rike med innslag av m.a. jåblom. Lokaliteten har open lynghei, med spreidde lågvakse tre av rogn og bjørk, samt noko einer. Området pregs elles av store opne bergflater, og samla sett vurderas arealet med bart berg å vere ca. 20 %.

Artsmangfold: I den rike tørrheia vart utanom raudlistearten purpurlyng (NT) også blåknapp, mjølbe, tepperot og geitsvingel notert. I fuktheia kom også arter som stjernestarr, kornstarr, rome, bjønnekam, kjertelaugnetrøst, småbjørneskjegg og duskull inn. I nordre del var det små rikmyrsflater og rike sig med myrsaulauk, småsivaks, kornstarr, grønnstarr, brudesporer, flekkmariland, slirestarr, blåknapp og kvitmyrak. Her var det også ein liten bekk med vanleg tjønnaks og elvesnelle. Myrsnipe vart observert i flukt over lokaliteten.

Bruk tilstand og påvirkning: Området beites av sau, men det ble ikkje sett dyr i området ved besøket (men ikkje heile denne store lokaliteten vart undersøkt). Området vurderast å vere i god hevd, med eit klårt opent preg.

Fremmede arter: Edelgran vart så vidt registrert.

Del av helhetlig landskap: Det er fleire lyngheier og naturbeitemarker i god hevd like i nærleiken, og lokaliteten må absolutt seiast å vere ein del av eit heilskapleg kulturlandskap.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse (1320 daa) og tilstand (i bruk med beite, open mark med einskilde tre), middels vekt på påverknad/bruk (svakt påverka av framande artar) og låg vekt på raudlisteartar (1 NT-art). Samla sett gjer dette grunnlag for å setje verdien svært viktig (A) på lokaliteten (høg vekt på størrelse og tilstand).

Skjøtsel og hensyn: Beite med sau anbefalast å helde fram, og området tåler godt betre beitetrykk enn det som var inntrykket i september 2014. Framande artar bør fjernes.

.....

162 Tømmervågen nordaust

Kystlynghei – Rikt fukthei Verdi: B Areal : 82,38 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Tømmervågen og Førlandsvågen nord for Haugesund by og omfattar eit større lyngheiområde nord for Bjørkhaug og Tømmervik. Den er avgrensa med gjerde mot gjengroande lynghei i vest, nord og aust, og mot naturbeitemark i sør. Berggrunnen i området består av gabbro. Eksposisjonen varierer mykje da det er snakk om eit større område med fleire knauser og små knattar.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Kystlynghei i hevd med storfebeite, rik fukthei dominerer, men det er også ein del rik og fattig tørrhei på knauser. Stadvis er det så godt beita at det er utvikla naturbeitemark dominert av smalkjempe på småflekke (fattig til intermediær friskeng). Ned mot sjøen i aust er det også små myrparti av intermediær til noko rik karakter, til dels vanskeleg å skilje frå rik fukthei. Det er ein del einer i parti, men elles har lokaliteten eit opent preg. Bart berg utgjør ca. 10-15 %.

Artsmangfold: Purpurlyng (NT) førekom sparsamt i den rike tørrheia i ytre del, saman med røsslyng, klokkeling, lyngaugnetrøst, tiriltunge og finnskjegg. I fuktheia kom kornstarr, jåblom, blåtopp, blåknapp, tepperot, kystmaure, geitsvingel, stjernestarr, ryllisv, rome, kystmyrklegg, myrflod og særstarr inn i tillegg. Myrane hadde mykje av dei same artane, m.a. jåblom, blåknapp, stjernestarr, blåtopp og kornstarr. I dei friske engene vart tiriltunge, kjertelaugnetrøst, blåknapp og finnskjegg notert. Av beitemarksopp vart kun liten møyjevokssopp funnen. Sandlo søkte næring innerst i Tømmervika.

Bruk tilstand og påvirkning: Området beites av storfe, og beitetrykket er jamt over svakt til moderat – men tilstrekkelig til at lyngheia må reknast for å vere i god hevd.

Fremmede arter: Spreidde, låge tre av gran og sitkagran.

Del av helhetlig landskap: Det er fleire lyngheier og naturbeitemarker i god hevd like i nærleiken, og lokaliteten må absolutt seiast å vere ein del av eit heilskapleg kulturlandskap.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på tilstand (i bruk med beite, open mark med einskilde tre), middels vekt på størrelse (82 daa) og påverknad/bruk (svakt påverka av framande artar), samt låg vekt på raudlisteartar (1 NT-art). Samla sett gjer dette grunnlag for å setje verdien viktig (B) på lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Beite med storfe anbefalast å helde fram, og området tåler godt betre beitetrykk enn det som var inntrykket i september 2014. Framande artar bør fjernes.

.....

163 Bjørkhaug

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: B Areal : 55,53 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Tømmervågen og Breiavatnet nord for Haugesund by og omfattar eit beiteområde nord for vegen ut til Tømmervika. Den er avgrensa med gjerde mot kystlynghei i nord og kulturleng i aust, medan det er noko diffus overgang mot gjødsla naturbeitemark i sør og vest. t, nord og øst, og mot naturbeitemark i sør. Berggrunnen i området består av gabbro. Knauser og bakker med ulik eksposisjon og grunt lausmasselag.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Naturbeitemark med fattig beiteeng, hovudsakleg frisk fattigeng dominert av gulaks, smalkjempe og engkvein (G4a), men også tørrare eng på godt drenert mark med hårsvevematter. Hardt beita areal har trakkvegetasjon med kvitkløver, følblom og ryllik. Fukteng i overgang mot grunn, intermediær fastmattemyr finnes òg, inntil ein liten dam i nordaust.

Artsmangfold: Fuktengpartia hadde innslag av jåblom, som er svakt basekrevjande, men var dominert av mindre kravfulle arter som kornstarr, englodnegras, stjernestarr, myrflod, finnskjegg, blåknapp og kystmaure. I den godt drenerte til friske enga inngikk også kystgrisyre, kjertelaugnetrøst, hårsveve, tiriltunge, blåkløkke og geitsvingel, medan purpurlyng (NT) fantes sparsamt på knauser som vart lite beita. Av beitemarksopp vert berre beiteraudspore og kjeglevokssopp funnen. I dammen voks vassgro, kvit nøkkerose, vanleg tjønnaks, sumpsivaks, knappsiv, hesterumpe og ryllisv.

Bruk tilstand og påvirkning: Området beites av storfe og sau, og avbeitinga er jamn og god på heile lokaliteten. Overgangen mot gjødsla naturbeitemark i sør er ikkje skarp, og mindre parti innafor lokaliteten er også noko påverka av gjødsling.

Fremmede arter: Nokro små tre av sitkagran.

Del av helhetlig landskap: Det er fleire lyngheier og naturbeitemarker i god hevd like i nærleiken, og lokaliteten må absolutt seiast å vere ein del av eit heilskapleg kulturlandskap.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert april 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse (55 daa), tilstand (i bruk, utan gjengroing) og påverknad (moderat ekstensiv bruk, ubetydeleg påverknad av framande artar), medan den berre nå låg vekt på raudlisteartar (1 NT-art) og kjenneteiknande artar (>15). Samla sett gjer dette grunnlag for å setje verdien viktig (B) på lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Beite med storfe anbefalt å holde fram, og området tåler godt betrettrykk enn det som var inntrykket i september 2014. Framande artar bør fjernes.

164 Røyrvatnet

Vannkantsamfunn – Takrør-sivakssump Verdi: C Areal : 21,61 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 1.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Arkavatnet og Norda Skeisvatnet i Haugesund by. Den omfattar dei vegetasjonskledd strandbreiddene langs vatnet og er avgrensa av open vassflate innover og lauvskogsbelte utover mot sidene. Berggrunnen i området består av grønskifer.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Vannkantsamfunn langs begge sider av Røyrvatnet, der vegetasjonen vekslar mellom takrørsump (O5a etter Fremstad 1997) og elvesnellesump (O3a). Ut mot kantane går det gradvis over til svartorsump.

Artsmangfold: For det meste artsfattige samfunn dominert av eit fåtal helofytter, og lokaliteten er kartlagt mest pga. at vannkantsamfunna er intakte her i motsetnad til langs dei fleste andre vatna i Haugesund by. Av artar kan nemnast mjølkerot, vassmynte, myrhatt, blåtopp, pors, flaskestarr, gulldusk, svartor, trådstarr, grøftesoleie og sverdlilje. Røyrvatnet er ein viktig overvintringslokalitet for vassfugl, med m.a. nesten årlege observasjonar av raudlisteartar som vassrikse (VU), dvergdukkar (NT) og sivhøne (NT).

Bruk tilstand og påvirkning: Det vart ikkje registrert inngrep eller utfyllingar på lokaliteten, men truleg er vatnet noko eutrofiert.

Fremmede artar: Platanlønn, einskilde små tre. Parkslirekne veks tett inntil lokaliteten i aust.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten kan seiast å inngi i et større heilskapleg våtmarkslandskap langs vassdraga inne i Haugesund by. Her finns restar av open myr, våtenger og sump, svartorsumpar og vegetasjonsrike vatn.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse (21 daa), stabilitet (stabilt system) og framande artar (ingen registrert), middels vekt på påverknad og landskapsøkologi, medan den berre når låg vekt for artsrikdom (under 10 karplanter). Den oppnår ikkje terskelverdien for raudlisteartar. Verdien setts etter fagleg skjønn til lokalt viktig (C), då det er vanskeleg å vurdere verdien ut frå oppnådde vekter.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at lokaliteten ikkje utsetts for inngrep, samtidig som det arbeidas for å redusere utslipp av plantenæringsstoffer til innløpsbekker til eit minimum.

165 Buavågen, Røvær

Brakkvannssjø – Verdi: B Areal : 12,26 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidlegare kartlagt ein brakkvannssjø her med same namn og lokal verdi (BN00009001), som erstattast av lokaliteten som vert beskrive her (avgrensing endras, BN-nummer beholdas).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør-sørvest for busetnaden på Røvær, nord for Torjesneset. Den er omgitt av beita kystlynghei og avgrensinga er satt i strandlinja. I sør er den avgrensa av ei terskel ut mot ein djupare del av Buavågen. Berggrunnen i området består av gabbro.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Grunne brakkvannssjøar faller mellom to stoler i dagens kartleggingssystem. I handbok for marin naturtypekartlegging er poll eigen naturtype, men inkluderer ikkje dei grunne brakkvannssjøane. Desse vart tidlegare fange opp av DN-handbok 13 under typen brakkvannssjø (G08), men er så langt ikkje inkludert i utkast til ny veileder for naturtypekartlegging. Difor vert lokaliteten kartlagt som brakkvannssjø, som vurderast å ligge nærast i den nye veilederen. Strandengene i Buavågen er såpass små at dei ikkje skiljas ut som egen naturtype, men inngår i denne naturtypelokaliteten (nedanfor midtre salteng) og i kystlyngheilokaliteten Torjesneset (over midtre salteng).

Artsmangfold: Det vert ikkje gjort registreringar ute i sjøen, men både i nord og vest er det smale strandenger som fortsetter ut i undervassenger i pollen. Her vart artar som fjøresivaks, fjøresaulauk, sandsiv, strandkryp og strandkjempe registrert. Pusleblom (EN) er funnen i nabopollen Va, og det er gode mogelegheiter for at denne finnes også her (kan lett verte oversett).

Bruk tilstand og påvirkning: Det vart ikkje registrert inngrep eller andre negative påverknader på lokaliteten. Strandengene beites godt av sau.

Fremmede artar: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort og heilskapleg kulturlandskap med innslag av våtmark og verdifulle marine miljø på Røvær.

Verdivurdering: For å verdisette lokaliteten er nytta utkast til faktaark for naturtypen brakkvannssjø datert november 2014. Her oppnår lokaliteten middels vekt på vassvegetasjon (potensial for førekomst av trua art). Dette gir grunnlag for å sette verdien viktig (B) på lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at lokaliteten ikkje utsetts for inngrep. Beite med sau på strandengene inntil lokaliteten er positivt.

166 Kvalbeintjørn, Røvær

Kystmyr – Annen kystmyr Verdi: C Areal : 3,49 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidlegare kartlagt ei stor kystlynghei med verdi A på denne delen av Røvær (BN00082303), som etter kartlegging i 2014 er splitta i 6 lokaliteter med ulike naturtyper og verdi.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør for busetnaden på Røvær, i ei sørvest-nordaustgåande skore mellom Va og Kråkevågen. nord for Torjesneset. Den omfattar ei lang og smal myr omkransa av beita kystlynghei. Berggrunnen i området består av gabbro.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Intermediær til middelsrik minerotrof fastmattemyr, med noko innslag også av mykmattemyr nær Kvalbeintjørn – som er inkludert i lokaliteten pga. at det ligger midt på myra. Ved tjørnet er det også hesterumpepolar og rik takrørsump (O5b etter Fremstad 1997).

Artsmangfold: Av meir eller mindre reine myrplanter vert berre vanleg myrklegg, duskull, myrsaulauk, særbustarr, myrhatt, stjernestarr og rome registrert, medan det er meir typiske sumpplanter vart funne kattehele, gulldusk, knappsviv, bukkeblad, mjødurt og elvesnelle. I tillegg vart blåknapp, fjøresaulauk, kystmyrklegg og hanekam (berre funn nr. 2 i kommunen) registrert.

Anders Lundberg har funne stortranebær ved tjørnet og loppestarr i sig i nærleiken.

Bruk tilstand og påvirkning: Det vart ikkje registrert inngrep eller andre negative påverknader på lokaliteten. Området beites av sau.

Fremmede artar: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort og heilskapleg kulturlandskap med innslag av våtmark og verdifulle marine miljø på Røvær.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høy vekt på tilstand/hydrologi (intakt) og biogeografi (boreonemoral sone), middels vekt på typevariasjon (anna kystmyr) og låg vekt på størrelse (under 5 daa). Dette gir grunnlag for å sette verdien lokalt viktig (C) på myra.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at lokaliteten ikke utsetts for inngrep. Beite med sau er trolig positivt.

.....

167 Torjesneset, Røvær

Kystlynghei – Fattig fukthei Verdi: A Areal : 323,84 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag fra Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidligere kartlagt ei stor kystlynghei med verdi A på denne delen av Røvær (BN00082303), som etter kartlegging i 2014 er splitta i 6 lokaliteter med ulike naturtyper og verdi. BN-nummeret er beholdt for denne lokaliteten som skildras her.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør og vest for busetnaden på Røvær og omfattar lyngheiane på Torjesneset og mellom Buavågen og Kråkevågen. Den er avgrensa av gjengroande lynghei utan hevd mot nord – dels også dyrka mark og busetnad, medan sjøen dannar avgrensinga rundt lokaliteten elles. Berggrunnen i området består av gabbro. Eksposisjonen varierer mykje, då det er snakk om eit landskap bråte opp av ganske bratte kollar og knausar, der relieffa går både sørvest-nordøst og sørøst-nordvest.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Kystlynghei beitt av sau med eit opent og godt hevda preg. Det er innslag både av strandeng (ved Va og Buavågen) og godt beita areal med naturbeitemark, samt mindre intermediære til middelsrike, minerotrofe fastmattemyrer. Fattig fukthei dominerer lyngheiområda, men det er også innslag av noko rikare fukthei samt både rik og fattig tørrhei. Generelt er heia dominert av røsslyng og klokkeling. Frisk fattigeng av gulakstype er vanligast i naturbeitemarkspartia. Variasjonsbreidda i vegetasjonen er stor, og Lundberg (2010) viser til ei rekke vegetasjonstypar registrert på Røvær. Dei fleste finst truleg innafor denne lokaliteten.

Artsmangfold: I fuktheia inngår artar som kystmaure, geitsvingel, tepperot, flekkmariland, heisiv, stjernestarr, slåtestarr og myrhatt, medan dei grunne kystmyrane har dominans av duskull, fjøresaulauk, blåtopp, vanleg myrklegg, rome, blåknapp, kornstarr, ryllisv og grønstarr. I tørrhei kjem også tiriltunge, finnskjøgg, mørkknoppurt, hårsveve og slirestarr inn. Engareala har artar som smalkjempe, kjertelaugnetrøst, blåknapp, kystmaure, ryllik, tepperot, blåklokke og mørkknoppurt, samt at beitemarkspartiane gul vokssopp og ramneraudspore (NT) vart funne. På strandengene ved Va og Buavågen vart m.a. strandkryp, fjøresivaks, strandkjempe, sandsiv, fjøresaulauk, småsivaks, grøfsoleie, og gåsemure registrert. Inntil sørvende berg inn mot busetnaden på Røvær var det små kratt av søtbjørnebær og hassel, samt vivendel.

Lundberg (2010) presenterer ei lang artsliste for Røvær, men det er usikkert kor mange av desse som finst innafor denne lokaliteten. Lista teller m.a. pusleblom (EN), skjoldblad (NT), blankburkne, humle, salturt (truleg utgått), havbendel, saltbendel, kvit nykkerose, vårskrinneblom, norsk bjørnebær, rundskolm, kristtorn, fagerperikum, eføy, karve, kusymre, østersurt, vassmynte, brunrot, lintorskemunn, bakkeveronika, solblom (VU), strandlauk, fjøresevaks, rustevaks, loppestarr, knortestarr, heistarr, berggrøyrkvein, dunhavre, hestehavre, hjartegrass, lundrapp og fjøresaltgrass. Pusleblom veks i strandeng ved Va innafor lokaliteten, medan det ikkje er funn i Artskart av skjoldblad på denne delen av øya. Solblom veks truleg nærare busetnaden på øya (ikkje registrert i Artskart).

Bruk tilstand og påvirkning: Lyngheia beites av sau, og hevda er god, dvs. at heia vert halden open og med store areal med godt beitetrykk. Berre inn mot berghamrar er det einskilde, låge lauvkratt. Det er truleg fleire generasjonar sidan heia vart brent.

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort og heilskapleg kulturlandskap med innslag av våtmark og verdifulle marine miljø på Røvær.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høy vekt på raudlisteartar (1 EN-art), tilstand (i bruk med beite, open mark med einskilde tre) og påverknad/bruk (ingen påverknad av framande artar) og middels vekt på størrelse (324 daa). Dette gjer grunnlag for å gi lokaliteten verdien svært viktig (A) (høy vekt på 3 parameterar).

Skjøtsel og hensyn: Beite med sau anbefalast å helde fram. Eventuelle framande artar som ikkje vart oppdaga under besøket i september 2014 bør fjernes.

.....

168 Breiviksletta, Røvær

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: B Areal : 231,04 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag fra Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidligere kartlagt ei stor kystlynghei med verdi A på denne delen av Røvær (BN00082303), som etter kartlegging i 2014 er splitta i 6 lokaliteter med ulike naturtyper og verdi.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for busetnaden på Røvær og omfattar beitemarkane nord for Kråkevågen og vest for Brøvaren. Den er avgrensa av gjødsle eng i nord og elles av vegetasjonslause strandberg. Berggrunnen i området består av gabbro. Knausar og knattar med usamanhengande eller manglande lausmassedekke, medan det er relativt djupe og mest finkorna lausmassar i skårane mellom desse.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Naturbeitemark med frisk fattigeng av gulaks-engkvein-type (G4a hos Fremstad 1997). Heilt open og steinrik beitemark med fleire små bergveggar og mykje bart fjell og bergflog. Det er også innslag av fukteng med artar som kystmyrklegg, stjernestarr, blåtopp, blåknapp og rome. På knattane er det småflekker med tørr og fattig lynghei innimellom naturbeitemarka. Hovudsakleg magre enger, men der konsentrasjonen av beitedyr er eller har vore stor er det utvikla meir næringskrevjande trakkvegetasjon med mykje fjellblom, kvitkløver og ryllik. Generelt er det mager naturbeitemark på knausane medan det er meir oppgjødsle eng i grasgangane mellom dei.

Artsmangfold: Karakterartar i beitemarka var blåknapp, blåklokke, smalkjempe kystgrisyre, mørkknoppurt, kystmaure, tepperot, strandkjempe, kjertelaugnetrøst, geitsvingel og finnskjøgg. Det vert ikkje registrert beitemarkspart her. Lundberg (2010) presenterer ei lang artsliste for Røvær, men det er usikkert kor mange av desse som finst innafor denne lokaliteten. I Artskart ligg funn av artane skjoldblad (NT), nordsjøsvæver, kamgrass, hjartegrass, bleikstarr, vill-lin, tunsmåarve og karve innafor lokaliteten (Breiviksletta/beitemark i Kråkevågen i 2001). I tillegg ligg det inne funn av blankburkne frå Kråkevågen, truleg frå ein av dei små bergveggane innafor lokaliteten.

Bruk tilstand og påvirkning: Området vert beita av storfe og utgangarsau, og beitetrykket er hardt. Inn mot kulturengene på Brøvaren ber vegetasjonen tydeleg preg av gjødsling.

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort og heilskapleg kulturlandskap med innslag av våtmark og verdifulle marine miljø på Røvær.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert april 2014 oppnår lokaliteten høy vekt på størrelse (231 daa), tilstand (i bruk utan teikn til gjengroing, svake spor av gjødsling) og påverknad (moderat intensiv bruk, ubetydeleg prega av framande artar), samt låg vekt for raudlisteartar (1 NT-art) og kjenneteiknande artar. Relativt låg artsrikdom gjer ikkje grunnlag for høgare verdi enn lokalt viktig, men høy vekt for størrelse, tilstand og påverknad gjer at verdien ut frå skjønn setts opp til viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Sambeiting med storfe og sau er ideelt for lokaliteten og anbefalast å helde fram. Det må ikkje gjødslast her.

.....

169 Brøvaren nord, Røvær

Kystlynghei – Rik tørrhei Verdi: B Areal : 69,19 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidlegare kartlagd ei stor kystlynghei med verdi A på denne delen av Røvær (BN00082303), som etter kartlegging i 2014 er splitta i 6 lokaliteter med ulike naturtyper og verdi.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nordvest for busetnaden på Røvær og omfattar lyngheiane på begge sider av den inste delen av Suggevågen og ut til Straumen. Den er avgrensa av strandberg og naturbeitemark i nord, gjengroande lynghei i sørvest og gjødsle eng inn mot Brøvaren i sør. Berggrunnen i området består av gabbro. Eksposisjonen varierer en del, men langs Suggevågen er det bratt på begge sider (som vender mot sørvest og nordaust).

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Kystlynghei med rik tørrhei som viktigaste delnaturtype, men det er også her innslag av fattig fukthei med rome, skrubbe, blålyng, stjernestarr og slåttestarr. Tørrheia er dominert av krekling, klokkeling og røsslyng.

Artsmangfold: Purpurlyng (NT) vart funne sparsamt i sørvest (første funn på Røvær), og på godt beita areal var det innslag av artar som slirestarr, gulaks, geitsvingel, finnskjegg, blåknapp, engfrytle, kystgrisøyre, strandkjempe, hårsveve, kjertelaugnetrøst, smalkjempe, mørkknoppurt, tiriltunge, blåklokke og lintorskemunn. Vårmarhand vart truleg funnen inntil berghamrar i sørvest (avblomstra og ikkje sikkert bestemt). Inn mot dei sørvende berga nord for Suggevågen vaks søtbjørnebær, stankstorkenebb og vivendel. Havbendel og fjøremjelde er registrert i Straumen (Artskart).

Bruk tilstand og påvirkning: Lyngheia beites truleg av både storfe og sau, og hevdene er god (ingen teikn til gjengroing). Berre inn mot berghamrar er det einskilde, låge lauvkratt. Det er truleg fleire generasjonar sidan heia vart brent.

Fremmede arter: Einskilde tre av sitkagran vert registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort og heilskapleg kulturlandskap med innslag av våtmark og verdifulle marine miljø på Røvær.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på tilstand (i bruk med beite, open mark), middels vekt på størrelse (69 daa) og påverknad/bruk (svak påverknad av framande artar) og låg vekt på raudlisteartar (1 NT-art). Dette gjer grunnlag for å gi lokaliteten verdien viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Beite med sau og storfe anbefalast å helde fram. Framande artar bør fjernes.

.....

170 Kalvetjørn, Røvær

Vannkantsamfunn – Elvesnelle-starrsump Verdi: B Areal : 14,33 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Kalvetjørn ligg nordaust for bruket Brøvaren på Røvær. Lokaliteten omfattar tjørnet med helofyttsumpane rundt. Den er avgrensa av gjengroande lynghei mot vest, godt hevda lynghei mot nord og kulturrengar mot sør og aust. Berggrunnen i området består av gabbro.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Vannkantsamfunn og beita fuktenger langs tjørnet, truleg mest elvesnellesump (O3a).

Artsmangfold: Vannkantsamfunna er dårleg undersøkt, men i Artskart ligg det eit funn av skjoldblad (NT) frå Kalvetjørn.

Bruk tilstand og påvirkning: Det vart ikkje registrert inngrep eller utfyllingar på lokaliteten, men truleg er vatnet noko eutrofiert pga. sig frå gjødsle beiter rundt.

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort og heilskapleg kulturlandskap med innslag av våtmark og verdifulle marine miljø på Røvær.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse (14 daa), stabilitet (stabilt system) og framande artar (ingen registrert), middels vekt på påverknad og landskapsøkologi, medan den berre når låg vekt for raudlisteartar (1 NT-art). Verdien settis etter fagleg skjønn til viktig (B), då det er vanskeleg å vurdere verdien ut frå oppnådde vekter.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at lokaliteten ikkje utsetts for inngrep, samtidig som arbeidast for å redusere tilslag av plantenæringsstoffer frå kringliggande kulturreng.

.....

171 Va, Røvær

Brakkvannssjø – Verdi: A Areal : 7,16 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidlegare kartlagd ein brakkvannssjø her med same namn og verdi (BN00009018), som erstattast av lokaliteten som vert beskrive her (avgrensing endras, BN-nummer behaldas).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør-sørvest for busetnaden på Røvær, nordvest for Torjesneset. Den er omgitt av beita kystlynghei og avgrensinga er satt i strandlinja. I sør er den avgrensa av ei terskel ut mot Buavågen. Berggrunnen i området består av gabbro.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: En oppdemt brakkvannssjø, som nå kan ses på som ein brakkvannssjø etter typeinndelinga i den nye veilederen. Vasspeilet ligg 1-1,5 m over sjøen på fjære sjø. Vatnet er brakt, men får truleg jamnleg inn saltvann på springflo. Strandengene ved Va er såpass små at dei ikkje skiljas ut som egen naturtype, men inngår i denne naturtypelokaliteten (nedanfor midtre salteng) og i kystlyngheilokaliteten Torjesneset (over midtre salteng).

Artsmangfold: Det vert ikkje gjort registreringar ute i sjøen, men både i nordvest og sør er det smale strandenger som fortsetter ut i undervassenger i brakkvannssjøen. Her vart artar som gåsemure, fjøresivaks, fjøresaulauk, strandkryp, tunsmåarve og strandkjempe registrert. Anders Lundberg fann pusleblom (EN) i Va i juli 2001.

Bruk tilstand og påvirkning: Va er demt opp med ei låg dam mot Buavågen, og vasspeilet ligg anslagsvis 1-1,5 m over sjøen. Strandengene beites godt av sau.

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort og heilskapleg kulturlandskap med innslag av våtmark og verdifulle marine miljø på Røvær.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen brakkvannssjø datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på vassvegetasjon (førekomst av EN-art). Dette gir grunnlag for å sette verdien svært viktig (A) på lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at lokaliteten ikkje utsetts for ytterlegare inngrep. Beite med sau på strandengene inntil lokaliteten er positivt.

.....

172 Loten, Røvær

Poller – Verdi: C Areal : 2,42 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Den inngår i ein tidlegare kartlagt lokalitet med kystlynghei (verdi A) på denne delen av Røvær (BN00082303), som etter kartlegging i 2014 er splitta i 6 lokaliteter med ulike naturtyper og verdi.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nordvest for busetnaden på Røvær, mellom Gannvik og Straumen. Den er omgitt av beita kystlynghei og strandberg, og avgrensinga er satt i strandlinja. I nord er den avgrensa av ei terskel ut mot Holmosen. Berggrunnen i området består av gabbro.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Grunne brakkvannspollar faller mellom to stoler i dagens kartleggingssystem. I handbok for marin naturtypekartlegging er poll eigen naturtype, men inkluderer ikkje dei grunne brakkvannspollane. Desse vart tidlegare fange opp av DN-handbok 13 under typen brakkvannspoll (G08), men er så langt ikkje inkludert i utkast til ny veileder for naturtypekartlegging. Difor vart lokaliteten kartlagt som brakkvannspoll etter det gamle systemet inntil vidare, og som utforming produktive brakkvannspollar med undervasseng. Strandengene ved Loten er såpass små at dei ikkje skiljas ut som egen naturtype, men inngår i denne naturtypelokaliteten (nedanfor midtre salteng) og i naturbeitemarklokaliteten Melkevikslettene (over midtre salteng).

Artsmangfold: Det vert ikkje gjort registreringar ute i sjøen, men i søraust er det smale strandenger som fortsetter ut i undervassenger i pollen. Her vart artar som fjøresivaks, fjøresaulauk, sandsiv, strandkryp og strandkjempe registrert. Anders Lundberg fant skjoldblad (NT) i strandeng ved Loten, etter alt å dømme innafor denne lokaliteten.

Bruk tilstand og påvirkning: Det vart ikkje registrert inngrep eller andre negative påverknader på lokaliteten. Strandengene beites godt av sau.

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort og heilskapleg kulturlandskap med innslag av våtmark og verdifulle marine miljø på Røvær.

Verdivurdering: For å verdisetje lokaliteten er nytta utkast til faktaark for naturtypen brakkvannsjø datert november 2014. Her oppnår lokaliteten låg vekt på vassvegetasjon (funn av NT-art). Dette gir grunnlag for å gi lokaliteten lokal verdi (C).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at lokaliteten ikkje utsetts for inngrep. Beite med sau på strandengene inntil lokaliteten er positivt.

.....

173 Urd, Røvær

Kystlynghei – Fattig fukthei Verdi: A Areal : 136,89 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidlegare kartlagt ei stor kystlynghei med verdi A på Urd (BN00082304). Avgrensinga av denne er endra noko, samstundes som beskrivinga er oppdatert etter siste mal frå Miljødirektoratet.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Urd er ei om lag 800 m lang og 400 m brei øy nordaust for hovudøya på Røvær. Lokaliteten omfattar heile øya med unntak av hagar, vegar og busetnad/bygningar. Berggrunnen i området består av gabbro. Eksposisjonen varierer mykje, då det er snakk om eit landskap bråte opp av ganske bratte kollar og knausar, der relieffa går både sørvest-nordaust og søraust-nordvest.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Kystlynghei med innslag av kystmyr i søkk. Fattig fukthei er dominerande delnaturtype, men det er også en del fattig tørrhei og noko rikare hei. Lundberg (2010) registrerte fylgjande vegetasjonstypar på øya: H1a Tørr lynghei; Røsslyng-utforming, H1c Tørr lynghei; Røsslyng-slåttestarr-torvull-utforming, H3 Fuktig lynghei, K3 Fattig fastmattemyr, P1 Langskot-vegetasjon med hesterumpe, P2c Flyteblad-vegetasjon; vanleg tjørnaks-utforming, V2c Fleirårig gras/urte-tangvoll; gras-utforming (med strandrug) og X1a Strandberg; fattig utforming. Generelt er lyngheiområda dominert av røsslyng og klokkelyg. På dei best beita areala er det utvikla naturbeitemark, med frisk fattigeng av gulaks-engkvein-type (G4a) med jordnøtt. Strandberga er særleg breie i nordvest.

Artsmangfold: Lundberg (2010) registrerte 169 planteartar på Urd, og han trekker fram harerug, vårskrinneblom, søtbjørnebær, rundskolm, kamgras, strandarve, kystarve, heibljfjor, kristtorn, fagerperikum, kattehele, hesterumpe, jordnøtt, kusymre, brunrot, lintorskemunn, bakkeveronika, vanleg tjørnaks, berggrøyrkvein og strandrug som dei mest interessante. På Artskart ligg i tillegg belegg av kamgras, strandarve og kystarve frå Urd.

Bruk tilstand og påvirkning: Lyngheia beites av sau og kalvar, og hevda er god, dvs. at heia vert halden open og med store areal med godt beitetrykk. Det er truleg fleire generasjoner sidan heia vart brent. Det går veg over til Urd frå hovudøya.

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort og heilskapleg kulturlandskap med innslag av våtmark og verdifulle marine miljø på Røvær.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på tilstand (i bruk med beite, open mark med einskilde tre) og påverknad/bruk (ingen påverknad av framande artar) og middels vekt på størrelse (136 daa), medan den ikkje når terskelverdien for raudlisteartar. Dette gjer grunnlag for å gi lokaliteten verdien svært viktig (A) (høg vekt på tilstand og påverknad/bruk i kombinasjon med middels vekt på størrelse).

Skjøtsel og hensyn: Beite med sau og storfe anbefalast å helde fram. Eventuelle framande artar som ikkje vart oppdaga under besøket i september 2014 bør fjernes.

.....

174 Melkevikslettene

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: B Areal : 160,29 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidlegare kartlagt ei stor kystlynghei med verdi A på denne delen av Røvær (BN00082303), som etter kartlegging i 2014 er splitta i 6 lokaliteter med ulike naturtyper og verdi.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for busetnaden på Røvær og omfattar beitemarkane nord og nordvest for Suggevågen. Den er avgrensa av godt hevda kystlynghei i sør og strandberg rundt lokaliteten elles. Berggrunnen i området består av gabbro. Knausar og knattar med usamanhengande eller manglande lausmassedekke, medan det er relativt djupe og mest finkorna lausmassar i skårane mellom desse.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Naturbeitemark med frisk fattigeng av gulaks-engkvein-type (G4a) pregar landskapet på denne delen av Røvær, men på knausane er det mindre areal også med kystlynghei – mest fattig tørrhei dominert av krekling og røsslyng. Fukteng og fukthei førekjem også på små areal. For det meste er det snakk om magre enger, men der konsentrasjonen av beitedyr er eller har vore stor er det utvikla meir næringskrevjande trakkvegetasjon med mykje følblom, kvitkløver og ryllik. Generelt er det mager naturbeitemark på knausane medan det er meir oppgjødsla eng i flate parti mellom dei.

Artsmangfold: Dei friske engene var dominert av kystmaure, finnskjegg, blåknapp, smalkjempe, geitsvingel, tepperot og engfrytle, med noko innslag av kystgrisyre, og kjertelaugnetrøst. I fukteng inngår i tillegg kystmyrklegg, myrfiol, kornstarr, slåttestarr og blåtopp. Det vert ikkje registrert beitemarksopp her. Lundberg (2010) presenterer ei lang artsliste for Røvær, men

det er usikkert kor mange av desse som finst innafor denne lokaliteten. Funnet av skjoldblad (NT) i strandeng ved Loten ligger anten innafor lokaliteten Loten eller med sannsynleg innafor lokaliteten beskrive her.

Bruk tilstand og påvirkning: Området vert hardt beita av storfe. Dei hardast beita områda er tydeleg prega av (opp)gjødsling.

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort og heilskapleg kulturlandskap med innslag av våtmark og verdifulle marine miljø på Røvær.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert april 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse (159 daa), tilstand (i bruk utan teikn til gjengroing, svake spor av gjødsling) og påverknad (moderat intensiv bruk, ubetydeleg prega av framande artar), samt låg vekt for raudlistearter (1 NT-art) og kjenneteiknande artar. Relativt låg artsriktigdom gjer ikkje grunnlag for høgare verdi enn lokalt viktig, men høg vekt for størrelse, tilstand og påverknad gjer at verdien ut frå skjønn setts opp til viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Det gode beitetrykket med storfe er ei god skjøtsel for lokaliteten og anbefalast å halde fram. Det må ikkje gjødslast her.

.....

175 Paddetjørn

Vannkantsamfunn – Elvesnelle-starrsump Verdi: C Areal : 10,23 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 1.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er tidlegare kartlagd som rik kulturlandskapssjø (BN00017956, verdi C). Denne erstattas av lokaliteten som vert beskrive her (BN-nummer beholdas).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Paddetjørn ligg på grensa mellom Haugesund og Karmøy kommune ved Ørpetveit, med størsteparten av tjørnet i Karmøy. Lokaliteten omfattar tjørnet med helofyttsumpane rundt. Den er avgrensa av svakt hevda naturbeitemark i nord og aust, dyrka mark i vest og tett lauvskog i sør. Berggrunnen her består av granittisk øyegneis, middelskornet med øyne av kalifeltspataggregater.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Det er flytetorv inntil tjørnet som ikkje er mulig å gå ut på. Lenger ut frå vatnet veks m.a. kattehale, vassgro, trådstarr, myrhatt, kjempepiggnopp, gulldusk, bukkeblad og knappsiv.

Artsmangfold: Vassgro og kjempepiggnopp er regionalt uvanlege artar. Det er også registrert noko vassfugl her, m.a. krikand, sivsporv og stokkand.

Bruk tilstand og påvirkning: I sørvest er det ei utfylling som går ut på flytetorva. Vatnet er noko eutrofiert pga. sig frå gjødsla beiter og dyrkemark rundt.

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Det er fleire vegetasjonsrike vatn i nærleiken til Ørpetveit og Skåredal, slik som Vassbrekkevatnet, Løkevatnet og Gåsavatnet.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse (14 daa), stabilitet (stabilt system) og framande artar (ingen registrert), middels vekt på påverknad og landskapsøkologi, medan den ikkje når terskelverdien for raudlistearter. Dette gir grunnlag for å gi lokaliteten lokal verdi (C).

Skjøtsel og hensyn: Utfyllinga i sørvest, i Haugesund, må avsluttast, samtidig som arbeidast for å redusere tilsig av plantenæringsstoffer frå kringliggande kulturmark.

.....

176 Rossabø nord

Kystmyr – Annen kystmyr Verdi: C Areal : 4,02 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringer frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for bustadfeltet Rossabø og sørvest for Lysskarfjellet i Haugesund by. Den omfattar myrareal inntil et lite tjørn omgitt av furuskog og blandingsskog på fastmark. Berggrunnen i området består av fin til middelskorna granitt, stadvis forgneisa. Lokaliteten ligg ei eit markert søkk i terrenget.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Tjørn med intakt kystmyr rundt; hovudsakeleg intermedier minerotrof fastmattemyr (L2) dominert av trådstarr, flaskestarr og blåtopp, men med innslag av mykmattemyr (L3a) dominert av duskmyrull, elvesnelle og hvitmyrak ut mot tjørnet. Parti med fattig fastmattemyr inngår også.

Artsmangfold: Av andre typiske artar for fattig og intermedier myr vart bukkeblad, pors, blåknapp, rome, myrhatt, småbjørneskjegg og storbjørneskjegg registrert. I vasskanten og i lausbotnhøl vart også rundsoldogg, småvasssoleie, ryllsiv, knappsiv og elvesnelle funnen. Eit ubestemt starr i gulstarrgruppa vart også registrert.

Bruk tilstand og påvirkning: Det vart ikkje registrert inngrep eller andre negative påverknader på lokaliteten.

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Det er naturleg nok få intakte myrområder i Haugesund by, men myra inngår i eit større friluftsområde mellom bustadfelta i denne delen av byen.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på tilstand/hydrologi (intakt) og biogeografi (boreonemoral sone), middels vekt på typevariasjon (anna kystmyr) og låg vekt på størrelse (under 5 daa). Dette gir grunnlag for å sette verdien lokalt viktig (C) på myra.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at lokaliteten ikkje utsetts for inngrep.

.....

177 Steinsfjellet

Kystlynghei – Fattig tørrhei Verdi: A Areal : 1234,86 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 1.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidlegare kartlagd ei stor kystlynghei med verdi A i området (BN00082289, Aust for Steinsfjellet). Avgrensinga av denne er endra noko, samstundes som beskrivinga er oppdatert etter siste mal frå Miljødirektoratet.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Skåredal/Toskatjørn og Krokavatnet heilt aust i Haugesund kommune. Den grensar mot ei stor kystlynghei i Tysvær kommune mot aust, medan det elles er gjengroande lynghei rundt lokaliteten.

Lokaliteten omfattar Steinsfjellet, Kringsjø, Tømmerdal og områda aust for Stakk. Berggrunnen i området består for det meste av fin til middelskorna granitt, med innslag av migmatitt og metadioritt i nordre del. Eksposisjonen varierer mykje, då det er snakk om eit landskap bråte opp av bratte kollar og knausar, der relieffa går både sørvest-nordaust og søraust-nordvest.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Kystlynghei med innslag av kystmyr i søkk. Fattig tørrhei med røsslyng og klokkeling er dominerande delnaturtype, men det er også ein god del fattig fukthei, dels i overgang mot myr. På dei beste beita knausane er det utvikla naturbeitemark med frisk fattigeng av gulakstype (G4a). Lundberg (2010) registrerte fylgjande vegetasjonstypar i området: H1a tørr lynghei, røsslyng-utforming, H1b tørr lynghei, purpurlyng-utforming, H5 kystfjellhei med dvergbjørk, K3b fattig fastmattemyr, røsslyng-kysthei-utforming og L3 intermedier mjukmatte/lausbotnmyr.

Artsmangfold: Purpurlyng (NT) er sjeldsynt i tørrheia, som elles har innslag av kystmyrklegg, tepperot, kystmaure, blåbær, finnskjegg og geitsvingel. I fuktheia inngår også bjørneskjegg, rome, kornstarr, duskmyrull og blåtopp. Partia med frisk fattigeng

hadde artar som kjertelaugnetrøst, smalkjempe, blåklomme, kystgrisøyre, finnskjepp og ryllik. Lundberg (2010) registrerte 90 planteartar på lokaliteten, og han trekker m.a. fram dvergbjørk, heiblaufjor, bjørnkam og skrubbaer. Han seier vidare at artar som steinskjett, heipierke, orrfugl, bergirisk og hare har tatt seg opp att etter at lyngbrenninga tok til att på 2000-talet, og at det same gjeld firfisle, stålmorm, huggorm, padde og frosk. Det er i tillegg registrert ei rekkje raudlista fugl på Steinsfjellet, m.a. svartstrupe (NT) på 1990-talet (Artsobservasjonar). John Inge Johnsen fant kystgragtelg (DD) på Steinsfjellet i 2007 (Artskart). **Bruk tilstand og påvirkning:** Frå tidleg på 1990-talet har området vore beita av villsau frå Kringsjå samdrift. I 2010 var det om lag 80 vinterfôra sauer på beitet i området; 170-180 om sommaren (Lundberg 2010). Hevda er god, dvs. at heia vert halden open og med store areal med godt beitetrykk. Lyngbrenning vart teken opp att rundt 2002/03, og sidan den gang har m.a. sørsida av Buafjellet, heile Trongjå og sørsida mot Fedjedalen verte brent (Lundberg 2010). Det største inngrepet i området er skogplantinga. Den tok til omkring 1920 og det er planta om lag 100.000 tre. Dei fleste av desse er framande treslag som ikkje høyrer heime i regionen, som kvitgran, normannsgren, sitkagran, norsk gran og buskfuru (Lundberg 2010). Dei attverande plantefelta er utanfor avgrensa lokalitet, men fleire av artane har spreidd seg med einskilde tre in i lyngheia.

Fremmede arter: Se ovanfor.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten er ein del av eit stort samanhengande lyngheiområde som strekker seg over til Førre i Tysvær.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på tilstand (i bruk med beite og brenning, open mark med einskilde tre) og størrelse (1227 daa) og middels vekt på påverknad/bruk (moderat til svak påverknad av framande artar) og raudlisteartar (2 NT-/DD-artar). Dette gjer grunnlag for å setja verdien svært viktig (A) på lokaliteten (høg vekt på størrelse og tilstand).

Skjøtsel og hensyn: Brenning av stadig større delar av heia anbefalast å helde fram saman med beite med utgangarsau. Plantefelt inntil og framande treslag innfor lokaliteten bør fjernast.

.....

178 Tresberg

Kystlynghei – Rik tørrhei Verdi: B Areal : 16,7 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidlegare kartlagt ei stor lokalitet med rikt strandberg (uten navn) med verdi B som omfattar den nordre delen av lokaliteten og nordover langs sjøen til Kvalsvik (BN00008995). Denne har etter kartlegging i 2014 blitt splitta i fleire lokaliteter med ulike naturtyper og verdi.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langs sjøen sørvest for Haraldshaugen Camping i nordre del av Haugesund by og omfattar ei gjengroande lynghei omkransa av opparbeida areal på campingplassen og strandberg. Berggrunnen i området består av granatførande fyllitt ut mot sjøen og båndet kiselstein inn mot campingplassen. Eksposisjonen varierer, med mest sørvestvende knausar mot Gardsvika.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Rik og tørr kystlynghei i attgroing med einer, rogn og fagerrogn, men fortsatt med opne lyngparti og godt restaureringspotensial. Det er for det meste snakk om røsslyngutforming av tørrhei (H1a), med purpurlyngutforming (H1b) på små fyllittknatter ut mot sjøen. Det er også innslag av fukthei av røsslyng-purpurlyng-utforming (H3b). Inne på campingplassområdet er det små knausar som slås med plenklipper som heng saman med lyngheia og er inkludert i lokaliteten.

Artsmangfold: Forutan purpurlyng (NT) vart m.a. blåklomme, blåknapp, gulaks, geitsvingel, hårsveve, kystgrisøyre, kystbergknapp, tepperot, blåtopp, stjernestarr, heisiv, knappsv, tiriltunge, kjertelaugnetrøst, bjørneskjepp, smalkjempe, mørkknoppurt, smørbusk og skjermesveve registrert. Inne på campingplassen vart også grå vokssopp påvist.

Bruk tilstand og påvirkning: Området beites ikkje lenger, men deler av heia vert halden open av trakk. Gjengroingstendensane er tydelege, men restaureringspotensialet er godt.

Fremmede arter: Noko raudhyll spreitt.

Del av helhetlig landskap: Det er fleire lyngheia og naturbeitemarkar langs sjøen vidare nordover i Gardsvika, og sjølv om desse også har manglande eller svak hevd, kan lokaliteten fortsatt seiast å vere ein del av eit heilskapeleg kulturlandskap nord for Haugesund by.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten middels vekt for påverknad/bruk (moderat påverknad av framande artar) og størrelse (17 daa), medan den berre når låg vekt på tilstand (hovudsakeleg gammal lyng, låg til middels tresjikt-tettheit) og raudlisteartar (1 NT-art). Samla sett gjer dette grunnlag for å setje verdien viktig (B) på lokaliteten (middels vekt på størrelse kombinert med låg vekt på tilstand).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er om beiting takast opp att. Framande artar bør fjernes.

.....

179 Førland

Rik edellauvskog – Lågurt-hasselkratt Verdi: C Areal : 2,88 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er kartlagt en tilsvarande lokalitet med rik edellauvskog her tidlegare (BN00008988, ikkje gitt namn, verdi C). Denne erstattas av lokaliteten som vert beskrive her (BN-nummer beholdas).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Førlandsvatnet og Nesavatnet nord for Haugesund. Den er avgrensa av veger mot sør og aust, medan fattig blåbæreskog står inntil lokaliteten i vest og nord. Berggrunnen i området består av gabbro, og lokaliteten ligg på sørsida av ein knaus.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Rike hasselkratt med eik og osp i tresjiktet. Hassel dannar hovudsakleg busksjiktet, men er også høgaste treslag i parti. Hasseltrea er til dels svært gamle og grove for denne arten (opptil 8 m høge og 30 cm i diameter i brysthøgde).

Artsmangfold: Det vart påvist få artar på lokaliteten, med hasselskrubb som det mest interessante funnet.

Bruk tilstand og påvirkning: Skogen har truleg blitt beita tidlegare, og med unntak av hasseltrea er skog relativt ung. Det går ei kraftlinje med ei ryddebelte på 5-10 m gjennom lokaliteten.

Fremmede arter: Ei eldre norsk gran.

Del av helhetlig landskap: Det er registrert få rike edellauvskogar i denne delen av Haugesund kommune.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten middels vekt på størrelse (3 daa), påverknad (moderat intakt), habitatkvalitet og framande artar, medan den berre når låg vekt for de andre parameterane. Samla sett gjer dette grunnlag for å setje verdien viktig (B) på lokaliteten, men verdien setts ned til lokal verdi (C) ut frå fagleg skjønn.

Skjøtsel og hensyn: For å bevare naturverdiane bør det ikkje foretas hogst av hassel. Framande artar bør fjernes. Beite vil vere positivt.

.....

180 Bellevue

Slåtteeng – Fattig slåtteeng Verdi: C Areal : 0,89 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det føreligg ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør for Bellevue, mellom Grønhaug og Saltveit i Haugesund sentrum. Den er klemte inne mellom forretningsområde og bustadfelt, men har ein skogkledd kulle mot nord. Mot sør er det gradvis overgang til sterkare gjødselprega, gjengroande slåttemark. Berggrunnen i området består av gabbro, og lokaliteten ligg i ein sør- og vestvendt skrånning.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Fattig til middelsrik gjengroande slåttemark med mørkknoppurteng i mosaikk med gulakseng (G4a). Det står nokre tre av ask (NT), rogn, platanlønn og rognasal i kanten og på ein grunnlendt knaus midt i slåttemarka.

Artsmangfold: Engene hadde artar som knollerteknapp, tepperot, blåknapp, kystgrisøyre, blåklukka, smalkjempe, geitsvingel, hårsveve, bleikstarr og småsyre. I ein smal kant mellom enga og skogen mot nord gjekk også røsslyng og purpurlyng (NT) inn. Her vart også kristtorn registrert, medan ein liten småasal (NT) stod på knausen ute på slåttemarka.

Bruk tilstand og påvirkning: Den jamne overflata peiker klart i retning av at dette har vore slåttemark tidlegare, men det har neppe verte slått her på fleire generasjonar. Truleg har lokaliteten blitt beita fram til ganske nyleg.

Fremmede arter: Noko platanlønn i kantane, samt framand mispelart.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg mellom bustadfelt midt inne i Haugesund by og kan ikkje seiast å vere noko del av eit heilskapleg kulturlandskap lenger.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten middels vekt på størrelse (0,9 daa), artsrikdom (3 NT-artar) og tilstand (lite gjengroingspreg, open mark med svært låg tresjikt-tettleik) og låg vekt på påverknad (opphør slått for mer enn 40 år sidan), typevariasjon (en grunnstype i NiN) og landskapsøkologi (1-5 km til næraste verdifulle kulturmark). Samla sett gjer dette grunnlag for å sette verdien viktig (B) på lokaliteten, men verdien setts ned til lokal verdi (C) pga. manglande hevd og at raudlisteartane ikkje er knytt til slåttemark.

Skjøtsel og hensyn: Det er sterkt ønskelig at slått takast opp att. Beite vil også vere positivt (eventuelt etterbeite). Slåtten bør foretas på ettersommaren, gras fjernast etter å ha låge nokre dagar og tørka på bakken.

.....

181 Suggevågen

Poller – Verdi: C Areal : 5,6 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Miljøfaglig Utredning ved Bjørn Harald Larsen den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er tidlegare kartlagt ein brakkvannspoll her utan namn og med lokal verdi (BN00009000), som erstattast av lokaliteten som vert beskrive her (avgrensing endras, BN-nummer beholdas).

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord-nordvest for busetnaden på Røvær, mellom Brøvaren og Seivågen. Den er omgitt av beita kystlynghei og avgrensinga er satt i strandlinja. I aust er den avgrensa av ei terskel der det går ei bru over pollen, ut mot sjølve Suggevågen. Berggrunnen i området består av gabbro.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Små grunne brakkvannspollar faller mellom to stoler i dagens kartleggingssystem. I handbok for marin naturtypekartlegging er poll eigen naturtype, men inkluderer ikkje dei grunne brakkvannspollane. Desse vart tidlegare fange opp av DN-handbok 13 under typen brakkvannspoll (G08), men er så langt ikkje inkludert i utkast til ny veileder for naturtypekartlegging. Difor vert lokaliteten kartlagt som poll etter det gamle systemet inntil vidare.

Artsmangfold: Det vert ikkje gjort registreringar ute i sjøen, og lokaliteten er kartlagt berre som ein interessant marin førekomst.

Bruk tilstand og påvirkning: Det vart ikkje registrert andre inngrep enn brua med fylling over terskelen i aust. Strandengene inntil vågen beites godt av sau.

Fremmede arter: Ikkje registrert.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit stort og heilskapleg kulturlandskap med innslag av våtmark og verdifulle marine miljø på Røvær.

Verdivurdering: Det er ikkje mulig å verdisetle lokaliteten med faktaarka som er utarbeidd hausten 2014. Lokaliteten er liten, men naturtypen er i seg sjølv interessant nok, og difor får lokaliteten verdien lokalt viktig (C).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at lokaliteten ikkje utsetts for inngrep. Beite med sau på strandengene inntil lokaliteten er positivt.

.....

200 Hagland I

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: B Areal : 28,75 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Tidlegare har lokaliteten blitt registrert av Anders Lundberg (12.06.2008). Området til Lundberg er delt opp i to delar. Informasjon frå tidlegare kartlegging er beholden.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Området ligg på sørsida av grusvegen til leirstaden Ravnafloket, sør for Kvednavatnet. I søraust grensar området mot Rennevatnet. Området er delvis kupert, og vekslar mellom små kollar og søkk. Eit lite vann (oppdemt) med kvit nøkkerose, flasketarr og myrhatt er skiljet ut frå avgrensinga. Berggrunnen er fattig (tonalittisk gneis) og lausmasselaget består av morene.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som naturbeitemark med delnaturtypen fattig beiteeng. Vegetasjonen dominerast av grasmak som blir brukt til beite. Naturbeitet er ekstensivt beita og vegetasjonen er artsrik. Den grasdominerte beitemarka har fleire tidlegare registrerte vegetasjonstyper: G1a Fuktig fattigeng. Heisev-utforming G1b Fuktig fattigeng. Knappev/lyssev-utforming G4a Frisk fattigeng. Engkvein-raudsvingel-gulaks-eng, vanleg utforming G4b Frisk fattigeng. Engkvein-raudsvingel-gulaks-eng, jordnøtt-utforming. I 2014 blei ei lang rekke naturengartar, typisk for fattig beitemark, registrert: gulaks, tepperot, blåknapp, kattedot, smalkjempe, markjordbær, hårsveve, kystgrisøyre, kystbergknapp, ryllik, engkvein, kjerteløynebrøst, blåklukka, følblom, bjørnkam, tiriltunge, solblom og legeveronika. I grasmakene som inneheld solblom er det også godt med kattedot, ein art som har gått tilbake i distriktet dei siste tiåra. Heiblafrør er vanleg. Den mest talrike urten i grasmakene er likevel jordnøtt, og her og der finst slektningen karve. Karve var vanleg i kulturlandskapet på Haugalandet, men store mengder gjødsel har tatt knekken på han dei fleste stader. Kystgrisøyre er talrik i grasmakene. Innenfor avgrensinga voks også myr og fuktheiartar som rome, heisiv, myrflod og skrubbe, i tillegg til kystlyngheiarten purpurlyng.

Artsmangfold: Blant beitemarkssopp blei kun liten mønjevokssopp registrert i 2014. Til sammenligning blei det funne fleire andre artar beitemarkssopp i andre naturbeite ved Hagland ved befaring. Solblom (Arnica montana, VU) finst i dei delane av grasmarka som ikkje er gjødsla. Førekomsten av solblom er vurdert av Anders Lundberg i 2008 som den mest talrike på Haugalandet, og truleg den største i Rogaland og ein av dei aller største på Vestlandet. Arten var svært vanleg på Haugalandet inntil for to-tre tiår sidan, men har hatt ein dramatisk tilbakegang etter det. Purpurlyng (NT) veks òg i naturbeitet.

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten blei ved befaring i 2014 beita av sau, mens det ved befaring i 2008 gjekk unge stutar her. Nordvest for avgrensinga ligg et område med gjødsla beitemark. Gjødslinga skjer på flatene, der det er lettare å kome til med traktor, men bonden fortel at dei spreier fullgjødsel for hand også, der dei ikkje kjem til med traktoren (Lundberg 2010). I kantsona

mot gjødsla areal veks mange næringskrevjande artar, mellom anna åkertistel, engsoleie, kjeldeurt (særs talrik) og gras som likar feit jord (smyle, knereverumpe, engrapp, tunrapp).

Fremmede arter: Problemmarten landøyde (*Jacobaea vulgaris*) veks sparsamt på beitet. I skrenten ned mot vegen veks sitkagran som har spreidd seg fra sitkaplantefelt i nærleiken.

Del av helhetlig landskap: Det finst fleire viktige kulturmarker (kystlyngheier og naturbeitemarker) rett i nærleiken.

Verdivurdering: Førekomsten av solblom (VU) og andre regionalt sjeldsynte artar gjer at området er særskild verdifullt i høve til biologisk mangfald. Slik området trer fram i dag, blir verdien sett til B. Opphør av bruk av fullgjødsla, vil kunne endre statusen til A.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt beite vil vere gunstig for det biologiske mangfaldet. Å kutte vidare spreiding av fullgjødsla heilt vil gi området moglegheit til å oppretthalde eller heve verdien over tid.

.....

201 Svehaug

Kystlynghei – Fattig tørrhei Verdi: B Areal : 187,42 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er tidlegare registrert av Anders Lundberg (12.06.2008). Området til Lundberg er delt opp i to delar, hvorav lokaliteten skildra her er ny. Informasjon fra tidlegare kartlegging er beholden.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Området ligg på sørsida av grusvegen til leirstaden Ravnafloket, sør for Kvednavatnet. I avgrensinga inngår haugane Svehaug og Bogshamnshaugen, medan naturbeitemarken rett nord for Rennevatnet ikkje inngår. Området er delvis kupert med veksling mellom små kollar og søkk. I området er det fem-seks vatn, i tillegg til små kulpar og våte søkk som i stor grad bidrar med variasjon i habitat- og artsmangfald. Namnet Svehaug indikerer at det blei svidd her i eldre tider. Dette viser at lyngbrenning har lang tradisjon i området. Berggrunnen er fattig (tonalittisk gneis) og lausmasselaget, som overalt er tynt, består av morene.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Kystlyngheia har ei utstrekning nord-sør på om lag 350 m og i vest-aust på om lag 450 m. Kystlynghei dekkjer det meste av arealet, men i søkk mellom kollane finst ferskvatn og fattigmyr. I nordvest grensar området til eit plantefelt. Registrerte vegetasjonstypar i 2008 er først og fremst Tørr lynghei. Røsslyng-utforming K4b. I søkk finst Fattig mjukmatte/lausbotnmyr. Lausbotn-utforming (med duskull) O3 Elveneselle-starr-sump. Bukkeblad-utforming O3b Elveneselle-starr-sump. Flaskestarr-utforming P1a Langskot-vegetasjon. Kysttjørnaks-utforming P2 Flyteblad-vegetasjon. Andmat-utforming P2a Flyteblad-vegetasjon. Fløtgras-utforming P2b Flyteblad-vegetasjon. Nøkkerose-utforming P2c Flyteblad-vegetasjon. Vanleg tjørnaks-utforming.

Kystlyngheia er open og består av ein småmosaikk av tørr lynghei, naken berg, fuktig lynghei og små myrflekkear. Det er stort sett ikkje noko naturengareal innanfor avgrensinga og intilliggande beitemarker er kraftig gjødsla. I feltsjikt og logt busksjikt i kystlyngheia veks røsslyng, einer, purpurlyng, klokkeling, korstarr, blåknapp, rome, skrubbær, heisiv, tepperot, bjønnskjegg, mjølbbær, kvitmyrak og blåtopp. Vatna i området er frå naturen si side oligotrofe (naturleg næringsfattige), men er blitt gjødsla med åra og inneheld i dag også eutrofe (næringskrevjande) artar. Rundt det største vatnet er det mengder av flaskestarr og bukkeblad, sistnemde i uvanleg store mengder. Vassgro er godt etablert i vatn og dammar. Arten er heller sjeldsynt i distriktet.

Vassvegetasjonen er elles sett saman av nysame artar, som elveneselle, fløtgras, vanleg tjørnaks, kysttjørnaks, sumpsevak, kvit nøkkerose og gul nøkkerose, og meir næringskrevjande artar som kjempepigknopp, andmat, mannosotgras og tusenblad.

Artsmangfold: Purpurlyng (NT) finst spreidd i heile området. Kjeglevokssopp veks på liten engflekke ved gammelt militært bygg ved kysten. Liten mønjevokssopp finst i kant mellom myr og hei, lenger øst.

Bruk tilstand og påvirkning: I 2014 oppfattast kystlyngheia som noko attgroande og med svakt beitetrykk, særlig i dei ytre delane nærmast kysten. Større beitar i storparten av området, medan sau beitar lengst nordøst. Det er ikkje nylig tegn til lyngbrenning og mange røsslyngtuer begynner å bli eldre. I tilgrensande areal som ikkje blir beita er lyngheien meir gjengrodd både med høgvokst lyng og einer og det er større innslag av sitkagran. I område finst to dammer, dømt med betongmur. Vatnet blir brukt til husdyra og frakta med traktor til fjøset. Det er nokre bunkersar og utsiktspunkt/skytestillingar frå andre verdskrigen i området.

Fremmede arter: Enkelte sitkagraner står innanfor avgrensinga. Det er planta sitka i to plantefelt nær opp til lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Det finst fleire viktige kulturmarker (kystlyngheier og naturbeitemarker) rett i nærleiken.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert desember 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på tilstand (brukast i form av beite, men er ikkje svidd i det siste og partier med noe preg av attgroing ut mot kysten), middels vekt på størrelse (187 daa) og påverknad/bruk (svakt påverka av framande artar), samt låg vekt på raudlisteartar (1 NT-art). Samla sett gjer dette grunnlag for å sette verdien viktig (B) på lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt beite vil vere gunstig for det biologiske mangfaldet. Delar av området bør brennes av for å oppretthalde ein lavvokst kystlynghei. Sitkagran bør bekjempes i området, før den blir ein problemart på ordentleg. Gjødsla vil øydelegge naturverdiane.

.....

202 Hammaren

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: C Areal : 22,16 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ein kulle (Hammaren) ved Viksefjorden i nordre del av Haugesund kommune i Rogaland. Lokaliteten omfattar eit kolleparti med naturbeitemark. Lokaliteten grensar i nord og nordvest mot gjødslet innmark, i sør mot sjøen og i øst mot krattvegetasjon, vei og hage. Berggrunnen i området består av tonalittisk gneis. Lausmassar manglar stort sett.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som naturbeitemark og er en godt nedbeita beitemark med noe preg av gjødsla, men godt innslag av naturengartar. Beitet er grasdominert med innslag av artar som gulaks, blåklokke, tepperot, geitsvingel, purpurlyng (NT), aurikkelsveve, heiblaufjor, føblom, engfrytle, ryllik, tirltunge, smalkjempe, kystmaure, finnskjegg, kystmyrklegg og hjertegras. Naturengartene foredele seg spreidd i naturbeitemarken og er vanlegast på skrinne koller og i skrentar. Ned mot sjøen og i nord er det en del ungskog innanfor avgrensinga.

Artsmangfold: Purpurlyng (NT) veks nokså sjeldsynt på naturbeitemarka. Her veks også enkelte beitemarkssoppar som liten mønjevokssopp. Dei er spreidd utover. Hjertegras blei funne. Dette er ein sjelden art i kommunen som såvidt ikkje er raudlista.

Bruk tilstand og påvirkning: Beitemarka er godt nedbeita og beitast med sau. Den har tidlegare vore noko gjødsla og naturengartane forekom spreidd. Noko attgroing ned mot sjøen i sør og mot veg og hage i øst.

Fremmede arter: Det blei ikkje registrert framande artar innanfor avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg nær opp til store arealer kulturmark i nordvestre del av kommunen.

Verdivurdering: Ut ifrå utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten høg vekt for storleik, og låg vekt for artsmangfald/raudlisteartar. Lokaliteten er i god hevd med beite idag, er lite gjengrodd og er ikkje prega av framande artar, men har vore gjødsla tidlegare. Den får derfor låg til middels vekt på tilstand og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane vil være å halde fram med beite, gjerne med storfe. Gjødsla vil redusere dei biologiske verdiane i lokaliteten og bør unngås.

203 Litle Hagland Ø

Hagemark – Fattig hagemark med edellaubtrær Verdi: B Areal : 54,91 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten ligg i Naturbase frå tidlegare, men skildring manglar. Lokaliteten har fått ny avgrensing og skildring.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i skrenten ned mot fjorden, lengst øst på ein halvøy i nordvestre del av Viksefjorden, i nordvestre del av Haugesund kommune. Lokaliteten grensar i øst og sør mot fjorden og i nord og vest mot gjødslet innmark. Søndre del av lokaliteten er ikkje i bruk som hagemark og er i ferd med å utvikles til skog.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld fattig (til intermediær) hagemark med edelløvtrær, men lokaliteten varierar frå fattig til intermediær og det er både bjørk, osp, einer, hassel, eik og andre boreale tre og edelløvtrær innanfor avgrensinga. I nordre del er det open hasselhage med bjørk og einer og innslag av små opne engparti. Midt i lokaliteten er det foruten hassel også mykje eik (fleire grove) og her kommer òg lind og andre edelløvtrær inn. Lengst sør og i den sørvendte delen av avgrensinga gjeng hagemarken nesten over i edelløvsog, men tidlegare bruk har vore beite. I nordre del av lokaliteten preges hagemarken av hasselkjerr, grove einer og grove, fleirstammede bjørkar. Fleire hasselkjerr har stammar på opp til 20 cm i diameter, inkludert døde stammar. Det kommer inn osp og eik med brysthøydiameter på 25-40 cm. Død ved av fleire treslag finst her. Feltsjiktet er fattig med artar som blåkløkke, bjørnkam og blåbær og på opne engpartier gulaks, tepperot, engkvein og geitsvingel. Midt i lokaliteten, ved bekkeutløpet blir vegetasjonen rikere og her veks ein god del kusymre i feltsjiktet, saman med liljekonvall, skogburkne og høgvokste gras. Her veks fleire eiker (fleire på 50-60 cm i DBH) og lindetre veks i blokkmark ved bekken. Ein eik målar 80 cm i brysthøydiameter og er derved ein forskriftseik. Den veks i bergroten og deler seg i to ca. 2.5 m over bakken. Den har en vid krone ut mot fjorden. Stammen begynner å få barksprekker. Stammen er mosedekt inn mot bergveggen. Det veks noko knappenåslav på stammen og eika er angrepet av svovelkjuke. Det ble ikkje registrert sjeldne artar på eller i eikestammen, men insektsmangfald blei ikkje undersøkt. Sør for bekken er hagemarken tydeleg mer atgrodd. Her er det stedvis svært tette hasselkjerr og dårleg utviklet feltsjikt. I den sørvendte skrenten veks løvskog, med godt innslag av edelløvtrær, på gammel hagemark.

Artsmangfold: Noe potensial for markboende sopp knyttet til hassel og artar tilknyttet gamle trær og død ved. Det ble ikkje registrert sjeldne artar ved undersøkinga.

Bruk tilstand og påvirkning: Fleire steingjerde og steinrøyser finst i lokaliteten, i tillegg til enklere gjerder frå forskjellige tider. Det ligg eit hus med liten hage i lokaliteten. Nordre del av arealet blei brukt til saubeite inntil for 7 år siden.

Fremmede arter: Platanlønn (SE) veks mellom anna i hagemarken rett øst for gården Litle Hagland. Her voks òg eple (Malus x domestica, SE).

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligger nært opp til flere viktige kulturmarker i nordvestre delen av Haugesund kommune.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for hagemark får lokaliteten høg vekt for storleik (55 daa), og lav vekt for arts mangfald/raudlisteartar. Lokaliteten er i tidleg atgroingsfase og her finst fleire grove tre. Dette gir middels vekt på tilstand. Det er i nordre del mindre enn 10 år tilbake at hevdn opphørte, mens det i søndre del er mer uklart. Lokaliteten ligger nært opp til flere verdifulle kulturmarker. Dette gir høg vekt for påvirkning og landskapsøkologi. Det er få funn av framande artar. Samla vurderast lokaliteten som viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for de biologiske mangfaldet vil være å bruke arealet til eksensivt beite, gjerne med storfe. Det kan med fordel onast opp rundt store eiker. Gamle hasselkjerr med døde stammar bør ikkje hogges, men boreale løvtrær, ung hassel og bartre kan tas ut for å gi mer sol til feltsjiktet. Arealet bør ikkje gjødsles.

204 Bergafjellet S

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: C Areal : 14,26 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Bergafjellet i nordre del av Haugesund kommune i Rogaland. Lokaliteten omfattar topppartiet og ein bratt sørvendt skrent med naturbeitemark. Lokaliteten grensar i alle retningar mot fullgjødslet beitemark. Berggrunnen i området består av tonalittisk gneis. Lausmassar manglar stort sett.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som naturbeitemark og er godt nedbeita ved befaring. Den har noko preg av gjødsling, men har eit godt innslag av naturengarter. Beitet er grasdominert med innslag av artar som purpurlyng (NT), kystgrisyre, føyblom, tepperot, gulaks, blåkløkke, røsslyng, smalkjempe, legeveronika, hårsveve, fagerperikum, øynetrost sp., sausingel, geitsvingel og tirlunge. Naturengartene veks spredd i naturbeitemarken og er vanlegast på skrinne koller og i bratte skrenter.

Artsmangfold: Purpurlyng (NT) veks nokså sjeldsynt naturbeitemarken. Her veks også enkelte beitemarkssopp som liten mønjevokssopp.

Bruk tilstand og påvirkning: Beitemarka er godt nedbeita og beitast med sau. Den har noko preg av gjødsling og naturengartene forekommer flekkvis. Noko atgroing med sitkagran i gjengroende gjødsla beite sør for lokaliteten.

Fremmede arter: Det ble ikkje registrert framande artar innanfor avgrensinga, men sitkagran (SE) vokser på atgrodd mark i sør.

Verdivurdering: I henhold til utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten høg vekt for storleik, og låg vekt for arts mangfald/raudlisteartar. Lokaliteten er i god hevd med beite idag, er ikke gjengrodd og er ikke preget av framande artar. Den omgis av gjødslet beite i laveliggende partier. Den får derfor låg til middels vekt på tilstand og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for de biologiske verdiene vil være å holde fram med beite, gjerne med storfe. Gjødsling vil redusere de biologiske verdiene i lokaliteten og bør unngås.

205 Løkjen

Vannkantsamfunn – Elvesnelle-starrsump Verdi: B Areal : 27,24 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten ligg i Naturbase frå tidlegare (som lokalt viktig rikmyr, lagt inn 26.11.2001), men skildring manglar. Avgrensing og skildring er oppdatert.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten utgjør av eit fuktparti (Løkjen) som ligg ved Hagland i nordvestre del av Haugesund kommune. Bekken som renn ut frå Løkjen munner i Viksefjorden nord for Litle Hagland. Sumpområdet ligg i eit søkk og grensar til veg, naturbeitemark, kystlynghei og atgrodd kystlynghei. Berggrunnen i området består av tonalittisk gneis og metadioritt. Lausmassar manglar stort sett.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som vasskantsamfunn av typen elvesnelle-starrsump. Store deler er svært våte og dominerast av størr og sneller. Det ble registrert sumpartar som elvesnelle, flaskestorr, myrhatt, vendelrot, blåttåtel, sløke, mjødukt og strandrøyr. I kantane veks vierkratt (mye øyrevier).

Artsmangfold: Det er eit visst potensial for øyestikkere og andre insekt knytta til vassdrag og våtmark, men ingen sjeldne artar blei påvist.

Bruk tilstand og påvirkning: Området har trolig vore i bruk til slått i eldre tider.

Fremmede arter: Det blei ikkje registrert framande artar innanfor avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Vestre del av lokaliteten grensar mot viktige kulturmark (naturbeitemark og kystlynghei).

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse (27 daa), stabilitet (stabilt system), framande artar (ingen registrert) og påverknad (ubetydeleg påvirket), medan den berre når låg vekt for artsrikdom (under 10 karplanter). Den oppnår ikkje terskelverdien for raudlisteartar. Verdien blir satt til viktig (B) basert på disse vektene.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at lokaliteten ikkje blir utsatt for inngrep, men slått kan vurderast.

.....

206 Bergafjellet Ø

Kystlynghei – Fattig fukthei Verdi: B Areal : 93,69 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust for Bergafjellet i nordre del av Haugesund kommune i Rogaland. Lokaliteten omfattar ei kystlynghei med noko innslag av naturbeitemark og myr. Lokaliteten grensar i nord mot plantefelt med gran (hvitgran?), i vest mot gjødsla beite, i sør mot attgroende kystlynghei og i aust mot veg og innsjø. Berggrunnen i området består av tonalittisk gneis og lausmassar manglar stort sett.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Kystlynghei med innslag av naturbeitemark i nordvest og av kystmyr i lavereliggjande parti. Fattig tørrhei med røsslyng finst på knausar medan fattig fukthei finst på flater og i grensesonen mot myr. I nordvest er eit parti med naturbeitemark. På kystlyngheia veks røsslyng, gjeitesvingel, blåknapp, kornstarr, med innslag av fagerperikum, purpurlyng (NT), og kystgrisor. Myrflor, klokkeling og rome kjem inn i overgangen mot myr. Torvmoser i botnsjikt i fukthei og myr. I engpregete partier i nordvest veks kystmaure, blåtopp, tepperot, gulaks og mye engkvein i grensesonen mot gjødsla beitemark.

Artsmangfold: Purpurlyng (NT) veks nokså sjeldsynt i heia. I naturbeitemarka veks enkelte beitemarkssopp, blant annet kantarellvokssopp og liten mønjevokssopp.

Bruk tilstand og påvirkning: Noko attgroing i engparti, særlig med vierkratt og bjørk. Området blir beita med sau. Beitehevdar er god i vestre deler, medan attgroinga i kystlyngheia aukar austover. Heia vert halden open og med store areal med godt beitetrykk. Lyngbrenning ser ikkje ut til å ha vorte brukt i seinare år.

Fremmede arter: Det blei registrert enkeltforekomster av framande graner (trolig hvitgran) innanfor avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg nært opp til store lyngheier i nordøstre del av kommunen.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert desember 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på tilstand (i bruk med beite, men ikkje svidd i det siste og partier med noko attgroing mot øst), låg til middels vekt på størrelse (94 daa) og middels vekt på påverknad/bruk (svakt påverka av framande artar). Lokaliteten får låg vekt på raudlisteartar (1 NT-art). Samla sett gjer dette grunnlag for å setje verdien viktig (B) på lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt beite vil vere gunstig for det biologiske mangfaldet. Delar av området bør brennes av for å oppretthalde ein logvokst kystlynghei. Framand gran bør bekjempes i området, før den blir ein problemart på ordentleg. Gjødsling vil øydelegge naturverdiane.

.....

207 Store Hagland NØ

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: C Areal : 3,36 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ein liten, markert kolle nordøst for Store Hagland på aust/sørsiden av vegen i nordre del av Haugesund kommune i Rogaland. Lokaliteten grensar i sør, vest og nord mot veg og i øst mot gjengrodd beitemark. Berggrunnen i området består av tonalittisk gneis. Lausmassar består av eit tynt lag av morene.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som naturbeitemark av typen fattig beiteeng. Beitet er grasdominert med innslag av artar som tepperot, gulaks, kystmaure, blåklokke, hårsveve, ryllik, føyblom, finnskjegg, smyle og geitsvingel.

Artsmangfold: Fleire beitemarkssopp blei registrert, men ingen sjeldne artar: spissvokssopp, liten mønjevokssopp, gul vokssopp, artsmangfald/raudlisteartar, tilstand og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Bruk tilstand og påvirkning: Beitemarken er ikkje i hevd 2014 og er i tidleg gjengroingsfase. Einer brer ut seg og det er strø i feltskjiktet.

Fremmede arter: Det blei ikkje registrert framande artar innanfor avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg nært opp til store arealer med biologisk interessant kulturmark i nordvestre del av kommunen.

Verdivurdering: I henhold til utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten høg vekt for storleik, men lav vekt for artsmangfald/raudlisteartar, tilstand og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane vil vere å rydde einer og gjenoppta hevd med beite (gjærne storfe) og/eller slått. Gjødsling vil redusere dei biologiske verdiane i lokaliteten og bør unngås.

.....

208 Linvegen

Slåtteemark – Fattig slåtteeng Verdi: C Areal : 0,46 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i en søraustvendt skrent i austre del av en langstrakt ås ved Linvegen, sørvest for Viksefjorden i nordre del av Haugesund kommune. Lokaliteten grensar i alle retningar mot meir atgrodd eller gjødsla tidlegare open mark. Berggrunnen i området består av intermedier til basisk laminert gneis. Lausmassar består av eit tynt lag av morene.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som slåtteemark av typen fattig slåtteeng, men kan også ha vært beita. Engen er urtedominert med artar som blåknapp, tepperot, ryllik, smalkjempe, hårsveve, føyblom, engknoppurt, kystgrisor, tiriltunge, gulaks, geitsvingel, og purpurlyng (NT). Urtane veks jamnt fordelt på heile arealet.

Artsmangfold: Slåtteemarka er urterik og ligger solrikt. Det er stor insektaktivitet, men insektartar blei ikkje kartlagt. Purpuslyng (NT) finst spreidd.

Bruk tilstand og påvirkning: Slåtteemarka er ikkje i hevd 2014 og er i gjengroingsfasen, med mye strø i feltskjiktet og bjørk, furu og hvitgran (?) i busk- og tresjikt. Lokaliteten grensar til ein hagemarkspregat furuskog med innslag av hvitgran. Trea ble plantet under krigen (1942-43).

Fremmede arter: Hvitgran (HI) og/eller sitkagran (SE) veks innanfor avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg nokså isolert frå andre areal med biologisk interessant kulturmark i nordre del av kommunen.

Verdivurdering: Slåttemarka er urterik, men det ble kun registrert ein raudlisteart (purpurlyng, NT). I henhold til utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten låg vekt for storleik, artsmangfald/raudlisteartar, tilstand og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Fjerning av framande arter, rydding av kratt og hevd med slått krevjast for at lokaliteten skal oppretthalde eller vidareutvikla de biologiske verdiane. Gjødsling øydeleggjer verdiane.

.....

209 Vikse SØ

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: C Areal : 12,67 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ein vestvendt og sørvendt skrent søraust for Vikse og og nordvest for Dyrtyørn i nordre del av Haugesund kommune. Lokaliteten grensar i aust mot eit høgvekst granplantefelt med hvitgran, mens avgrensningane i dei andre retningane er meir diffuse; i sør blir lokaliteten gradvis meir atgrodd og i vest overgår engen meir i atgrodd fukthei/myr nedenfor kollen. Berggrunnen i området består av stedvis forgneiset granitt og lausmassar består av eit usamanhengande lag av morene.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som naturbeitemark av typen fattig beiteeng. Engen er rik på naturengartar som er godt spredd på heile arealet. Det blei registrert mykje smalkjempe, blåklokke, ryllik og blåknapp. Jamnt spreidd i engen veks òg tiriltunge, hårsveve, kystgrisøre, geitsvingel, tepperot, gulaks, tyttebær, kystmaure, følblom, legeveronika, purpurlyng (NT), klokkeling, hellsiv og fagerperikum. Det er eit stedvis svært tett busksjikt med einer og hvitgran (HI).

Artsmangfold: Gulfovokssopp (NT) blei registrert innanfor avgrensinga i 2006 av Per Fadnes. I 2014 ble gul vokssopp og brunfnokket vokssopp registrert. Purpuslyng (NT) finst spreidd.

Bruk tilstand og påvirkning: Engen er ugjødsel/svært lite gjødsla. Den har vore beita med storfe, men er i atgroingsfasen, med mykje strø i feltsjiktet og mykje einer og hvitgran (HI) i busksjiktet. Granplantefeltet i aust og busksjiktet i lokaliteten skygger delvis ut for feltsjiktet.

Fremmede arter: Hvitgran (HI) veks innanfor avgrensinga som småplanter og som store trær utanfor avgrensinga i øst.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg nokså isolert frå andre arealer med biologisk interessant kulturmark i nordre del av kommunen.

Verdivurdering: Beitemarka er urterik og det ble registrert purpurlyng (NT) i 2014 og gulfovokssopp (NT) i 2006. I henhold til utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten høg vekt for storleik, men låg vekt for artsmangfald/raudlisteartar, tilstand og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Fjerning av framande arter, rydding av kratt og hevd med beite krevjast for at lokaliteten skal oppretthalde eller vidareutvikle dei biologiske verdiane. Gjødsling øydeleggejr verdiane.

.....

210 Kalland I

Rik edellauvskog – Lågurt-eikeskog Verdi: C Areal : 6,90 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten ligg i Naturbase frå tidlegare, men skildring manglar. Avgrensing og skildring er oppdatert.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Skogen ligg i ein skrent nordaust for en grusveg (Halseidvegen 197) ved Kalland i nordre del av Haugesund kommune i Rogaland. Skogen grensar i sørvest mot grusvegen og i dei andre retningane mot atgroingskog og i nord innplantet gran (sitka?). Berggrunnen i området er migmatitt (intermediært) og lausmasane består av morenemateriale. Skogen voks på bergutspring og rasmassar.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som rik (intermediær) edelløvskog med delnaturtypen lågurt-eikeskog. Den har truleg vore i bruk som hagemark lenger tilbake, men er no så atgrodd at den kartleggjast som skog. Det veks grov eik (50-60 cm) i eit øvre sjikt med hassel under. Lengst nordvest står grove bøketre (ca 70 cm i diameter). Det er bøkplanter og sitkagran(?) -planter og kristorn i busksjiktet. I feltsjiktet voks hvitveis, blåklokke, kusymre, gaukesyre og store regner. Daud ved av eik og andre lauvtre forekjem sparsomt (ca. 2-5 stokker per daa).

Artsmangfold: Ametystsopp og kamfingersopp veks i skogbunnen.

Bruk tilstand og påvirkning: Området har troleig vore hevdet med beite tidlegare og her er rester av gamle gjerde. Det er innplantet bok i nordvestre del av lokaliteten. Ned mot vegen er det anlagt ein skrotplass. Det går ein gamal kjerreveg i søndre del av lokaliteten.

Fremmede arter: Høstberberis (SE) og sitkagran (SE) veks spredd i busksjikt.

Del av helhetlig landskap: Det blei ikkje registrert andre bestander med rik edelløvskog i nærheten.

Verdivurdering: Dei største verdiane i lokaliteten blir utgjort av grove eiker i bratt berglendt terreng. Lokaliteten er 7 daa. Det blei ikkje registrert raudlisteartar og edellauvskogsplanter er lite tilstede. Enkelte framande artar er tilstede. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C).

Skjøtsel og hensyn: Fjerning av framande arter vil begunstige det biologiske mangfaldet. Unge bøketre og oppslag av bok bør og fjernast. Fristilling av grove eiker bør vurderast.

.....

211 Liggvarmyr

Kystmyr – Annen kystmyr Verdi: A Areal : 413,56 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Det finst ingen tidlegare registreringar frå lokaliteten.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Kvernvatnet og Sandvatnet i nordaustre del av Haugesund kommune. Den omfattar eit større myrkompleks i mosaikk med fuktig kystlynghei. Den sørvestre delen av lokaliteten er ikkje saumfart i felt. Berggrunnen består av granitt i nordvest og migmatitt midt på. I sørøst er berggrunnen overleiret med sand, silt eller leir. Lausmassane i storparten av lokaliteten består av torv i henhold til NGU.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensa lokalitet består av både dypere og grunn og stadvis våt fattig fastmatte- og mjukmattemyr, samt fukthei i mosaikk med myra. Naturtypen som er vald er kystmyr med delnaturtypen annen kystmyr, men det inngår også fukthei i avgrensinga. Typiske artar er blåtopp, rome, klokkeling, torvmyrull, blokkebær, pors, knappsviv, trådstarr med innslag av tepperot, ljàblom, myrsalauk, skogstjerne, stjernestarr og rundsoldogg.

Artsmangfold: Typiske myr- og fuktheiartar, men ingen raudlista artar blei registrert på den saumfarte delen av myra.

Bruk tilstand og påvirkning: Myr-hei-mosaikken er open og har trolig vore beita tidlegare og kan muligens fortsatt vere brukt som utmarksbeite for sau. Dette er i så fall med svakt beitetrykk. Parti gror nå att med bjørk og furu og noe sitkagran (fra plantefelt i nordaust). En mindre veg krysser heipartiet i sørvest.

Fremmede arter: Sitkagran (SE) forekjem sparsomt i nordaust.

Del av helhetlig landskap: Myren grenser i nord mot ein svær atgrodd lynghei, men ligg nokså nært til to tidlegare kartlagte kystlyngheier, BN00082292 i nord og BN00082287 i aust.

Verdivurdering: Med bakgrunn i utkast til faktaark for naturtypen datert november 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse (ca. 400 daa, derav ca. 240 daa kystmyr), høg vekt på biogeografi (boreonemoral sone) og tilstand/hydrologi (intakt hydrologi) og middels vekt på typevariasjon. For delnaturtypen Annen kystmyr gjer dette grunnlag for å setje verdien svært viktig (A) på lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at myra skånast for alle typar inngrep. Beite med sau er positivt og bør bli gjenopptatt / auka. Lyngbrenning på heipartiane bør vurderast.

.....

212 Kalland II

Store gamle trær – Ask Verdi: C Areal : 0,054 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Asken står på tunet ved Halseidvegen 197 ved Kalland i nordre del av Haugesund kommune i Rogaland. Den står på ein berggrunn av migmatitt (intermediært) og lausmassane består av morenemateriale.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld store gamle trær med delnaturtypen ask. Asken står som tuntre til eit gjengrodd tun. Det har ein brysthøydiameter på ca. 100 cm. Fleire grove greinar har blitt kapp ned og treet har nå ein liten krone. Treet er truleg hult.

Artsmangfold: Ask (NT). Artsmangfoldet på og i treet blei ikkje grundig undersøkt. Noko potensial for artar tilknytt hule tre og død ved.

Bruk tilstand og påvirkning: Hovedstammene til asken er kapp. Det gror att omkring treet.

Fremmede arter: Det står igjen fagerfredlaus (HI), platanlønn (SE) og svarthyll (LO) på tomten.

Del av helhetlig landskap: Treet står svært nær en edeløvskogslokalitet.

Verdivurdering: Trestørrelsen i seg selv gir høg vekt, men det er ikkje registrert sjeldne arter og treet vokser ikkje i ein region kjent for stort mangfald av insekter knytt til hule tre. Asken er sterkt påverka av nedkappingen av store greiner og er ikkje veldig vital. Det gror att rundt treet. Den veks i nær anslutning til eit edelløvtreholt. Den blir vurdert til tross for størrelse og truleg huleheit til lokalt viktig (C), basert på beliggenheit og påverknad.

Skjøtsel og hensyn: Oppslag av lauvkratt rundt treet bør fjernast.

.....

213 Halseid

Rik edellauvskog – Or-askeskog Verdi: C Areal : 63,45 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ein austvendt lise ved Halseid, vest for ein kjerreveg. Den overgår gradvis i yngre skog og/eller skog dominert av boreale lauvtre vestover i øvre del av lia. I nord grenser lokaliteten mot attgroende engareal og i sør mot ei tette tomt. Berggrunnen i området er migmatitt i sør og granitt i nord. Lausmasselaget består av morenemateriale med hyppige fjellblottinger. Det er stedvis blokkrik mark.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som rik edellauvskog med delnaturtypen or-askeskog, men tresjiktet er svært variert og her inngår foruten gråor, svartor og ask, også hassel, eik, bjørk, osp og rogn. I visse parti dominerar hassel og i andre parti bjørk. Ved ein bekk som renn gjennom skogen er svartor og gråor det vanlegaste. Ask og eik med brysthøydiameter på 40-50 cm er vanleg og spreidd finst grovare tre. Feltsjiktet er dårleg utvikla og heller intermediært enn rikt, med artar som også viser til tidlegare bruk av skogen som hagemark. Her veks blåknapp, tepperot, blåbær, tveskjeggveronika, hengeving, skogburkne, kvitsymre, kusymre, kvitbladtistel og markjordbær i eit tykt mosedekke. Det er generelt lite daud ved i skogen, men det finst grove hasselkjerr som har daude stammer i kjerret. Ametystsopp blei funne.

Artsmangfold: Det blei ikkje registrert sjeldne artar, men området har stor betydning for fugl lokalt, med mange funn på Artskart. Det er òg funnet fleire sumarfuglar i området (Artskart).

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten ligg ved eit nedlagt gårdsbruk og det har vore beite her tidlegare. Det er gamle steinmurar og små kjerreveger i skogen.

Fremmede arter: Det er plantet ein rekke med sitkagran (SE) langs etter kjerreveien som har begynt å frøsa seg. Dette vil på sikt true lokaliteten. Nokon få platanlønn (SE) har etablert seg i skogen.

Del av helhetlig landskap: Aust for kjerrevegen er det fortsatt ope beitelandskap.

Verdivurdering: Lokaliteten får høg vekt på størrelse, men låg vekt på artsmanngfold. Skogen er lite preget av framande artar og er i liten grad preget av andre inngrep i nyere tid. Edellauvskogen har tidligere vore brukt som skogsbeite/hagemark og er i sein suksessjonsfase mot skog. Det er lite daud ved. Samla vurderast lokaliteten til tross for størrelsen som lokalt viktig (C).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane i området vil vere å fjerne framande artar i eller nær lokaliteten (først og fremst gran) før desse etablerer seg i skogen. Skogen vil utan anna skjøltsel utvikle seg mot ein blandskog med edellauv og boreale løvtrær, med gradvis aukande verdiar. Alternativt kan beite gjenopptakast og grove tre fristilles. Da vil området få meir preg av skogsbeite/hagemark.

.....

214 Bakkafjellet

Kystlynghei – Fattig fukthei Verdi: C Areal : 64,57 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Bakken i nordre del av Haugesund kommune i Rogaland. Lokaliteten omfattar eit høgdeparti med attgroende kystlynghei med innslag av myr. Lokaliteten grenser mot sterkare attgrodd lynghei og mot plantefelt. Berggrunnen i området består av granittisk øyegneis. Lausmassar manglar stort sett.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Kystlynghei med innslag av bart fjell og myrpytter. Heia er fuktig, men flekkvis er det tørrhei og nake berg. På kystlyngheia dominerer starr. Det er registrert klokkeling, blokkebær, bjønnekam, kornstarr, blåknapp, tepperot, rome, ull sp. heisiv, blåtopp, kystmaure og knappsiv. I tørrere parti veks veks røsslyng, følblom, tyttebær, kystbergknapp, gjeitesvingel og spredt med purpurlyng (NT).

Artsmangfold: Purpurlyng (NT) veks nokså sjeldsynt i heia.

Bruk tilstand og påvirkning: Kystlyngheia er ikkje gjødsla. Den gror att med einer, furu og noe sitkagran. Den ser ikkje ut å ha vorte i god hevd med beite i de siste åran og både røsslyng og einer er i ferd med å bli grov og utbredt. Lyngbrenning ser ikkje ut å ha vore brukt i seinare år. Heia er tross dette forstatt nokså open og det blir vurdert å restaurere.

Fremmede arter: Det blei registrert sitkagran (SE) spreidd innanfor avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg nokså nært opp til store lyngheier i nordvestre del av kommunen.

Verdivurdering: Rester av kystlynghei som ikkje blir haldt i hevd og som er i attgroing. Fortsatt potensial for restaurering. Iht. utkast til faktaark for kystlynghei får lokaliteten låg vekt for storleik, artsmanngfold, tilstand og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: For å begunstige de biologiske verdiane er det nødvendig med skjøtselstiltak. Hevd ved beite bør takast opp på ny. Lyngbrenning bør også vurderast. Framande bartre, einer, furu og gran bør ryddast vekk.

215 Løkjene N

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: C Areal : 0,71 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ein smal rygg i eit større beiteområde ved Vikse i nordre del av Haugesund kommune i Rogaland. Lokaliteten grensar i alle retningar mot fullgjødsla beitemark. Berggrunnen i området består av amfibolførende glimmergneis. Løaumasselaget er eit tynt dekke av morenemateriale.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som naturbeitemark av typen fattig beiteeng og var godt nedbeita ved befaring. Den har noko preg av gjødsling, men har eit godt innslag av naturengartar. Beitet er grasdominert med innslag av artar som blåklokke, ryllik, kystmaure, følblom, gjeldkarve, gulaks, aurikkelsveve og kystgrisøyre.

Artsmangfold: Naturengartar i eit ellers fullgjødslt beite.

Bruk tilstand og påvirkning: Beitemarken er godt nedbeita og beitast med sau. Den har noko gjødslingspreg.

Fremmede arter: Det blei ikkje registrert framande artar innanfor avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg nært opp til ein kystlynghei vest for fjorden.

Verdivurdering: I henhold til utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten låg vekt for storleik og artsmangfald/raudlisteartar. Lokaliteten er i god hevd med beite idag, er ikkje gjengrodd og er ikkje prega av framande artar. Den omgis av gjødsla beite i lavereliggende parti. Den får derfor låg til middels vekt på tilstand og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiane vil vere å halde fram med beite, gjerne med storfe. Gjødsling vil redusere dei biologiske verdiane i lokaliteten og bør unngås.

216 Austre Hagland

Kystlynghei – Fattig tørrhei Verdi: B Areal : 36,44 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Litle Hagland og Løkjen i nordre del av Haugesund kommune. Lokaliteten omfattar eit høgdeparti med kystlynghei i småmosikk med gjødsla beite. Det inngår òg ein dam i austre del av lokaliteten.

Lokaliteten grensar i nord mot gjødsla beiteamark og i sør mot gjengrodd kystlynghei. Berggrunnen i området består av stedvis forgneiset metadoritt og lausmassar manglar stort sett.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Kystlynghei med innslag av naturbeitemark eller kystmyr i søkk. Ein oppdemt myrbekk danner ein smal dam i nordaust. Fattig tørrhei med røsslyng på knauser er dominerande delnaturtype. I skråningar er det parti med naturbeitemark og noko gjødslingspåverka grasdominert beitemark og i søkk kommer fattig fukthei, dels i overgang mot myr, inn. I parti prega av eng vokser blåklokke, hårsveve/mattesveve, aurikkelsveve, tiriltunge, hvitmaure, gulaks, ryllik, småkjempe og det er innslag av kystgrisøyre. På kystlyngheien vokser blant annet røsslyng, gjeitesvingel, finnskjegg, tepperot, kornstarr med innslag av heiblåffjær og purpurlyng (NT).

Artsmangfold: Purpurlyng (NT) voks nokså sjeldsynt i tørrheia. I naturbeitemarken veks enkelte beitemarkssopp, mellom anna mørkskjelet vokssopp (VU) og liten mønjevokssopp.

Bruk tilstand og påvirkning: Sambeite kalver og sau i 2014. Flate parti, stort sett utanfor avgrensinga, har vært gjødsla, og har stedvis òg vore dyrka. Beitehevida er god, dvs. at heia vert halden ope og med store areal med godt beitetrykk. Lyngbrenning ser ikkje ut å ha vorte teken opp igjen.

Fremmede arter: Det blei ikkje registrert framande artar innnafor avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg nært opp til store lyngheier i nordøstre del av kommunen.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert desember 2014 oppnår lokaliteten høg vekt for påverknad/bruk (ingen framande artar registrert) og tilstand (beite, men ikke sviing). Den oppnår middels vekt på artsmangfold (1 NT-art og 1 VU-art) og låg vekt på størrelse (36 daa). Samla sett gjer dette grunnlag for å sette verdien svært viktig, men grunnet gjødsla partier og ingen lyngbrenning trekkes verdien ned til viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske mangfaldet vil vere fortsatt beite, gjerne med innslag av lyngbrenning og rydding av einerkratt, særlig i sør. Spreidning av gjødsl reduserer eller ødeleggjer dei biologiske verdiane.

217 Hagland, nord for Ravnafloke

Kystlynghei – Fattig fukthei Verdi: A Areal : 1790 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av Anders Lundberg i 2010. Avgrensing er justert av BioFokus ved Ulrika Jansson i samband med supplerande naturtypekartlegging i Haugesund kommune i 2014. Beskrivinga til Lundberg er oppretthalde.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Området utgjer ei halvøy mellom Hagland i sør, over Skiftesvikfjellet til Smørsund og Trettøya i nord. I sør er området avgrensa av vegen vestover frå Hagland til Ravnafloke, med leirstad og hytteutleige. Eit typisk trekk med berggrunnen er aust-vest-gåande ryggar med smale, mellomliggande dalsøkk. På ryggane og i sidene dominerer kystlynghei, i søkka mellom opptrer små, langsmale dalmyrar.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Kystlynghei er den dominerande vegetasjonstypen, helst tørrhei av typen røsslyngutforming (H1a). I tillegg til røsslyng inngår artar som blåtopp, storbjønnskjegg, klokkelylng, tepperot, flekkmarihand, rome, heisev og blåknapp. Alle desse er vidt utbreidde artar som er typiske for vegetasjonen. I sørhellingane opptre den meir tørre typen med purpurlyng-utforming (H1b). Her inngår fagerperikum, mjølbær (store felt) og gullris. Dalmyrane er av fattigmyrtypen (K4).

Artsmangfold: Floraen er typisk for skrinne kystlyngheier i mosaikk med kystmyr.

Bruk tilstand og påvirkning: Delar av område blei brent i 2009 og 2010, for å betre beiteverdien av lyngheia. Siw Bogshamn oppgir at arealet som blei brent i 2009 og 2010 er om lag 200 mål. Dette har vore positivt ved at eldre og grov lyng med låg beiteverdi er blitt erstatta av ung lyng med betre beiteverdi. Under synfaringa i 2010 blei det sett spesielt på dei felta som då var brent, truleg året før, og dei såg fine ut. Brannen hadde tatt knekken på brake og overjordiske delar av gammal røsslyng, men den siste spirte frå røtene og sto med fine og unge overjordiske skot. Brenninga hadde også ført til fornya spiring av urter og andre planter, som tepperot, heiblåffjær, bråtestarr og klokkelylng. Dette er velkjent og typisk i lyngheiområde som er brent. Frå sommaren 2008 har det gått 110 villsauar på beite i området. Desse fekk lam første gong i 2009 og igjen i 2010, vel 100 lam kvart år. Planen er å gå ned til 90 vinterføra dyr frå 2010/11.

Kulturspor: Området er eit gammalt kulturlandskap og har tydeleg preg av tidlegare husdyrbeite, truleg også brenning. Den tradisjonelle bruken tok tydelegvis slutt for lenge sidan, men blei tatt opp igjen frå 2008. To brukarar gjekk saman om å legge området til rette for beite. Dei har sett opp gjerde mot aust. Elles finst gjerde mot sør og i vest og nord dannar sjøen ei naturleg grense.

Tilstand: Dei delane av området som nyleg er brent er i god tilstand, med god beiteverdi og biologisk mangfald. Lyngen i delar av området som ikkje er brent er gammal og grov, med låg beiteverdi. Brenning vil heilt klart auke beiteverdien i desse delane av området også. Då området i stor grad grensar til sjø, er det liten fare for ukontrollert spreiding, særleg om vinden er austleg. Ei føremon med brenninga er at området blir lattare å ta seg fram i. Brukarane seier at dette har letta tilkomsten til utmarka og det gjer drift og tilsyn lettare. I utkanten av den austlege delen av området er det eit lite plantefelt, men dette har ennå i liten grad spreidd seg i lyngheia. Inne i området er det begynnande oppslag av småvokst bjørk og noko trollhegg. Desse buskane er ennå så små at om det kjem beitedyr inn, vil dei fort forsvinne.

Inngrep: I den sentrale delen av området er det ingen tekniske inngrep. I utkanten av området i søraust går det traktorveg frå tunet lenger vest til ein liten sauefjøs. Dette er nødvendig for rasjonell drift og ein føresetnad for skjøtsel, utvikling og vedlikehald av det biologiske mangfaldet.

Inngrep: Det er nokre bunkersar og utsiktspunkt/skytestillingar frå andre verdskrigen i området. Elles er det ingen tekniske inngrep i området.

Fremmede arter:

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Dei delane av området som er brent er A-område (per 2010 om lag 200 mål). Dei delane som ikkje er brent har isolert sett verdi som B-område. Også desse områda vil fort bli A-område dersom dei blir brent. Planen er å brenne vidare i 2011 og framover.

Skjøtsel og hensyn: Beite bør halde fram som i dag. Brenning bør utførast over større areal.

.....

218 Hagland II

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: A Areal : 30,39 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Området ligg rett nord for Store Hagland, aust for Kvednavatnet i nordvestre del av Haugesund kommune i Rogaland. Området grensar i sør mot gjødsla beite og i nord mot kystlyngheier og vasskantvegetasjon. Bergrunnen er fattig (tonalittisk gneis) og lausmasselaget består av morene.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som naturbeitemark med delnaturtypen fattig beiteeng. Naturbeitet ligg i eit småkupert, grunnlendt område og vegetasjonen er dominert av tørr grasmark, men i søkk og forsinkinger kjem fuktig eng og fukthei inn. Naturbeitet er ekstensivt beita (skotsk høylandsfe) og har ein lang rekkje naturengartar, typisk for fattig beitemark. Beitemarken er skrinne og ligg høgre enn inntilliggande gjødsla areal. I det grasdominerte beitet veks smalkjempe, gulaks, følblom, ryllik, hårsveve, strandkjempe, engsyre, tepperot, smyle, kystmaure, legeberonika, geitsvingel, nyseryllik, rome, kornstarr, engkvein, myrflol, øynetrost sp. kystgrisyre og godt nedbeita røsslyng. Fleire av engartane finst rikeleg. Det er mykje mose i bunnsjiktet.

Artsmangfold: Beitemarkssopp forekjem rikeleg i beitet. Blant beitemarkssopp ble spiss vokssopp, liten mønjevokssopp, mørksskjellet vokssopp (VU), kantarellvokssopp, kjeglevokssopp, grønn vokssopp, brunfnokket vokssopp og fleire brune ubestemde beitemarkssopper.

Bruk tilstand og påvirkning: Deler av lokaliteten har logt beitetrykk og einerkratt brer ut seg. Lokaliteten inngår i eit større beiteareal og storparten er i god hevd til svak hevd ved befarung i 2014. Svake spore av gjødsling på flater.

Fremmede arter: Ingen framande arter i lokaliteten, men sitkagran (SE) veks like ved.

Del av helhetlig landskap: Det finst fleire viktige kulturmark (kystlyngheier og naturbeitemarker) rett i nærleiken.

Verdivurdering: Artsrik beitemark både hva gjelder karplanter og beitemarkssopp, blant annet en VU-art (mørksskjellet vokssopp). Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert desember 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse, middels vekt for tilstand og høg vekt på påverknad. Den oppnår middels til høg vekt på artsamangfold (1 VU-art, mange typiske naturbeitearter både av karplanter og sopp). Samla sett gjer dette grunnlag for å setje verdien svært viktig (A).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for de biologiske verdiene vil være å rydde einer og halde fram med beite (gjerne storfe).

Gjødsling vil redusere de biologiske verdiene i lokaliteten og bør derfor unngås.

.....

219 Stemmevik - Bogshamn

Kystlyngheier – Fattig fukthei Verdi: B Areal : 309,84 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Området ligg utmed kysten, mellom Stemmevik i sør og Bogshamn i nord, i nordvestre del av Haugesund kommune. Eit smalt parti med kystlyngheier som strekker seg innover fra kysten, mot Haglandsvegen 134, er også inkludert i avgrensinga. Kystlyngheia har ei utstrekning nord-sør på om lag 900 m og i vest-aust på om lag 300 m. Den smale stripen kystlyngheier som strekker seg innover landet (mot aust) er ca 1 km lang. Den innerste delen er ikkje feltbefart. Lokaliteten grensar i vest mot sjøen, i sør mot attgrodd kystlyngheier og sitkagranplantefelt og i aust mot gjødsla beite (som skiller lokaliteten frå ein anna kartlagt kystlyngheier, Svehaug). Bergrunnen er laminert gneis. Lausmasselag manglar stort sett.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Kystlyngheier med delnaturtype fattig fukthei dekkjer det meste av arealet, men i søkk mellom kollane finst ferskvatn og fattigmyr og på koller er det bart fjell og noe tørr kystlyngheier. Kystlyngheia er attgroande, men framleis open. Det er stort sett ikkje noko naturengareal innanfor avgrensinga og inntilliggande beitemarker er kraftig gjødsla. Feltsjiktet er dominert av lyng i tørre og friske parti og av siv og starr i fuktige og våte parti. Det blei registrert røsslyng, klokkeling, purpurlyng (NT), kornstarr, blåknapp, rome, skrubbe, heisiv, tepperot og mjølbeier i feltsjiktet. Einer brer ut seg i busksjiktet.

Artsmangfold: Purpurlyng (NT) fins spredd i hele området. Kjeglevokssopp veks på liten engfleck ved gammelt militært bygg ved kysten.

Bruk tilstand og påvirkning: I 2014 oppfattes kystlyngheien som noko attgroande og med svakt beitetrykk, særleg i dei ytre delane nærmest kysten. Storfe beitar i området. Det er ikkje nylig tegn til lyngbrenning og mange røsslyngtuer og einerkratt begynner å bre seg ut. I tilgrensande areal i sør som ikke beites er lyngheien mer gjenngrodd både med høgvekst lyng og einer og det er større innslag av sitkagran og mindre sitkagranplantefelt. Det er nokre bunkersar og utsiktspunkt/skytestillingar frå andre verdskrig i området.

Fremmede arter: Spredd med sitkagran (SE) innanfor avgrensinga. Det er plantet sitkagran sør for lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Det finst fleire viktige kulturmark (kystlyngheier og naturbeitemarker) rett i nærleiken.

Verdivurdering: Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert desember 2014 oppnår lokaliteten middels vekt på tilstand da den er preget av noko attgroing, men fortsatt er i hevd med storfebeite. Den har ikkje vore svidd i dei siste årene. Heia oppnår middels vekt på størrelse (ca. 300 daa) og på påvirkning med moderat til svak innslag av framande artar (sitkagran (SE)). Lokaliteten får låg vekt på raudlistearter (1 NT-art). Samla sett gjer dette grunnlag for å setje verdien viktig (B), selv om denne verdien vurderast som noko svak.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt beite, men med sterkere beitetrykk, vil vere gunstig for det biologiske mangfaldet. Delar av området bør brennast av for å oppretthalde ein lågvakst kystlyngheier. Sitkagran (SE) bør bekjempast i området, før den blir ein problemart på ordentleg. Gjødsling vil øydelegge naturverdiene.

220 Hagland III

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: B Areal : 7,83 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Ulrika Jansson i september 2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Området ligg på nordsida av grusvegen til leirstaden Ravnafloket, vest for Kvednavatnet og vest for Store Hagland i nordvestre del av Haugesund kommune i Rogaland. Området grensar i sør mot veggen og i nord mot gjødsla beite. Berggrunnen er fattig (tonalittisk gneis og metadoritt) og lausmasselaget består av morene.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som naturbeitemark med delnaturtypen fattig beiteeng. Vegetasjonen er dominert av grasmark som blir brukt til beite. Naturbeitet er ekstensivt beita og har ein lang rekkje naturengartar typisk for fattig beitemark. Beitemarken er skrin og ligg høgare enn inntiliggande gjødsla areal. I det grasdominerte beitet vokser blåkløkke, smalkjempe, gulaks, hårsveve, ryllik, tepperot, kystgrisyre, heiblaufjor, øynetrost sp., geitsvingel, klokkeling, røsslyng, blåknapp, kornstarr, purpurlyng (NT), tiriltunge, kystmyrklegg, svartknoppurt, finnskjepp og engfrytle. Fleire av engartane forekjem rikeleg, blant annet kystgrisyre og smalkjempe.

Artsmangfold: Blant beitemarkssopp ble spiss vokssopp, kantarellvokssopp og liten mønjevokssopp registrert i rikelege mengder i 2014. Her veks òg andre beitemarkssopp (rødsporesopp) som ikkje blei bestemt. Purpurlyng (NT) veks sparsamt i naturbeitet.

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten inngår i eit større beiteareal og er i god hevd ved befarig i 2014. Attgroing med einer. Nord for avgrensinga ligg eit område med gjødsla beitemark. Gjødslinga skjer der på flatene, der det er lettare å kome til med traktor. Det er ein del masser i lokaliteten, kanskje frå utvidelse av veggen?

Fremmede arter: Ingen framande artar i lokaliteten, men sitkagran (SE) veks like ved.

Del av helhetlig landskap: Det finst fleire viktige kulturmark (kystlyngheier og naturbeitemarker) rett i nærleiken.

Verdivurdering: Artsrik beitemark både hva gjelder karplanter og beitemarkssopp, men kun ein rødlisteart blei bestemt (purpurlyng (NT)). Ut frå utkast til faktaark for naturtypen datert desember 2014 oppnår lokaliteten høg vekt på størrelse, middels vekt for tilstand og høg vekt på påverknad. Den oppnår låg til middels vekt på artsamangfold (1 NT-art, mange typiske naturbeitearter). Samla sett gjer dette grunnlag for å sette verdien viktig (B).

Skjøtsel og hensyn: Det beste for dei biologiske verdiene vil være å rydde einer og halde fram med beite (gjerne storfe). Gjødsling vil redusere dei biologiske verdiene i lokaliteten og bør derfor unngås. Unngå dumping av masser i arealet og forsiktig fjerning av nye masser kan vurderast såfremt de ikkje påvirker det opprinnelige jorddekket i lokaliteten.

250 Årabrot renseanlegg

Dam – Verdi: B Areal : 1,1 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Dammen er kjent frå kommunen sin kartlegging av salamander.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Haugesund sentrum, ved Årabrot renseanlegg. Den ligg i en forsenking på eit høydetrass for renseanlegget, og er omkransa av kratt og atgroende lynghei.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Naturtypen er ein dam av fattig type. Dammen er ca 0,5 m dyp. Noko bjørk, aurevier, gran og einer veks i kantane, som ellers er stort sett opne. Bukkeblad, tjønnaks og nøkkerose veks i selve dammen, mens myrhatt, klokkeling, stormyrull, rome, blåtopp og tormose veks i myrkantane.

Artsmangfold: Storsalamander (VU-2010) ynglar i dammen. Purpurlyng (NT) veks i heia rundt om.

Bruk tilstand og påvirkning: Forebels kun svak atgroing, men kan bli et problem på sikt.

Fremmede arter: Ingen kartlagt.

Del av helhetlig landskap: Det er fleire dammar, naturlige og kunstige, i Årabrotområdet, og samla ein god bestand av storsalamander. Kommunen har restaurert eit par dammar i området.

Verdivurdering: Relativ god bestand av ein sårbar art gir grunn til å verdsetta som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Dagens vass-stand må haldast ved lag. På sikt vil det være behov for å rydde noko kratt i kantane samt for å rennsje opp i dammen..

251 Årabrot renseanlegg S

Dam – Verdi: C Areal : 0,35 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Dammen er kjent frå kommunen sin kartlegging av salamander.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Haugesund sentrum, sør for Årabrot renseanlegg. Den er ein del av open myr mellom to høydetrass. Deler av myra er inkludert i avgrensinga. Lauvskog ligg tett innpå lokaliteten mot nordaust (bjørk) og sørvest (osp). Det er og noe aurevier i sørenden.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Naturtypen er ein dam av fattig type. Dammen er ca 0,5 m dyp og har einopen vass-flate på ca 5x6 m². Myrhatt og trådstaor dominere i feltsjiktet.

Artsmangfold: Storsalamander har tidlegare hatt tilhold her.

Bruk tilstand og påvirkning: Dammen var tidlegare større med meir open vass-flate, men er i seinare år grodd at.

Fremmede arter: Ingen kartlagt.

Del av helhetlig landskap: Det er fleire dammar, naturlige og kunstige, i Årabrotområdet, og samla ein god bestand av storsalamander. Kommunen har restaurert eit par dammar i området.

Verdivurdering: Dam med potensial for storsalamander. Det er ikke registrert salamander her i seinare år, og dammen er i dag redusert i størrelse. Verdien settes til lokalt viktig (C), men vil kunne aukast dersom ein gjer tiltak.

Skjøtsel og hensyn: Dammen bør rennskast opp slit at vass-flata blir større og dammen noe dypere.

252 Årabrot

Naturbeitemark – Rik beiteeng Verdi: A Areal : 286,8 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten var opphavleg registrert i tidlegare kartlegging frå 2001. BN-nummeret frå denne lokaliteten er beholdt, mens beskriving og avgrensing er ny.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Årabrot nord for Haugesund sentrum .Avgrensing mot sjø i vest og sør, og mot bebyggelse og meir gjødsla kulturmark i øst og nord. Berggrunnen består vesentlig av grønskifer. Det vekslar mellom grunnlendte parti og parti med dypare jordsmonn.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med delnaturtype rik beiteeng i mosaikk med kystlynghei og rik berglendt mark. Topografien varierar, og grunnlendt mark vekslar med friskare mark og parti med fuktig og myrlende. Mot sjøen er det store parti med nakent berg, og enkelte littoralbassenger. Svak lågurt til lågurtvegetasjon dominerar, men lyngparti finst òg. Lynghei fins både knytt til myrlendte parti og på meir tørkeutsatt areal. Kratt av lauvtre, vierbusker og einer fins spredt. Grad av baserikdom varierar, men intermediære til rike typar er vanligast.

Artsmangfold: Floraen av naturengplanter er rik med mellom anna svartknoppurt, hvitbladtistel, flekkgrisøre, kystgrisøre, jåblom, rundbelg, knollerteknapp, skogkløver, kjerteløyentrøst, småengkall, smalkjempe, vendelrot, blåknapp, kusymre, gulmaure og hjertegeas. I lyngheipartiane voks purpurlyng (NT-2010), blodtopp og kystmaure, og det ble gjort eit funn av vestlandsvikke (NT). På knausar mot sjøen veks rosenrot og kystbergknapp. Det er tidlegare i tillegg funne artar som grov nattfiol, vårmarihånd, hårstarr, blåstarr og i små pyttar liten vasskrans (EN). Enkelte fagerrogn (NT) voks i området. Det ble ikkje funne beitemarkssopp ved synfaringa, og det vurderast at potensialet er dårlig grunnet tykkelsen på gressteppet. Området brukast av mellom anna rovfugl, vadefugl og spurvefugl både på trekk og i hekketida.

Bruk tilstand og påvirkning: Heile området var kulturmark i gamle dagar, og var trolig hovedsakeleg beita med storfe. Området er tulg ikkje beita siden 1970-tallet. Det er ein del atgroing med busker og småtre. På dyp jord er det tykke lag av fjorårsgas og floraen er på veg å utarmes, mens naturengplantene holder bedre stand i meir grunnlendte parti.

Fremmede arter: Sitkagran voks spreidd i området. Ei lita busk av rynkerose voks inntil sjøen helt i sør.

Del av helhetlig landskap: I nærområdene på Årabrot finst fleire naturtypelokalitetar, mellom anna dammar. Langs kyststripa nord for Haugesund sentrum finst relativt store areal med rester av eldre kulturlandskap.

Verdivurdering: Stort eng/heiareal med nokså rik flora, men har ikkje vorte halde i hevd og er atgroende. En EN-art knyttet til brakkvannsdammar. Iht. utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten høg vekt for storleik, og høg vekt for artsamangfald/raudlistearter, lav-middels vekt for tilstand og lav for påvirkning. Samla vurderast lokaliteten som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: For å halda naturverdiane ved like må beite gjenopptakast. I beitebakkane mot aust risikerer verdiane å gå tapt raskt hvis ikke hevd blir satt i gang. Framande artar og noko lauvkratt bør ryddast.

.....

253 Sjøvik

Dam – Verdi: A Areal : 2,88 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Dammen er ein del av kommunen sit prosjekt med restaurering og vedlikehald av salamanderdammar.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Haugesund sentrum, ved Sjøvik ved Årabrot. Her er ein stor og til dels atgrodd dam en bit opp på land, samt fleire mindre dammar / littoralbassenger på strandbergene ned mot sjøen. Avgrensing mot sjø i vest, og mot annen naturtypelokalitet forøvrig. Berggrunnen består vesentlig av grønskifer.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Naturtype er kartlagt som ein dam i mosaikk med littoralbasseng og rik berglendt mark (strandberg). Delar av dammen er tilgrodd med takrør.

Artsmangfold: Her er registrert ein god populasjon av storsalamander. Salamanderen ynglar både i den store dammen og i de mindre dammane ned mot sjøen.

Bruk tilstand og påvirkning: Dammen er opna opp ved at det er fjerna takrør. Tett er fortsatt tett takrørvegetasjon i delar av dammen.

Fremmede arter:

Del av helhetlig landskap: Ingen kartlagt.

Del av helhetlig landskap: Det er fleire dammar, naturlige og kunstige, i Årabrotområdet, og samla ein god bestand av storsalamander. Kommunen har restaurert eit par dammar i området. Lokaliteten er del av eit større verdifullt naturområde.

Verdivurdering: Ein av de beste salamanderlokalitetane i Haugesund kommune. God bestand av sårbar art tilsier verdsetting som viktig (B-verdi). Som del av eit større heilheitlig naturområdet på Årabrot blir verdien heva til A (svært viktig).

Skjøtsel og hensyn: Salamanderbestanden bør overvåkast, og dammen bør ved behov ryddast ytterligere.

.....

254 Kvalen

Kystlynghei – Fattig tørrhei Verdi: B Areal : 28,8 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten var opphavleg registrert i tidligare kartlegging frå 2001. BN-nummeret frå denne lokaliteten er beholdt, mens beskriving og avgrensing er ny.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Kvalen nord i Haugesund sentrum. Den består av en landsmal odde som stikk ut i sjøen. Grensar mot annan naturtypelokalitet i sør, mot veg og bebyggelse i øst, og ellers mot sjø. Berggrunnen består vesentlig av grønskifer. Det er ein del bergknasur og grunnlendte parti.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen kystlynghei med fattig tørrhei som dominerande delnaturtype. Fattig fukthei og mindre parti med rik tørrhei finst og. Småvokst einer, rogn og bjørk står einskildvis saman med framande bartre. Vanlige lyngheiarartar som røsslyng, krekling og bjønnskjepp dominerar, og i parti ein god del krypvier. På sørsida av odden er vegetasjonen meir grasdominert, og dette er ført till anna naturtypelokalitet med naturbeitemark.

Artsmangfold: Av litt meir krevende lyngheiarartar finst svartknoppurt, kystgrisøre, heiblåfjor, smalkjempe, gulmaure og purpurlyng (NT). Det kan være noe potensial for grasmarskssopp.

Bruk tilstand og påvirkning: Området er i dag beita av sau. Det er likevel ein del atgroing med lauvkratt og bartre. Det er ein fyr på odden og det går ein gruset sti og straumledning dit. Kyststien går gjennom de austre delene av området.

Fremmede arter: Sitkagran og bergfuru voks spreidd i området.

Del av helhetlig landskap: Grensar til ein lokalitet med naturbeitemark som strekkjer seg vidare sørover. Langs kyststripa nord for Haugesund sentrum finst relativt store areal med rester av eldre kulturlandskap.

Verdivurdering: Bynær kystlynghei, dominert av fattige typer, men med innslag av rike. Relativt stort innslag av framande bartre, men området har fortsatt opent preg. Iht. utkast til faktaark for kystlynghei får lokaliteten lav vekt for storleik og artsamangfald, og lav-middels vekt for tilstand og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Hevd ved beite bør helde fram som i dag, ev. med noe høgere beitetrykk. Lyngbrenning bør også vurderast. Framande bartre og ein del lauvkratt bør ryddast vekk.

.....

255 Kvalen S

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: C Areal : 21,38 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten var opphavleg registrert i tidligare kartlegging frå 2001. BN-nummeret frå denne lokaliteten er behalde, mens beskriving og avgrensing er ny.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langs sjøen og strekkjer seg fra Veste til Kvalen nord i Haugesund sentrum. Går over i annan naturtypelokalitet (kystlynghei) i nord, og grensar ellers mot meir gjødsla beite i aust og sør. Berggrunnen består vesentlig av grønskifer. Mot sjøen er det nakne strandberg.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med delnaturtype fattig beiteeng i mosaikk med rik berglendt mark (strandberg). Frisk fattigeng dominerar, men mer tørkeutsatt vegetasjon finst på fjellknasane, og fukteng og myr finst i lave parti. På strandbergene er det óg noen små dammer og littoralbassenger. Rogn og einer voks

einskildvis. Feltsjiktet er grasdominert, med mellom anna engkvein og englodnegras, og nøysomme urter som følblom, blåklomme og ryllik.

Artsmangfold: Hesterumpe, fjøresalauk, bekkeveronika, gåsemure og sumpkarse voks i dammer og fuktengpartiar. På strandberg voks kystbergknapp. I litt rikere engparti voks svartknoppurt, skogstorkenebb, rødkløver, fuglevikke, tiriltunge og smalkjempe.

Bruk tilstand og påvirkning: Området er i dag beita av sau. Det er likevel ein del atgroing med lauvkratt og bartre, og til dels noko gjødsla preg. Kyststien går gjennom området.

Fremmede arter: Sitkagran og buskfuru voks spredd i området.

Del av helhetlig landskap: Grensar til ein lokalitet med kystlynghei i nord. Langs kyststripa nord for Haugesund sentrum finst relativt store areal med rester av eldre kulturlandskap.

Verdivurdering: Relativt artsfattig naturbeitemark med til dels noko gjødsla preg. Intermediært rike strandberg, men utan spesielt krevjande artar. Iht. utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten høg vekt for storleik, og lav vekt for artsamangfold/raudlisteartar, tilstand og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Hevd ved beite bør helde fram som i dag, ev. med noe høgere beitetrykk. Framande bartre og ein del lauvkratt bør ryddast vekk.

.....

256 Kvalsvik N

Naturbeitemark – Rik beiteeng Verdi: A Areal : 77,5 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er slått saman frå fleire lokalitetar i tidlegare kartlegging frå 2001. BN-nummeret frå denne lokaliteten er beholdt, mens beskriving og avgrensing er ny.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg mellom Kvalsvik og Årabrot i Haugesund kommune, og består av hovudsakeleg vestvendte beiteskråningar og strandnære berg. Avgrensing mot sjø i sør, vest og nord, og mot busetnader og meir gjødsla beite i aust. Berggrunnen består vesentlig av grønskifer.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med delnaturtype rik beiteeng i mosaikk med rik berglendt mark. Grunnlendt og noko tørkeutsett mark dominerar, men topografien varierar, og friske, fuktige og myrlendte parti finst òg. Det er ein del fjellknauser, og særleg mot sjøen parti med samanhengande berg. Svak lågurt til lågurtvegetasjon dominerar, men lyngparti finst òg. Einskilde krypende einer finst, men utover det manglar busker og tre. Grad av baserikdom varierar, men intermediære til rike typar er vanligast.

Artsmangfold: Floraen av naturengplanter er rik med mellom anna gjeldkarve, smalkjempe, kjertelaugnetrøst, hjartegras, purpurlyng (NT-2010), blodtopp, eng/svartknoppurt, gulmaure, kattedot, vill-lin, kystgriseøre og jåblom. På knausar mot sjøen veks rosenrot og kystbergknapp. Det var sparsamt med beitemarkssopp ved synfaringa, men tjøreraudspore, fiolett raudspore (NT, første funn i Rogaland) og mjølrudspore (VU, første funn i kommunen) blei likevel funne. Det vurderast å vere godt potensial for grasmarkssopp. Av fugl blei enkeltbekkasin, stær, tornirisk og hønehaug observert.

Bruk tilstand og påvirkning: Området beitast hovudsakeleg med sau og er halda i god hevd. I søraust får marka gradvis eit meir gjødsla preg. Eit par bunkersar og kanonstillingar finst att i området.

Fremmede arter: Ikkje registrert innanfor avgrensinga, men mellom anna bulkemispel og rynkerose finst i nærområdet.

Del av helhetlig landskap: Del av eit mer eller mindre samanhengande kulturlandskap frå Kvalen i sør til og med Årabrot i nord.

Verdivurdering: Stor naturbeitemark med god hevd og ugjødsla preg. Forholdsvis rikt. Einskilde raudlisteartar dokumentert, men potensial for fleire artar av beitemarkssopp. Iht. utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten høg vekt for storleik og tilstand, og middels (potensial for stor) vekt for artsamangfold/raudlisteartar. Samla vurderast lokaliteten som viktig-sær viktig. Verdien er vurdert til A, med vekt på potensial for fleire raudlisteartar.

Skjøtsel og hensyn: Hevd ved beite bør helde fram som i dag. Marka må ikkje bli gjødsla.

.....

257 Høgahaug

Rik edellauvskog – Lågurt-hasselkratt Verdi: C Areal : 4,7 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten var opphavleg registrert i tidlegare kartlegging frå 2001. BN-nummeret frå denne lokaliteten er beholdt, mens beskriving og avgrensing er ny.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsiden av Tornesvatnet nord for Haugesund sentrum, i en bratt sørvendt skrent ovenfor vegen.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik edellauvskog med delnaturtype rikt hasselkratt. I aust dominerar hassel, mens det vestover blir meir osp og eik. Feltsjiktet er til dels svakt utvikla og består av svak lågurt - lågurtvegetasjon. Skogen er av skiftande kvalitet, med få elementar av daud ved og gamle trær. I aust er det grov hassel med 15-20 cm diameter, samt noe daud ved av hassel. I vest tett lauvskog med større treslagvariasjon i bratt fjellterreng.

Artsmangfold: Lågurtvegetasjon med artar som kratthjølke, kratthumleblom, bergflette, skogsvinerot og raud jonsokblom. Noko potensial for artar knytta til daud ved, markboende sopp og andre varmekjære artar.

Bruk tilstand og påvirkning: Skogen er hogd langs delar av skråninga, hvilket har redusert storleiken på lokaliteten.

Fremmede arter: Svarthyll og skvallerkål voks i nedkant av hellinga.

Del av helhetlig landskap: Det er fleire små edellauvskogsteiger mellom Tornesvatnet og Årabrot.

Verdivurdering: Sørvendt skråning med edellauvskog. Svakt utvikla naturskogskvalitetar, og ein del negativ påverknad gjør at området er på grensa av å kvalifisere som naturtypelokalitet. Iht. utkast til faktaark for rik edellauvskog får lokaliteten middels vekt for storleik, og lav vekt for artsamangfold/raudlisteartar, tilstand og påverknad. Samla vurderast den som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: For å bevare og utvikle naturverdiane bør skogen få stå urørt, utan noen form for hogst eller andre inngrep.

.....

258 Tornesvatnet NV

Rik edellauvskog – Lågurt-hasselkratt Verdi: C Areal : 4,4 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten var opphavleg registrert i tidlegare kartlegging frå 2001. BN-nummeret frå denne lokaliteten er beholdt, mens beskriving og avgrensing er ny.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsiden av Tornesvatnet, i vest-, sør- og austvendte skråningar som omkransar ein kolle.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik edellauvskog med delnaturtypene lågurt-eikeskog og rikt hasselkratt. I skråningane i vest og aust dominerar hassel og rogn, mens det forøvrig er meir osp og eik. Feltsjiktet består av svak lågurt - lågurtvegetasjon. Naturskogspreg er førebels lite utvikla, men einskilde tre av eik og osp er noko grove, og hassel er nokså grov.

Artsmangfold: Av busker finst mellom anna noko kristtorn, vivendel, bergflette og fagerrogn (NT). Lågurtfloraen er forholdsvis rik, med artar som svartknoppurt, knollerteiknapp, hvitbladtistel, skogsvinerot, vendelrot, storfryste, blåknapp og mykje kusymre.

Bruk tilstand og påvirkning: Det er hogd ut ein del sitkagran, spesielt på toppen av kollen.

Fremmede arter: Sitkagran finst spreidd. Stor bestand av skogskjegg samt enkeltplantar av parkslirekne ved gamal husgrunn aust i området.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten grenser til selve vatnet, og ligg i stor grad innenfor verneområdet. Det er fleire små edellauvskogsteiger mellom Tornesvatnet og Årabrot.

Verdivurdering: Rik edellauvskog med stedvis rik bakkevegetasjon, men relativt dårlig utvikla naturskogs-kvalitetar. Iht. utkast til faktaark for rik edellauvskog får lokaliteten middels vekt for storleik, og lav-middels vekt for artsmangfald/raudlisteartar og tilstand og lav vekt for påverknad. Samla vurderast den som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: For å bevare og utvikle naturverdiane bør skogen i hovedsak få stå urørt. Ein kan gjerne fortsetta å hogge ut gran. Andre framande artar bør bekjempast.

.....

259 Tømmerås S

Kystlynghei – Fattig tørrhei Verdi: C Areal : 51,09 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Haugesund sentrum, i de sørvendte skråningane mellom Torevarden i nord og Årabrot/Jovegen i sør. Lokaliteten utgjør restene av det som tidlegare var eit større lyngheiområde. Det grensar mot planta barskog i nord, meir atgrodd hei i vest og aust, samt mot veg og industriareal i sør.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen kystlynghei med en mosaikk av fattig tørrhei og fattig fukthei. På kollepartier er bakken grunnlendt og til dels med berg i dagen. I forsenkningar er det fuktig og myrlendt. Einer, framande bartre og løvkratt finst spreidd i området. Vanlege artar i feltsjiktet er røsslyng, rome, klokkeling, blåtopp, blåknapp, bjønnskjegg og kornstarr.

Artsmangfold: Purpurlyng og fagerrogn (begge NT) finst i området.

Bruk tilstand og påvirkning: Det er ikkje tradisjonell hevd i området i dag, og det er ein stund siden det gikk beitedyr her. Lyngen er grov, og det er atgroing med lauvkratt og bartre, spesielt fra kantene av området. Det vurderast at det fortsatt er potensial for å restaurere lyngheia. Del av eit viktig friluftsområde, og det går merket sti fra p-plass i sør og vidare mot nord..

Fremmede arter: Sitkagran og buskfuru.

Del av helhetlig landskap: Det finst større heiareal nord på Tømmerås, og til dels også i aust og vest, men avgrensinga er avskåret fra disse områdene av veier, industri, plantefelt etc.

Verdivurdering: Rester av kystlynghei som ikke blir haldt i hevd og som er i atgroing. Fortsatt potensial for restaurering. Iht. utkast til faktaark for kystlynghei får lokaliteten lav vekt for storleik, artsmangfald, tilstand og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Hevd ved beite bør takast opp på ny. Lyngbrenning bør også vurderast. Framande bartre og ein del lauvkratt bør ryddast vekk.

.....

260 Fagerheim

Erstatningsbiotoper på tresatt mark – Verdi: A Areal : 11,14 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Naturtypen er nykartlagt, men den særprega lavfloraen har vore kjent i lang tid.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Fagerheim gard nord for Haugesund sentrum, rett ved Rv47. Den omfattar ein gard med eit parkanlegg, og grenser til kulturmark i nord og sør, mot heia i vest, og mot vei i aust. Eit lita treholt aust for vegen er inkludert i avgrensinga, mens grusareal og deler av plenareal på garden er utelate.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Naturtypen er avgrensa som erstatningsbiotop på tresatt mark (parklandskap), da naturverdiane hovudsakeleg er knyta til lavflora på tre i parkanlegg. Anlegget er ei gamal engelsk park, kor parti i aust mot vegen er opne med plen og enkelte tre, mens de vestre delene er tettare og med meir preg av skog. Det er nokon titals store tre av ask og alm med stammediameter på 60-80 cm. I tillegg fins mange store platanlønn. Mot vest er det enkelte grove lind og gran.

Artsmangfold: På ask og platanlønn voks fleira oseaniske og fuktkrevjande lavartar. Her fins gode bestand av grå punktlav (EN-2010) og liten praktkrinslav (NT). I tillegg skal eikelav (NT) ha vore funne her tidlegare. Her voks òg meir vanlege lavartar som liten lindelav og leppedoggelav.

Bruk tilstand og påvirkning: Delar av parken er noko tilgrodd og tett. Det eir trass i det førebels gode forhold for lyskrevjande lavartar i store delar av lokaliteten.

Fremmede arter: I eit slikt hageanlegg er mye planta og framand, mellom anna platanlønn. Platanlønn vurderast her trass i det som eit viktig levested for epifyttisk lav.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Bra forekomst av store tre. Forekomst av fleira raudlisteartar, her av ein sterkt truga, gir grunn til å verdsetta lokaliteten som særskilt viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane krev ikkje rett tiltak eller stell. Ein må unngå hogst av vertstre. På sikt må ein vurdere om deler av parken er alt for tett og skyggefull, og om enkelte tre må tas ut. Lauvkratt rundt de store trea på åkerholmen i aust bør ryddast vekk. Førebels må ein holde oppsyn med bestanden av grå punktlav.

.....

261 Halsane

Kystlynghei – Rik tørrhei Verdi: B Areal : 3,33 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Halsane nord for Haugesund sentrum. Den ligg i en relativt bratt vestvendt skråning og grensar mot planta barskog rundt busetnad i vest, anna naturtypelokalitet med fattig kystlynghei i nord, og mot meir gjødsla beite i sør og aust. Bakken er grunnlendt og har parti med nakne bergflater. Det går ein del vannsig ned skråninga.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen kystlynghei med delnaturtypen rik tørrhei. Berggunnen er fattig, men fuktsigene gjev grunnlag for noko rikare forhold. Det er ein del krypande einer, men ellers åpent.

Artsmangfold: Her veks nokså mye purpurlyng (NT) og heiblåfjør. Av beitemarkssopp blei liten mønjevokssopp og kjeglevokssopp funne, men det vurderast at det er potensial for fleire artar. I Artskart ligg tidlegare funn av raudlista sopp som kan vera fra lokaliteten.

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten er del av eit større beiteområde som beitast med sau. Beitetrykket er likevel truleg noko svakt. Lyngen er grov, og i tillegg til einer kjem det inn noko gran fra plantefelt i vest.

Fremmede arter: Gran, moglegevis sitka.

Del av helhetlig landskap: Heng saman med fattigare lynghei mot nord, og med større beiteområde mot aust.

Verdivurdering: Lita skråning med rikare lynghei, med nokre funn av beitemarkssopp. Iht. utkast til faktaark for kystlynghei får lokaliteten lav vekt for storleik, artsmangfald (men potensial for middels), og lav-middels vekt for tilstand og påverknad. Dette gjev

grunnlag for å verdsetta som lokalt viktig, men ut fra potensiale for artar og at område skill seg ut som klårt rikare enn omgivnadene settes verdi som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Hevd ved beite bør helde fram som i dag, ev. med noe høgere beitetrykk. Lyngbrenning bør også vurderast. Framande bartre og ein del einer bør ryddast vekk.

.....

262 Dubberselva

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: C Areal : 7,34 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i dalføret mellom Nuten i nord og Udland/Kvala i sør, i Haugesund kommune. Den ligg i ein flat dalbunn hvor Dubberselva meanderer svakt og utvider seg til eit myrområde. Del av større kulturmarkkompleks, men andre delar er enten meir gjengrodd eller har meir gjødsla preg.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som naturbeitemark av typen fattig beiteeng i mosaikk med kystmyr av typen jordvannsmyr. Beitemarka er i hovedsak av type fukteng, men i kantene er det tørrere og til dels grunnlendte parti. Delar av området er forsumpet og myrprega, med artar som myrhatt, slåttestorr, stjernestorr, rome, knappsiv og klokkelgryng.

Artsmangfold: Her veks naturengplantar som smalkjempe, blåknapp, kjertelaugnetrøyst, tepperot og kystgriseøyre.

Mønjevokssopp blei funne, og det er trolig potensial for fleire artar beitemarkssopp.

Bruk tilstand og påvirkning: Det er mulig at dette tidlegare var hovedvassdraget, men at vassføringa er redusert etter at det blei laga kanal lenger mot sør. Det var ikkje beitedyr her ved synfaringa, men det var beite på tilgrensande arealar. Området har vore beita med storfe nyleg. Einskilde små bartre, men hovedsakeleg opent.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Del av eit større dalføre hvor Dubberselva renner, og hvor store delar er eller har vore beita.

Verdivurdering: Fattig beitemark / lavlandsmyr. Vassdraget er truleg negativt påvirket av ny kanal. Iht. utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten lav vekt for artsamangfold og påverknad, middels vekt for tilstand og høy vekt for storleik. Fattige beitemarker dekker forholdsvis store areal i regionen, og storleik vektlegges derfor lite. Med vekt på negativ påvirkning på hydrologien for myr/vassdrag settes verdien til lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Ideelt sett burde vassføringa aukast. Beite bør halda fram / gjenopptakast.

.....

263 Dubberselva Ø

Vannkantsamfunn – Elvesnelle-starrsump Verdi: C Areal : 11,78 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 2.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langs Dubberselva i nordenden av bustadområdet ved Kvala i Haugesund kommune. Grensar til skogholt i vest, busetnad i sør, hestegård i søraust. og elles mot tørrere myr/gjengroende kulturmark.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som vasskantsamfunn av typen elvesnelle-starrsump i mosaikk med kystmyr av typen anna kystmyr/jordvannsmyr. Store delar er svært våte og domineras av elvesnelle, myrhatt og trådstorr. I kantane og i nordre delar er det fattigmyr med klokkelgryng, bjønnskjepp og rome. Øyrevier står fleire stader i kantane. Mot sør blir forholda noko rikare.

Artsmangfold: Sørøver i sumpa voks ei stor bestand av kjempepiggnopp. Det er eit visst potensial for øyestikkere og andra insekter knytta til vassdrag og våtmark.

Bruk tilstand og påvirkning: Det er dumpa hestemøkk ut i våtmarka på søraustsiden. Søndre delar er truleg eutrofiert grunna tilsig fra gården og fra bustadområdet.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Del av eit større dalføre hvor Dubberselva renner, med rester av både kulturmark og myr.

Verdivurdering: Fattig-intermediær og nokså artsfattig sump, og som er negativt påvirket av gjødseltilsig. Vurdereast som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Dumping av gjødsel bør ta slutt, og gjødsel bør fjernast fra våtmarken.

.....

264 Vardafjellet

Dam – Verdi: B Areal : 2,51 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 4.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Dammen er ein del av kommunen sit prosjekt med restaurering og vedlikehald av salamanderdammar.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i et søkk mellom toppene på Vardafjellet rett aust for Haugesund sentrum.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Naturtypen er kartlagt som dam, og består av eit system av samanhengande dammar. Dammane er av fattig-intermediær type. Rundt om voks noko vier, gjerk og bartre. I kantane av dammane er det torvmosar, stor og myrplantar som stormyrull, trådstorr, flaskestorr, myrflod og sølvbunke. I våte parti voks bukkeblad, myrhatt, vassgro, flotgras og tjønnaks.

Artsmangfold: Damsystemet har ein god bestand av storsalamander (VU). Noe potensial for augnestikkarar og andre insekt knytta til vann og vassdrag.

Bruk tilstand og påvirkning: Damsystemet er nylig blitt reetablert av Haugesund kommune. Det går turveg gjennom området. Mot vest er det tett og høyvekst granskog, som gir mye skygge.

Fremmede arter: Gran, evt sitka. Et bestand av ubestemt spirea voks i austenden. Einskilde fagerfredlaus voks langs gangvegen.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Damsystem som huser god bestand av storsalamander. Vurderast som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Damane må haldast ved like. Overvåk at i ikkje framande artar sprer aeg. Vurder å fjerne/reduere skyggevirkning fra granholt i vest.

.....

265 Åkerøy V

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: C Areal : 7,67 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 4.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten var opphavleg registrert i tidlegare kartlegging frå 2001. BN-nummeret frå denne lokaliteten er beholdt, mens beskriving og avgrensing er ny.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Åkerøy, den søndre delen av Vibrandsøy, rett utenfor havna i Haugesund sentrum. Berggrunnen består av omdanna vulkaniske og/eller sedimentære bergarter, og er hovudsakeleg av fattig karakter.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med delnaturtype fattig beiteeng i mosaikk med strandeng. Det er til dels koller med grunnlendte parti og fjellknauser, spesielt i nordre del. I sør er det eit par tronge

vikar som truleg innanellom blir overfløyma ved sær hø vasstand. Her er det strandenger med noko tangvollpreg. I nord finst eit littoralbasseng på strandberga.

Artsmangfold: I tørre og grunnlendte parti veks smalkjempe, kystbergknapp, hårsveve, gulmaure og gulaks. Strandengpartia dominerast av eit fåtall artar som mjødurt, gåsemure og raudsvingel.

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten er del av et større beiteareal, som blir beita av sau. Vegetasjonen hair til dels et noko gjødsla preg.

Fremmede arter: Einskilde sitkagran finst i området.

Del av helhetlig landskap: Store delar av Vibrandsøy blir i dag beita, og utgjør eit stort samanhengande kulturlandskap.

Verdivurdering: Relativt variert naturbeitemark med fleira vegetasjonstypar, men med forholdsvis fattig og vanleg flora. Iht. utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten lav vekt for artsmangfald, lav-middels vekt for tilstand og påverknad og hø vekt for storleik. Fattige beitemarker dekker forholdsvis store areal i regionen, og storleik vektlegges derfor lite. Lokaliteten vurderast samla som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Hevd med beite bør halda fram som i dag. Marka må ikkje gjødslast. Framande bartre bør fjernast.

.....

266 Åkerøy N

Strandeng og strandsump – Semi-naturlig strandeng Verdi: C Areal : 12,15 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 4.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten var opphavleg registrert i tidligare kartlegging frå 2001. BN-nummeret frå denne lokaliteten er beholdt, mens beskriving og avgrensing er ny.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Åkerøy, den søndre delen av Vibrandsøy, rett utenfor havna i Haugesund sentrum. Berggrunnen består av omdanna vulkaniske og/eller sedimentære bergarter, og er hovudsakeleg av fattig karakter.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med delnaturtype fattig beiteeng i mosaikk med strandeng. Det er til dels koller med grunnlendte parti og fjellknauser. I nord er det eit par tronge vikar og innskjæringer samt eit par poller som innanellom blir overfløyma ved hø vasstand. Her er einskilde små strandengparti. I sør ligg ein fukteng/strandsump som og blir overfløyma i perioder.

Artsmangfold: Fuktenga i sør dominerast av havsivaks, men her veks óg hane kam, fuglevikke, gåsemure og sumpmaure. I tørre engparti voks mellom anna smalkjempe, kystbergknapp og kjetelaugnetrøyst.

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten er del av et større beiteareal, som blir beita av sau.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Store delar av Vibrandsøy blir i dag beita, og utgjør eit stort samanhengande kulturlandskap.

Verdivurdering: Relativt variert naturbeitemark med fleira vegetasjonstypar og fuktparti, men med forholdsvis fattig og vanleg flora. Iht. utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten lav vekt for artsmangfald, middels vekt for tilstand og påverknad og hø vekt for storleik. Fattige beitemarker dekker forholdsvis store areal i regionen, og storleik vektlegges derfor lite. Lokaliteten vurderast samla som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Hevd med beite bør halda fram som i dag. Marka må ikkje gjødslast.

.....

267 Gardsøya

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: B Areal : 56,86 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 4.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten var opphavleg registrert i tidligare kartlegging frå 2001. BN-nummeret frå denne lokaliteten er beholdt, mens beskriving og avgrensing er ny.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Gardsøya, den nordre delen av Vibrandsøya, rett utenfor havna i Haugesund sentrum. Berggrunnen består av omdanna vulkaniske og/eller sedimentære bergarter, og er hovudsakeleg av fattig karakter.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med delnaturtype fattig beiteeng. området er stort og dermed med litt varierende forhold. Terrenget er småkupert med mange knauser og grunnlendte parti. Det er einskilde vikar og innskjæringer, samt lave parti med fuktenger.

Artsmangfold: Forholdsvis triviell flora, men naturengplanter som engkvein, smalkjempe, tepperot, gulaks, hårsveve, tiriltunge, rødkløver, blåkløkke, fuglevikke, kjertelaugnetrøyst og gulmaure voks i grunnlendte parti. På strandeng veks gåremure og strandkryp. Vanlege artar av beitemarkssopp ble funne einskilde stader: gul vokssopp, liten mønjevokssopp og kjeglevokssopp.

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten er del av et større beiteareal, som blir beita av sau. Lave partiar med dypt jordsmonn har gjerne noko gjødsla preg, mens grunnlendte parti og knauser har meir naturengpreg.

Fremmede arter: Stor bestand av sitka på vestsiden er utelatt fra lokaliteten. Einskilde planter veks innafør.

Del av helhetlig landskap: Store delar av Vibrandsøy blir i dag beita, og utgjør eit stort samanhengande kulturlandskap.

Verdivurdering: Stor naturbeitemark med forholdsvis fattig og vanleg flora, men med stor andel grunnlendte og velbeita knauser. Iht. utkast til faktaark for naturbeitemark får lokaliteten lav vekt for artsmangfald, middels vekt for tilstand og påverknad og hø vekt for storleik. Lokaliteten vurderast samla som viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Hevd med beite bør halda fram som i dag. Marka må ikkje gjødslast.

.....

268 Løvågen

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: B Areal : 2,57 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 4.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Løvågen på innsiden av Åkerøya, den søndre delen av Vibrandsøya, rett utenfor havna i Haugesund sentrum. Grunnen består av steinfallmasser som ble lagt ut her for fleire tiår siden for å utvide landareala.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med delnaturtype fattig beiteeng. Vanlege og lite krevjande engartar som engkvein, føyblom, ryllik og kvitkløver dominerar vegetasjonen, som truleg er noko tråkkpåverka.

Artsmangfold: Av naturengplanter finst kjertelaugnetrøyst, gulaks og smalkjempe. Artsmangfoldet av beitemarkssopp er bedre, med minimum fem artar av vokssopp og raudspore. Her voks mellom anna de vanlege grønn vokssopp, kjeglevokssopp, og (truleg) den mer sjeldne melraudspore (VU-2010).

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten er del av et større beiteareal, som blir beita av sau. Spesielt de søraustre delane blir nyttja til friluftsliv, og her står mellom anna et par benker.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Store delar av Vibrandsøy blir i dag beita, og utgjør eit stort samanhengande kulturlandskap.

Verdivurdering: Engområde på tidlegare fylling. God hevd med beite. I 2014 var dette det beste området for beitemarkssopp på Vibrandsøya, både i antall artar og mengde. Med bakgrunn i eit truleg funn av ein VU-art og potensial for fleira raudlisteartar vurderes lokaliteten som lokalt viktig - viktig, og verdien settes til B.

Skjøtsel og hensyn: Hevd med beite bør halda fram som i dag. Marka må ikkje gjødslast.

.....

269 Årabrot renseanlegg S II

Gammel edellauvskog – Gammel eikeskog Verdi: C Areal : 0,7 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Haugesund sentrum, sør for Årabrot renseanlegg. Den omkransar ein liten kolle og grensar mot gjengroende kulturmark i vest, sør og aust, og mot yngre skog i nord.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gamal edellauvskog med delnaturtype gamal eikeskog. Lokaliteten oppnår eigentleg ikkje inngangsverdi på areal for gamal edellauvskog. Den kunne derfor alternativt ha vore avgrensa som hagemark eller store gamle tre. Det er imidlertid ikkje beite i området i dag, og lokaliteten framstår som eit skogholt. Det er derfor valgt likevel å avgrensa som edellauvskog. Eik danner tresjikt, med hassel i et lavere sjikt. Vivendel veks og her. Vegetasjonen definerast som blåbær-eikeskog med gras, gauksyre og linjekonvall i feltsjiktet. Eikene veks nesten krypende og krattpreget. Eit par av trea har stammediameter på ca 60 cm, og fleire er rundt 50 cm. Det er noko daud ved på greiner og til dels på bakken.

Artsmangfold: Potensial, spesielt på noko sikt, for artar knytta til daud ved og eldre løvtre.

Bruk tilstand og påvirkning: Trea er middels gamle. Lokaliteten har truleg vore del av eit større beiteområde.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Det er fleire små edellauvskogsteiger mellom Tornesvatnet og Årabrot.

Verdivurdering: Litet eikeholt med forholdsvis grove tre. Lokaliteten oppnår ikkje inngangsverdi på areal, men som eit av de bedre eikeholtene i landskapet er det likevel valgt å avgrense den. Iht. utkast til faktaark for gamal edellauvskog får lokaliteten lav vekt for tilstand og for potensial for artsamangfald/raudlisteartar. Den er verdsatt som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det er ikkje beov for tiltak innafør lokaliteten, men det er ynskeleg å halde kulturmarka mot sør open, for å få sollys inn til eikeholtet.

.....

270 Kvaladalsvassdraget

Viktig bekke drag – Verdi: C Areal : 9,83 daa

Innledning: Lokaliteten var opphavleg registrert i tidligare kartlegging frå 2001. BN-nummeret frå denne lokaliteten er beholdt, mens beskriving og til dels avgrensing er ny. Lokaliteten er delt inn i mange polygoner, adskilt av veger, innsjøer m.m.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Vassdraget renner gjennom Haugesund sentrum. Kun den anadrome strekningen frå Tornesvatnet til Arkavatnet er inkludert i avgrensningen.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen viktig bekke drag. Vegetasjonen langs vassdraget er svært skiftande med løvskog, barskog samt meir opne og/eller urbane parti.

Artsmangfold: Vassdraget har ein liten bestand av laks, og anadrom fisk går opp til Arkavatnet.

Bruk tilstand og påvirkning: Einskilte parti har godt utvikla kantsone med naturlig lauvskog eller restar av kulturmark, mens andre er sterkt påverka av bygging, framande treslag, hogst, forsøpling, veger etc. Vassdraget er óg noko forureina frå ulike lokale kilde samt forsureing. Blir kalka av og til i øvre delar.

Fremmede arter: Platanlønn, sitkagran og vanlig gran veks mange stader, også i større bestand. Parkslirekne finst og i store bestand nær vassdraget. Vasspest er rapportert fra Tornesvatnet og Skeisvatnet. Sørv finst og i Skeisvatnet.

Del av helhetlig landskap: Vassdraget bind saman de mange innsjøene i og inntil Haugesund sentrum.

Verdivurdering: Vassdrag med skiftande naturkvalitetar, m.a. med laksebestand, men som er sterkt negativt påverka av ulike faktorar. Bind saman viktige naturområde. Vurderast som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Behald eller restaurere naturlige kantsoner. Redusere diffuse utslipp. Bekjemp einskilde framande artar.

.....

271 Halsane N

Kystlynghei – Fattig fukthei Verdi: C Areal : 74,7 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 3.9.2014 i samband med naturtypekartlegging i Haugesund kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Haugesund sentrum, aust for Rv 47, mellom Halsane i sør og Sletthammar i nord. Den grensar mot veg/meir atgrodd hei i vest, veg i nord, Busetnad og annen naturtypelokalitet i sør, og mot meir gjødsle beite i aust.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen kystlynghei med delnaturtypen fattig fukthei i mosaikk med fattig tørrhei. På kollepartier er bakken grunnlendt og til dels med berg i dagen. I forsenkningar er det fuktig og myrlendt. Einer, furu, framande bartre og løvkratt finst spreidd i området. Vanlege artar i feltsjiktet er røsslyng, rome, klokkeling, blåtopp, tepperot, bjønnskjepp og kornstarr.

Artsmangfold: Purpurlyng (NT) finst i området.

Bruk tilstand og påvirkning: Det er ikkje tradisjonell hevd i området i dag. Lyngen er grov, og det er atgroing med lauvkratt og bartre. Det vurderast at det fortsatt er potensial for å restaurere lyngheia.

Fremmede arter: Sitkagran og buskfuru.

Del av helhetlig landskap: Det finst større heiareal vest for vegen på Tømmerås, og til dels også i nordaust. Det er ein tilgrensande naturtypelokalitet i sør med rik lynghei..

Verdivurdering: Rester av kystlynghei som ikke blir haldt i hevd og som er i atgroing. Fortsatt potensial for restaurering. Iht. utkast til faktaark for kystlynghei får lokaliteten lav vekt for storleik, artsamangfald, tilstand og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Hevd ved beite bør takast opp på ny. Lyngbrenning bør også vurderast. Framande bartre og ein del lauvkratt bør ryddast vekk.

.....

400 Erlandsdalsvatnet S

Regnskog – Fattig boreonemoral regnskog Verdi: A Areal : 2,07 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus v/Terje Blindheim og Torbjørn Høitomt i samband med undersøkingar av potensielle regnskoglokalitetar i Rogaland i 2014. Oppdraget er gitt av Fylkesmannen i Rogaland og omfattar kartlegging av område i store deler av fylket. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av ein liten kolle heilt inntil vannet på sørsida av Erlandsdalsvandet i Forsand kommune. Lokaliteten er sær s liten og omfattar ei lita gryte innunder ein ganske høg bergvegg. Det finst mykje steinblokker mellom bergveggen og vatnet. Lokaliteten vert prega av høy lufråme.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjelder naturtypen regnskog med delnaturtypen fattig boreonemoral regnskog. Furu- og bjørkedominert middelaldrande skog med innslag av noko rogn på ordinær blåbærmark. Det finst litt daudved i tidlege stadium.

Artsmangfold: Det finst ein interessant kryptogamflora på rogn med artar som *Thelotrema macrosporum* (EN), *kystvortelav* *Pertusaria multipuncta* (VU) og *dvergperlemose* *Microlejeunea ulicina*. I tillegg veks småhinnemose *Plagiochila punctata* på fleire steinblokker. Potensialet for ytterlegare funn av regnskogtilknytte artar vert vurdert som lågt.

Bruk tilstand og påvirkning: Det finst ingen spor etter nye inngrep i området.

Fremmede arter:

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten grenser til Svidnesmarka, eit stort samanhengende gammalskogområde med ganske store areal med velutvikla boreonemoral regnskog.

Verdivurdering: Liten, men artsrik lokalitet ved Erlandsdalsvatnet. Lokaliteten oppnår høg verdi på artsamangfold og vert derfor vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten vert best bevart under fri utvikling.

.....

104 Fiskåsen

Regnskog – Rik boreonemoral regnskog Verdi: A Areal : 58,48 daa

Innledning: Lokaliteten ble opphavleg registrert i en tidleg fase av kommunens naturtypekartlegging og var med i kommunedelplan for biologisk mangfold i 1999. Kvalitetssikring og retting er utført i flere runder, sist av BioFokus ved Anders Thylén i 2014 i samband med kartlegging av regnskog på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland

Beliggenhet og naturgrunnlag: Området ligg nord i Strand kommune, nord for Vostervannet. Det følgjer en smal dal mellom to åsparti. Delar av lisidene er inkludert i avgrensinga. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk (humid underseksjon O3b) vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består iht berggrunnskart av kvartsdiorittisk gneis.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Området utgjør en mosaikk av skogtyper. Høg luftfuktigheit og god førekomst av fuktigheitskrevande lavartar motiverar avgrensing som regnskog, i mosaikk med mellom anna rik sumpskog. Sentralt i dalføret finst svartordominert sumpskog. Sumpskogen kan karakteriserast som rik i nedre del, men er fattigare høgere opp. I nedre del er det noko innslag av ask, mens det i øvre del er innslag av bjørk. I lisidene i nedre del er det rik edellauvskog med hassel, ask og svartor på lavurtmark, mens kantane høgere opp er fattigare med svartor, hassel, bjørk, rogn og einer. Grove hasselkjerr finst, og stadvis grove tre av ask, svartor og bjørk. Mykje av svartora i sumpskogen står på sokler, og det er parti med frie vasspegelar. Daud ved forekommer sparsomt. Det er god topografisk variasjon med steinblokkar og små bergveggar i kantane.

Artsmangfold: I området er det funne fleire regnskogsartar og andre fuktigheitskrevande artar av epifyttiske lav. Det er en god bestand av hovudskoddelav (VU-2010) med funn på meir enn 50 tre. Her finnes også grå buktkrinslav (EN), ringstry (NT), kyststry (VU), *Pachyphiale carneola* (VU), buktporelav, rundt porelav, hinkelav, skrubbenever, grynfiltrav, muslinglav og gamalgranlav. På lavurtmark veks skogstjerneblom, trollurt, mellomtrollurt, junkerbregne og krossved, og i den rike sumpskogen veks maigull, mannasøtgras, krypsleie og slakkstarr. Det skal og vere en amfibielokalitet ned mot innsjøen.

Bruk tilstand og påvirkning: Sumpskogen er intakt. Det har truleg vært noko plukkhogst og beite i området. Det er granplantafelt mot sørvest og søraust, med nokre små utstikkarar inn i lokaliteten.

Fremmede arter: Utover gran er det ikkje registrert framande artar.

Del av helhetlig landskap: Områdene nord for Tau mot Fognafjorden/Årdalsfjorden har eit betydelig innslag av viktige lauvskogsmiljøer, til dels med regnskog- og sumpskogkvalitetar.

Verdivurdering: Variert og rik skoglokalitet med førekomst av regnskog og andre raudlistede naturtypar. Rikt artsamangfold av lav og rik karplanteflora. Vurderes som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling tar vare på og videreutvikler de biologiske kvalitetane på best måte. Ein må imidlertid passe på at gran ikke spreier seg i området.

.....

328 Langåsen

Store gamle trær – Eik Verdi: A Areal : 0,4 daa

Innledning: : Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Terje Blindheim 7. okt. 2014 i samband med naturtypekartlegging i Strand kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er ikkje tidlegare kartlagt.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nordaust for Langåsen nord for Vostervatnet i Strand kommune og utgjør eit einskild eiketree i tidligere ope kulturlandskap.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen store gamle tre med utforming eik. Treet har vid krone som løp ut frå to kraftige stammer ca. 1,5 meter oppe på stammen. Basis målar 4,5-5 meter i omkrets og det er grov sprekkebark (4-8 cm dyp) knytt særlig til treet's lutende side. I kronen er det nokså mye døde greiner av ulik tykkelse og det finst og einskilde mindre dødvedpartier på de grove stammene nederst. Det er ikkje noko stort ope holrom, men det er mindre hulhetre som kan utvide seg innover i stammen. Det vokste svovelkjuke på treet.

Artsmangfold: Treet har ein rik førekomst av arten gryneporelav. Dersom regionen har potensial for insekt knytt til gamle og innhole eiketree vurderast dette treet som svært potent for slike artar.

Bruk tilstand og påvirkning: Det har blitt rydda rundt treet i løpet av dei seinaste åra.

Fremmede arter: Ikkje registrert innanfor avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg ganske isolert frå andre lignande lokaliteter.

Verdivurdering: Grov og hul eik med viktige habitatkvalitetar som djup sprekkebark og rikeleg med daud ved gir i tillegg til høgt potensial for raudlistearter verdi som svært viktig (A verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det bør haldes ope rundt treet, elles anbefalest ingen spesiell skjøtsel.

.....

358 Fiskåsen N

Rik edellauvskog – Or-askeskog Verdi: C Areal : 2,42 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 7.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Ytrafiskåna nord for Vostervatnet i Strand kommune. Den ligg i eit nordvendt søkk rett sør for hovudvegen, og det renn ein liten bekk i bunn. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk (humid underseksjon O3b) vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består iht berggrunnskart av kvartsdiorittisk gneis.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik edellauvskog av typen or-askeskog. Det er noko sumpreg i bunn. Lokaliteten har svake trekk av regnskog, men oppfyller ikkje heilt krava for denne naturtypen. Tresjiktet dominerast av svartor, hassel og bjørk, med innslag av ask og selje. Feltsjiktet er dominert av småbregne- og storbregnevegetasjon. Det er tykke mosetepper på steiner og oppover trestammar. Skogen er variert med mest småvokste tre i bunn, og litt større skog med grove tre på kantane.

Artsmangfold: Mye lav på trea, til dels med artar fra lungeneversamfunnet som lungenever, glattvrenge og gryneporelav. Også nye strylav (steinstry og madeirastry) og brun korallav. Det er potensial for fleire artar av mellom anna skorpelav og mosar.

Bruk tilstand og påvirkning: Området har truleg tidlegare vore ein del av kulturlandskapet, og var da meir opent.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Områdene nord for Tau mot Fognafjorden/Årdalsfjorden har eit betydelig innslag av viktige lauvskogsmiljøer, til dels med regnskogkvalitetar.

Verdivurdering: Edellauvskog i nordvendt søkk med noko regnskogspeg. Iht. faktaark for rik edellauvskog får lokaliteten lav vekt for storleik, skogtilstand og artsmangfald. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane tas best vare på ved fri utvikling.

.....

359 Fiskåsen V II

Rik sumpskog, kildesog og strandsog – Rik løvsumpskog Verdi: C Areal : 1,9 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 7.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Ytrafiskåna nord for Vostervatnet i Strand kommune. Den ligg i ein smal dal vest for Fiskåsen, og er avgrensa mot yngre og meir grofta sumpskog mot sør og elles mot fastmark. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk (humid underseksjon O3b) vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består iht berggrunnskart av kvartsdiorittisk gneis.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik sumpskog av typen rik lauvsumpskog. Svartor er heilt dominerande, men her finst òg noko ask og - spesielt i kantane - hassel. Bakkevegetasjonen er hovudsakeleg intermediaært rik. Svartora har stammediameter på 30-35 cm. Det er grove hasselkjerr i kantane.

Artsmangfold: Hovudskoddelav (VU) veks på 5-6 tre.

Bruk tilstand og påvirkning: Svartora står til dels på grove sokler, men selve trea er blitt hogd for fleire tiår siden. Dagens stammer vurderes å vere 30-40 år gamle. Området har truleg langt tilbake i tid vore ein del av kulturlandskapet, og var da meir opent. Det er grøfter i kant mot traktorveg i aust.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Områdene nord for Tau mot Fognafjorden/Årdalsfjorden har eit betydelig innslag av viktige lauvskogsmiljøer, til dels med regnskogkvalitetar.

Verdivurdering: Lite parti med hogstpåverka oresumpskog med førekomst av sårbar art. Iht. faktaark for rik sumpskog får lokaliteten lav vekt for storleik og lav-middels for artsmangfald og påverknad. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane tas best vare på ved fri utvikling. Lokaliteten og nærområdet må ikkje grøftes på ny.

.....

360 Fiskåsen V I

Rik edellauvskog – Or-askesog Verdi: C Areal : 3,46 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 7.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Ytrafiskåna nord for Vostervatnet i Strand kommune. Den ligg i ein austvendt skråning på åspartiet vest for Fiskåsen. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk (humid underseksjon O3b) vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består iht berggrunnskart av kvartsdiorittisk gneis.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik edellauvskog av typen or-askesog. Svartor og hassel dominerar tresjiktet, med innslag av ask og selje. Feltsjiktet består av svak lågurtvegetasjon. Det er ein svært grov (1 meter i diameter) og tidlegare lauva ask i skråninga, samt nokre grove svartor og selje og ein del grove hasselkjerr. Det er førebels lite daud ved. Den store aska er hul.

Artsmangfold: Det blei funne blyhinnelev på den store aska og rund porelev på hassel.

Bruk tilstand og påvirkning: Området har truleg tidlegare vore ein del av kulturlandskapet, og var da meir opent.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Områdene nord for Tau mot Fognafjorden/Årdalsfjorden har eit betydelig innslag av viktige lauvskogsmiljøer, til dels med regnskogkvalitetar.

Verdivurdering: Lite edellauvholt med ein del grove tre (inkludert et tidlegare lauvingstre) og nokre signalartar. Iht. faktaark for rik edellauvskog får lokaliteten middels vekt for storleik og habitat-kvalitet, og lav vekt for artsmangfald. Samla vurderast lokaliteten som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane er knytta til gamle tre og daud ved. Fri utvikling vil ta vare på desse verdiane på best måte.

.....

361 Knuten

Regnskog – Fattig boreonemoral regnskog Verdi: B Areal : 165,75 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 7.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Døvika nordaust i Strand kommune. Den ligg i et nordvendt bratt fjellside under Knuten og vest til Paddevassåna. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og i overgang mellom sterkt oseanisk og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består iht berggrunnskart av granitt-granodioritt.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen regnskog av typen fattig boreonemoral regnskog i mosaikk med gamal kystfuruskog og gamal boreal lauvskog. Nordvendt helling, høg lufråme og einskilte artsfunn gir grunnlag for avgrensing som regnskog. I vest dominerar furu med innslag av bjørk og rogn. Austover er det vekslende bjørk- og furudominans med innslag av rogn, osp, selje, gran og noko ask. Skogen er relativt open i vest, med mykje einer, men er tettare austover. Feltsjiktet er hovudsakeleg av blåbærtype, men med einskilte rikare parti. Det er grov furuskog, spesielt i vest, med trær på 50-55 cm diameter, og ein del grov bjørk. Ein hol og svært grov rogn står midt i elva. Det er ein del stående og liggande daud ved av furu og bjørk. Det er til dels høge bergveggar, store steinblokkar og steinete terreng. Det veks mye mose og lav på blokkar og trestammar.

Artsmangfold: Ringstry (NT) veks spreidd på furu i vestre del. Av andre lavartar er det mellom anna funne skrukkelav og mykje brun korallav på bergveggar, muslinglav på rogn og fleire vanlege strylavar. Krusfellmose veks på rogn ved elva, og elles er det ein del vanlege oseaniske mosar som kysttornemose, stripefoldmose, skortejuvmose og kystjamnemose.

Bruk tilstand og påvirkning: Skogen er truleg blitt plukkhogd, og spesielt i nedre delar er den beitepåverka. Det er unge granplantfelt på nedsida i austre del.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Områdene nord for Tau mot Fognafjorden/Årdalsfjorden har eit betydelig innslag av viktige lauvskogsmiljøer, til dels med regnskogkvalitetar.

Verdivurdering: Relativt stor lokalitet med gamalskog og regnskogspeg, men begrensa dokumentasjon på regnskogartar. Iht. faktaark for regnskog får lokaliteten høg vekt for storleik, middels vekt for skogtilstand og lav vekt for artsmangfald. Samla vurderast lokaliteten som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane er knytta til høg luftfuktigheit og gamalskogelement. Fri utvikling vil ta vare på desse verdiane på best måte. Det er viktig å behalde god vassføring i elva.

.....

401 Nedrafjellet N

Regnskog – Fattig boreonemoral regnskog Verdi: B Areal : 33,51 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus v/Torbjørn Høitomt i samband med undersøkingar av potensielle regnskoglokalitetar i Rogaland i 2014. Oppdraget er gitt av Fylkesmannen i Rogaland og omfattar kartlegging av område i store delar av fylket. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Nedrefjellet i Strand kommune. Lokaliteten er relativt stor og omfattar ein ganske stor gryteformasjon, men strekker seg òg langsmed berga både aust- og vestover frå denne formasjonen. Lokaliteten vert prega av høy luftråme. Nokre småberg og blokker finst spreidd i lokaliteten.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjelder naturtypen regnskog med delnaturtypen fattig boreonemoral regnskog. Furu- og bjørkedominert middelaldrande til eldre skog med innslag av noko rogn på ordinær blåbærmark. Tjukke, mjuke mosematter ber prov om at miljøet er særskild fuktig. Det finst noko gadd av bjørk og litt daudved i tidlege stadium.

Artsmangfold: Det vert funne eit knippe med kjenneteiknande regnskogartar. Dvergperlemose finst i rikelege mengder, medan kattefotlav *Felipes leucopellaea*, småhinnemose *Plagiochila punctata*, kløfthinnemose *P. exigua* (NT), taglmose *Sphenolobos pearsonii* og rotdraugmose *Anastrophyllum michauxii* veks spreidd i lokaliteten. Det samme gjer hinnebregne *Hymenophyllum peltatum*. Det er eit ytterlegare potensial for sjeldsynte og truga artar knytte til humide regnskogsmiljø.

Bruk tilstand og påvirkning: Det finst ingen spor etter nye inngrep i området.

Fremmede arter:

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten grensar til Svidnesmarka, eit stort samanhengende gammalskogområde med ganske store areal med velutvikla boreonemoral regnskog.

Verdivurdering: Ganske stor lokalitet med fattig boreonemoral regnskog på nordsida av Nedrefjellet. Lokaliteten oppnår middels vekt på artsmangfold og topografi/lokalklima, smat høg verdi på storleik. Avgrensinga vert derfor vurdert som viktig (B-verdi), men kunne truleg òg vore vurdert eit trinn høgare.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten vert best bevart under fri utvikling.

.....

402 Lomarfjellet SØ

Regnskog – Fattig boreonemoral regnskog Verdi: C Areal : 4,37 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus v/Torbjørn Høitomt 6.10-2014 i samband med undersøkingar av potensielle regnskoglokalitetar i Rogaland i 2014. Oppdraget er gitt av Fylkesmannen i Rogaland og omfattar kartlegging av område i store delar av fylket. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett vest for Rv. 13 ved nordenden av Botnevatnet i Strand kommune og omfattar eit lite areal på nordsida av ein bratt kolle. Lokaliteten vert prega av høg luftråme.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjelder naturtypen regnskog med delnaturtypen fattig boreonemoral regnskog. Furu- og bjørkedominert middelaldrande skog med innslag av noko rogn på ordinær blåbærmark. Det finst litt daudved i tidlege stadium. Det finst òg ein del middels store steinblokker.

Artsmangfold: Det vart funne eit lite knippe med typiske artar for typen; dvergperlemose *Microlejeunea ulicina*, gul pærelav *Pyrenula occidentalis* (NT), en art i kyststrygruppen og hinnebregne. Lågt potensiale for kjenneteiknande og truga artar ut over dette.

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten er ikkje påverka av nyare inngrep, men skogen er ikkje særleg gammal.

Fremmede arter: Lokaliteten grensar mot eit plantefelt i nedkant.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten grensar til Svidnesmarka, eit stort samanhengjande område med ganske store areal med velutvikla boreonemoral regnskog.

Verdivurdering: Lite parti med fattig boreonemoral regnskog på nordsida av ein liten kolle. Det er funne eit knippe typiske artar for typen, men ingen særleg krevjande eller sjeldsynte. På bakgrunn av låg verdi på habitatkvalitet, lite areal (terskelverdi så vidt oppnådd) og moderat artsinventar (1 NT) vert lokaliteten vurdert som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten blir best bevart under fri utvikling.

.....

403 Botne NV

Regnskog – Fattig boreonemoral regnskog Verdi: A Areal : 17,88 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus v/Torbjørn Høitomt i samband med undersøkingar av potensielle regnskoglokalitetar i Rogaland i 2014. Oppdraget er gitt av Fylkesmannen i Rogaland og omfattar kartlegging av område i store delar av fylket. Geir Gaarder og Ove Førland har tidlegare vore i området, og avgrensinga erstattar gammal lokalitet; Botne (BN00049283). Både tekst og kartavgrensing er oppdatert. Relevant informasjon er henta frå Naturbase (5. jan. 2015). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett vest for Rv. 13 ved nordenda av Botnevatnet i Strand kommune og omfattar ein mindre del av ei nordvestvendt lise. Lokaliteten vert prega av høg luftråme. Det finst ein del store bergveggar og blokker i lokaliteten. Eit ganske småtopografisk komplekst landskap gjer at råmenivået varierer ganske mykje på små avstandar.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjelder naturtypen regnskog med delnaturtypen fattig boreonemoral regnskog. Furu- og bjørkedominert middelaldrande skog med innslag av noko rogn, osp og hassel på ordinær blåbærmark. Det finst litt daudved i tidlege stadium.

Artsmangfold: Det vart påvist fleire sjeldsynte og truga artar i tillegg til eit knippe vanlegare, men kjenneteiknande artar for typen. Kystskoddellav *Menegazzia subsimilis* (EN), hodeskoddellav *Menegazzia terebrata* (VU), *Thelotrema macrosporum* (EN), *Opegrapha ochrocheila* (VU), *Pachyphiale carneola* (VU), kystkorallav *Bunodophoron melanocarpum* (NT) og gul pærelav *Pyrenula occidentalis* (NT) er alle påvist i lokaliteten. I tillegg finst artar som småhinnemose *Plagiochila punctata*, dvergperlemose *Microlejeunea ulicina*, vrengehutremose *Neckera pumila*, lungenever *Lobaria pulmonaria*, kystnever *L. virens* og truleg pigghinnemose *Plagiochila spinulosa* (VU)

Bruk tilstand og påvirkning: Det finst ingen spor etter nye inngrep i området.

Fremmede arter: Lokaliteten grensar til eit plantefelt med gran i det søraustre hjørnet.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten grensar til Svidnesmarka, eit stort samanhengende gammalskogområde med ganske store areal med velutvikla boreonemoral regnskog.

Verdivurdering: Stor og velutvikla regnskoglokalitet med førekomst av fleire høgt raudlista artar innan fleire artsgrupper. Lokaliteten vert gjeve høg vekt på artsmangfold (2 EN-artar, 4 VU-artar og 2 NT-artar) og topografi/lokalklima og vert derfor vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten vert best bevart under fri utvikling.

.....

362 Lyngstøl

Gammel furuskog – Gammel kystfuruskog Verdi: B Areal : 1261 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén og Torbjørn Høitomt den 8.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Området er ikkje kartlagt i detalj.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på austre del av Jøsneset nord i Hjelmeland kommune og noko inn i Suldal kommune. Den utgjer heiane på austsiden av Gumlanuten. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk

vegetasjonsseksjon. Berggrunnen består i følge berggrunnskart av granitt eller granittisk gneis. Terrenget er noko kupert med ryggar, flater og smådalar. Jordsmonnet er enten grunnlendt morene med mykje nakent berg, eller dypere organisk jord på torvmyrer.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gamal furuskog av typen gamal kystfuruskog i mosaikk med kystmyr. Området er eit stort samanhengande areal med eldre og til dels gamal furuskog. Vegetasjonen er fattig og vekslar mellom torvmyrer i flate parti og i søkk og daler samt furuskog på ryggar. Skogen dominerast av røsslyng-blokkbærfuruskog av kyst-utforming (A3c) og knauskog (A6), stadvis også dominans av blåtopp eller tyttebær. Myrane består hovudsakeleg av fattig jordvassmyr med både flatmyr og bakkemyr. I tillegg til furu finst ein del bjørk. Skogen er relativt gamal, i parti ein del storvokste og grove tre. Det er generelt lite daud ved, men stadvis noko gadd. Det er ein del bekkar og nokre tjern i området.

Artsmangfold: Ikkje noen spesielle artar registrert, men noko potensial for artar knytt til gamal furuskog.

Bruk tilstand og påvirkning: Skogen har truleg vore plukkhogd. Det er nokre hytter i kant av avgrensinga og det går merka sti gjennom området.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Del av eit større og relativt uberørt fjell- og heiområde på Jøsneset.

Verdivurdering: Stort og relativt lite påverka furuskogsområde, med spreidde naturskogselementer. Vurderast som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane tas best vare på ved fri utvikling.

.....

300 Lovra fjorden aust 1

Høstingsskog – Rik høstingsskog med styva edellauvtrær Verdi: A Areal : 93 daa

Innledning: Lokalitetsskiltinga er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS 02.01.2015 basert på feltarbeid utført av same person den 08.10.2014 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Suldal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning AS 05.06.2011, og lokalitetsskiltinga er i stor grad basert på denne, men avgrensinga er utvida noko i aust, ovanfor vegen.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på austsida av Lovra fjorden, litt nord for Lovraeidet. Den omfattar ei bratt vest-til nordvestvendt li med mykje skogkledd rasmark. Dels er det små innslag av bergveggar i midtre delar og i aust, samt lokalt litt meir finkorna rasmateriale. Ein mindre bekk kjem ned om lag midt i lokaliteten nordre del og det er generelt fuktig i heile lia. Berggrunnen består i følge berggrunnskartet for det meste av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, men det verkar også å vere innslag av rikare bergartar. Moen (1998) viser at lokaliteten ligg på grensa mellom klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h). Same kjelde plasserer lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone, truleg med overgang til sørboreal sone i øvre delar.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen haustingsskog (D18) av utforminga rik haustingsskog med styva edellauvtrær (D1812). Det finst også små innslag av varmekjær kjeldesog i nedre delar. Bergveggane verkar intermediære, og dei ligg stort sett i skugge.

Artsmangfold: Viktige varmekjære treslag er særleg ask (NT), men det finst også ein del alm (NT) og nokre få innslag av lind i øvre delar. Elles er det ein del gråor og litt bjørk. Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men det vart funne artar som skogsvingel, myske og junkerbregne, samt mykje skogstjerneblom. Det vart søkt noko etter lav på trea, men truleg er det for skuggefullt for dei fleste artane i lungenever-samfunnet. Det vart berre funne litt av kystnever, rund porelav og buktporelav, flishinnelav, skjelgløye, skjelhinnelav, skjelnever og blåfylllav. På gammal alm vart bleik kraterlav (VU) påvist fleire stader, og det er potensial for fleire sjeldsynte og truga skorpelav på dei gamle edellauvtrær.

Bruk tilstand og påvirkning: Dette er ein gammal haustingsskog der det framleis står att ein del grove og gamle styvingstre av ask og alm. Mange av desse er innhole, med gode førekomstar av grov sprekkbark og vedmold. Øvre delar av lokaliteten er påverka av ras, og også ein del av styvingstrea ber preg av dette. I alt er det nok minst 50 eksemplar her. Trea ber preg av å ikkje ha vore styva på fleire ti-år og byrjar å få for store kroner, der einskilde alt har gått over ende som følge av dette. Samtidig har det kome opp annan halvgammel lauvskog, og medan det tidlegare nok kan ha vore ganske ope, er det no ein nokså tett, slutta skog her. Nedst mot sjøen kan det lokalt ha vore slått så vidt før, men elles har det nok mest gått husdyr og beita her, noko det også er slutt på no. Riksvegen med utfyllingar og skjeringar har øydelagt noko av lokaliteten.

Fremmede arter: Nokre få individ av platanlønn.

Del av helhetlig landskap: Suldal kommune og områda rundt Vindafjorden er eit viktig område for haustingsskogar med gamle styvingstre av ask og alm, dels også rike edellauvskogar. Lovra fjorden er truleg eit av kjerneområda, og avgrensa lokalitet er ein viktig del av dette.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for haustingsskog frå 2014 oppnår lokaliteten låg vekt for tilstand, men høg vekt på storleik og nærleik til andre liknande lokalitetar. Mange av styvingstrea er grove, opp i tre meter i omkrins, og om ein vurderer trea isolert sett, oppnår lokaliteten difor høg vekt for treeigenskapen storleik. Også på førekomst av sprekkbark oppnår lokaliteten høg vekt, medan den oppnår middels vekt på førekomst av vedmold. Det vart også registrerte ein sårbar art her, og det er potensiale for fleire. Vidare er naturtypen haustingsskog føreslegen som utvald naturtype etter Naturmangfaldlova. Verdien var tidlegare sett til viktig - B for heile lia, men det verkar klart at den skal ha verdien svært viktig - A, også delområde som dette.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at området får ligge mest mulig upåverka av fysiske inngrep (inkludert alle former for dumping av lausmassar frå vegen, eller auka breidde på skjeringar og fyllingar) og treslagskifte. Det hadde vore fint om ein kunne få teke opp att styvinga av edellauvtrær, men dei gamle trea har nok vore utan skjøtsel i for lang tid til at ein bør starte med dei. Då er det betre å velje ut yngre, mindre tre. I tillegg burde det i parti ha vore rydda/tynna noko rundt styvingstrea, for å opne meir opp rundt de. Grundigare undersøking og vidare overvaking av lavfloraen vil også vere ein fordel.

.....

301 Øvra Neset V, nedenfor vegen

Høstingsskog – Rik høstingsskog med styva edellauvtrær Verdi: B Areal : 17 daa

Innledning: Lokalitetsskiltinga er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS 13.01.2015 basert på feltarbeid utført av same person sammen med Anders Thylén, BioFokus, den 09.10.2014 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Suldal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vestsida av elva Ulla, like ved kommunegrensa mellom Suldal og Hjelmeland kommunar. Her omfattar den ei bratt vestvendt li for det meste med berg med tynt vegetasjonsdekke. Enkelte stader finst noko skogkledd rasmark, meir finkorna materiale og nokre mindre innslag av bergveggar. Fleire mindre bekkar renn gjennom lokaliteten, og bidreg saman med elva til eit generelt fuktig miljø i heile lia. Berggrunnen består i følge berggrunnskartet for det meste av augnegneis, granitt, foliert granitt, men det verkar også å vere innslag av rikare bergartar. Lokaliteten ligg på grensa mellom klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h). Vidare viser denne kjelda at lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen haustingsskog (D18) av utforminga rik haustingsskog med styva edellauvtrær (D1812) i mosaikk med rik edellauvskog. Bergveggene verkar intermediære, og dei ligg for det meste i skugge.

Artsmangfold: Viktige varmekjære treslag er særleg ask (NT), men det finst også ein del alm (NT). Elles finst noko hassel og eik. Det er også ein del selje og bjørk, samt litt gråor. Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men det vart funne artar som myske, junkerbregne, markjordbær og revebjølle i tillegg til ein del storbregner og bringebær. Stadvis er lungeneversamfunnet godt utvikla, med gode førekomstar av lungenever, rundporelav, buktporelav, kystnever, flishinnelav og blåfyllav. Det vart søkt noko etter lav på trea, men truleg er det for skuggefullt for dei fleste artane i lungenever-samfunnet. Ein meiner at potensialet er til stades for fleire sjeldsynte og truga skorpelav på dei gamle edellauvtrea.

Bruk tilstand og påvirkning: Dette er ein gammal haustingsskog der det framleis står att ein del grove og gamle styvingstre av ask og alm. Nokre av desse er innhole, stadvis med gode førekomstar av grov sprekkbark og noko vedmold. I alt er det nok minst 30 eksemplar av styvingstre her. Mange av trea ber preg av å ikkje ha vore styva på fleire ti-år og nokre byrjar å få for store kroner. Unntaket er nokre som står svært nær vegen som let til å vere styva i nyare tid. Samtidig har det kome opp annan halvgamal lauvskog, og medan det tidlegare nok kan ha vore ganske ope, er det no ein nokså tett, slutta skog her. Truleg har det tidlegare gått husdyr og beita her, noko det let til å vere slutt på no. Riksvegen med utfyllingar og skjeringar har øydelagt noko av lokaliteten heilt øvst, og deler opp det som tidlegare var eit større samanhengande område.

Fremmede arter: Nokre få individ av platanlønn.

Del av helhetlig landskap: Suldal kommune er eit viktig område for haustingsskogar med gamle styvingstre av ask og alm, dels også rike edellauvskogar. Det finst fleire liknande lokalitetar i Ulladalen, og like ovanfor vegen ligg eit område med restaurert hagemark.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for haustingsskog frå 2014 oppnår lokaliteten låg vekt for tilstand, men høg vekt på storleik og nærleik til andre liknande lokalitetar. Nokre av styvingstrea er grove, opp i minst to meter i omkrins, og om ein vurderer trea isolert sett, oppnår lokaliteten difor middels vekt for treeigenskapen storleik. Også på førekomst av sprekkbark oppnår lokaliteten høg vekt, medan den oppnår låg vekt på førekomst av vedmold. Det er ikkje funne raudlista artar her unntatte edellauvtrea, men ein vurderer potensiale for slike å vere til stades. Vidare er naturtypen haustingsskog føreslegen som utvald naturtype etter Naturmangfaldlova. Verdien er difor sett til ein svak viktig – B, med moglegheit for auking av verdien med påvising av raudlisteartar.

Skjøtsel og hensyn: Det hadde vore fint om ein kunne få teke opp att styvinga av edellauvtre, men dei eldste trea har nok vore utan skjøtsel i for lang tid til at ein bør starte med dei. Då er det betre å velje ut yngre, mindre tre. Om dei eldre trea skal restaurarast, må dette truleg gjerast over fleire år med gradvis tynning av krona. Grundigare undersøking og vidare overvaking av lavfloraen vil også vere ein fordel. I tillegg burde det i einiskilde parti, spesielt opp mot vegen, ha vore rydda/tynnet noko, for å opne meir opp rundt styvingstrea. Fysiske inngrep, inkludert alle former for dumping av lausmassar frå vegen, eller auka breidde på skjeringar og fyllingar er svært skadeleg.

.....

302 Tangen I

Hagemark – Fattig hagemark med styvede eller stubbehøstede edellauvtrær Verdi: C Areal : 2,6 daa

Innledning:

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved husa på Tangen i Suldal kommune. Her omfattar den eit lite område med innmark sør og vest for vegen. Dette er gamal beitemark med innslag av enkelte eldre, styva eiketre saman med noko yngre eik. Under enkelte av dei større eikene er grasdekket svært sparsamt grunna skugge og skrint jordsmonn. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet for det meste av gneis, migmatitt, granitt, udiffereinsierte, medan lausmassane består av tynne morenemassar. Lokaliteten ligg i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) og på grensa mellom boreonemoral og sørboreal vegetasjonsone.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen hagemark (D05) av utforminga fattig hagemark med styva eller stubbehausta edellauvtre (D0513). Tresjiktet består for det aller meste av eik. Nokre av desse er styva, innhole og av grove dimensjonar. Elles finst også noko yngre eik.

Artsmangfold: I feltsjiktet finst artar som gulaks, kystmaure, harestorr, lækjeveronika, blåklukke, engkvein, sølvbunke og grov nattfiol. Det vart også registrert beitemarksopp som honningvokssopp og bleiktuppa småkøllesopp. Fleire av eikene er innhole og ein vurderer potensialet å vere til stades for sjeldsynte og truga skorpelav på dei gamle edellauvtrea. Lungeneversamfunnet er sparsamt utvikla, men med artar som kystnever, grynporelav, rundporelav og buktporelav til stades. Også vanlege knappenålslavar som raudhovudnål vart registrert.

Bruk tilstand og påvirkning: Innanfor lokaliteten finst fleire gamle styvingstre. Nokre av desse er innhole, stadvis med gode førekomstar av grov sprekkbark og noko vedmold. I alt er det 5 eksemplar av styvingstre her, og to av desse er framleis styva i samband med at dei ligg nær ein hage. Dei andre trea ber preg av å ikkje ha vore styva på fleire ti-år og nokre byrjar å få for store kroner. Resten av trea innanfor lokaliteten er yngre eik. Området er framleis ekstensivt beita med sau, og har også tidlegare vore beita og slått.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av helhetlig landskap: Tidlegare var gardsbruka på Tangen truleg ein del av eit større og meir samanhengande kulturlandskap langs Saudafjorden. I dag framstår dette som langt meir fragmentert, og bruka på Tangen utgjer såleis eit lite, isolert kulturlandskap.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for hagemark frå 2014 oppnår lokaliteten middels vekt for tilstand, men låg vekt på parametra; talet på engartar, raudlisteartar og grunntypevariasjon. Den oppnår høg vekt på førekomst av styvingstre, men låg vekt på storleik. Elles er Tangen i dag å rekne som eit lite isolert kulturlandskap. Om ein vurderer dei store trea isolert sett, oppnår desse middels til høg verdi for parametra storleik, sprekkbark og holrom, men låg vekt for førekomstar av vedmold og raudlisteartar, sjølv om ein vurderer dette å vere til stades. Trea oppnår også høg verdi for parameteret nærleik til likande lokalitetar, då det finst fleire store, gamle eiketre på Tangen. Hole eiker er ein utvald naturtype etter Naturmangfaldlova. Samla sett oppnår lokaliteten verdien lokalt viktig – C.

Skjøtsel og hensyn: Det hadde vore fint om ein kunne oppretthalde styvinga av eikene her, men dei eldste trea har nok vore utan skjøtsel i for lang tid til at ein bør starte med dei. Då er det betre å velje ut yngre, mindre tre. Om dei eldre trea skal restaurarast, må dette truleg gjerast over fleire år med gradvis tynning av krona. Grundigare undersøking og vidare overvaking av lavfloraen vil også vere ein fordel. I tillegg burde det i parti ha vore rydda vekk noko anna skog, herunder nokre av dei yngste eiketrea, for å opne meir opp rundt styvingstrea. Beitetrykket kan med fordel aukast noko. Det må ikkje pløyast, gjødslast eller sprøytast. Ved beite er det ein fordel om det ikkje vert tilleggsfora. Alternativt kan området skjøttast ved slått.

.....

303 Tangen II

Naturbeitemark – Fattig beiteeng Verdi: C Areal : 4,7 daa

Innledning: Lokalitetsskiltinga er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS 23.01.2015 basert på feltarbeid utført av same person den 10.10.2014 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Suldal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved husa på Tangen i Suldal kommune. Her omfattar den innmarka nord for vegen. Dette er gamal kulturmark med innslag av nokre eldre pæretre. Truleg har det også vore slått her tidlegare. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet for det meste av gneis, migmatitt, granitt, udiffereinsierte, medan lausmassane består av tynne

morenemassar. Lokaliteten ligg i klart oseanisk vegetasjonssesksjon (O2) og på grensa mellom boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen naturbeitemark (D04) av utforminga fattig beitefukteng med overgang mot fattig beiteeng i turrare parti. For det meste er lokaliteten open, men i søraust er det planta om lag 15 pæretre. I kantane finst noko einer spreidd opp mot skogen ovanfor, samt mindre parti der krattlodnegras dominerer. Mykje av feltsjiktet er prega av sølvbunke saman med mellom anna engsoleie, samt meir fuktkrevjande artar som myrtistel, knappsiv og kvitbladtistel. I turrare parti finst mellom anna noko finnskjegg og småsyre. Innimellom finst naturengartar.

Artsmangfold: På pæretrea er lungeneversamfunnet rimeleg godt representert med artar som rundporelav, buktporelav, gryneporelav og kystnever rikt til stades på fleire av stammene. Av naturengartar finst mellom anna blåklokke, prestekrage, engkvein, ryllik, smalkjempe, raudkløver, kystmaure, firkantperikum og lækjeveronika. Elles vart det registrert honningvokssopp

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten er gamal slåttemark som i det seinare berre har vore skjotta med beite. Det vart registrert eit par mindre rydningsrøyer på lokaliteten. Den ber preg av byrjande attgroing med mellom anna einer, einstape og krattlodnegras som breier om seg. Sølvbunken har stadvis byrja danne tuver. Området er framleis ekstensivt beita med sau.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av helhetlig landskap: Tidlegare var gardsbruka på Tangen truleg ein del av eit større og meir samanhengande kulturlandskap langs Saudafjorden. I dag framstår dette som langt meir fragmentert, og bruka på Tangen utgjør såleis eit lite, isolert kulturlandskap.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturbeitemark frå des. 2014 oppnår lokaliteten høg vekt for storleik, men låg vekt på artsamangfold og raudlisteartar. Den oppnår middels vekt på parametra tilstand og påverknad, noko som tilseier at den skal ha verdien lokalt viktig – C.

Skjøtsel og hensyn: Fortsatt beite må til for å stogge attgroinga og oppretthalde det biologiske mangfaldet på lokaliteten, gjerne med ein god del høgare beitetrykk enn det som er i dag. Det er ein fordel om det ikkje vert tilleggsfora ved beite. Einer og einstape samt eventuelle lauvtrerenningar og yngre furu kan med fordel fjernast. Det må ikkje pløyast, gjødslast eller sprøytast. Lokaliteten kan alternativt skjøttast som slåttemark.

.....

304 Tangen III

Store gamle trær – Eik Verdi: B Areal : 0,06 daa

Innledning: Lokalitetsskilringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS 23.01.2015 basert på feltarbeid utført av same person den 10.10.2014 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Suldal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten består av ei stor, styva og innhol eik, samt eit noko mindre tre som står litt nordvest for husa på Tangen i Suldal kommune, heilt i kanten av kulturmarka. Det har vore slått og beita i området tidlegare, og eika er styva. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet for det meste av gneis, migmatitt, granitt, udifferensiert, medan lausmassane består av tynne morenemassar. Lokaliteten ligg i klart oseanisk vegetasjonssesksjon (O2) og på grensa mellom boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som store gamle tre (D12) av utforminga eik (D1207).

Artsmangfold: Eik med rike førekomstar av kystnever, glattvrenge, rundporelav og også gryneporelav. I tillegg vart det registrert raudhovudnål i store mengder på stammen. Også eikebroddsopp vart registrert på daud ved inne i stammen, saman med ein del vanlege moseartar.

Bruk tilstand og påvirkning: Dette er ei stor og grov eik med stammediameter på ca 1 m. Det har vore styva langt tilbake (meir enn 50 år sidan), og krona er såleis stor. Like ved sidan av dette treet ligg det ei styva eik som har gått over ende. Den er innhol med ein god del rotne parti, samt stadvis grov sprekkbork. Trass i dette er det lite vedmold.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av helhetlig landskap: Tidlegare var gardsbruka på Tangen truleg ein del av eit større og meir samanhengande kulturlandskap langs Saudafjorden. I dag framstår dette som langt meir fragmentert, og bruka på Tangen utgjør såleis eit lite, isolert kulturlandskap. Det er registrert ein del styvingstre av eik her, både nær husa og nokre spreidde i skogane, og truleg finst det fleire slike i området. Treet står elles i kanten av eit mindre skogsområde heilt dominert av eik. Fleire av trea har diameter på mellom 30 og 60 cm.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for store gamle tre frå des. 2014 oppnår lokaliteten middels vekt for parametra trestorleik og sprekkbork, men låg vekt på vedmold. Den oppnår høg vekt på nærleiken til liknande lokalitetar, då det er fleire store, styva eiker på Tangen, særleg ned mot sjøen. Hole eiker er ein utvald naturtype etter Naturmangfaldlova. Ut frå dette skal lokaliteten ha verdien viktig – B.

Skjøtsel og hensyn: Det er ein fordel om kulturmarka i området vert skjotta ved beite eller slått for å hindre attgroing. Her bør ikkje plantast framande treslag, og eikeskogen i tilknytning til dette treet bør få liggje i fred for menneskelege inngrep. Truleg er det for lang tid sidan dette treet var styva til at det let seg gjere å ta opp att styvinga.

.....

305 Tangen IV

Store gamle trær – Eik Verdi: B Areal : 0,04 daa

Innledning: Lokalitetsskilringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS 23.01.2015 basert på feltarbeid utført av same person den 10.10.2014 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Suldal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten består av ei stor, styva eik, som står litt nord for husa på Tangen i Suldal kommune, litt oppe i skogen. Den står nær inntil gamal kulturmark, tett inntil bergveggen, men er i dag omkransa av yngre eikeskog. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet for det meste av gneis, migmatitt, granitt, udifferensiert, medan lausmassane består av tynne morenemassar. Moen (1998) viser at lokaliteten ligg i klart oseanisk vegetasjonssesksjon (O2) og på grensa mellom boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som store gamle tre (D12) av utforminga eik (D1207).

Dette er ei stor og grov eik med stammediameter på ca 90 cm. Krona er stor, og truleg har den innslag av holrâte, samt stadvis grov sprekkbork. Trass i dette er det lite vedmold.

Artsmangfold: Grov eik med dårleg utvikla lungeneversamfunn, då det truleg er for skuggefullt. Potensialet for raudlista artar er likevel til stades grunna fleire liknande tre i nærleiken, samt innslag av râte og grov bork.

Bruk tilstand og påvirkning: Eika har vore styva langt tilbake (meir enn 50 år sidan).

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av helhetlig landskap: Tidlegare var gardsbruka på Tangen truleg ein del av eit større og meir samanhengande kulturlandskap langs Saudafjorden. I dag framstår dette som langt meir fragmentert, og bruka på Tangen utgjør såleis eit lite, isolert kulturlandskap. Det er registrert ein del styvingstre av eik her, både nær husa og nokre spreidde i skogane, og truleg finst det fleire slike i området. Treet står elles i kanten av eit mindre skogsområde heilt dominert av eik. Fleire av trea har diameter på mellom 30 og 60 cm.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for store gamle tre frå des. 2014 oppnår lokaliteten middels vekt for parametra trestorleik og sprekkbork, men låg vekt på vedmold. Den oppnår høg vekt på nærleiken til liknande lokalitetar, då det er fleire store, styva eiker på Tangen, særleg ned mot sjøen. Ut frå dette skal lokaliteten ha verdien viktig – B.

Skjøtsel og hensyn: Det er ein fordel om kulturmarka i området vert skjøtta ved beite eller slått for å hindre attgroing. Her bør ikkje plantast framande treslag, og eikeskogen nær dette treet bør for det meste få liggje i fred for menneskelege inngrep. Nokre unge tre tett ved kunne vore tekne ut for å auke solinnstrålinga. Truleg er det for lang tid sidan dette treet var styva til at det let seg gjere å ta opp att styvinga.

.....

306 Skifteshaugen V I

Store gamle trær – Eik Verdi: C Areal : 0,03 daa

Innledning: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS 23.01.2015 basert på feltarbeid utført av utført av same person den 10.10.2014 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Suldal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten består av ei stor, styva eik, som veks øvst på den bratte, vestvende skråninga på Tangen i Suldal kommune. Den står i eit landskap som er prega av tidlegare tiders beite, som i dag er attgrodd med furu- og lauvskog. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet for det meste av gneis, migmatitt, granitt, uddifferensiert, medan lausmassane består av tynne morenemassar. Moen (1998) viser at lokaliteten ligg i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) og på grensa mellom boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som store gamle tre (D12) av utforminga eik (D1207). Dette er ei stor og grov eik med stammediamter på ca 80 cm, og krona er stor. Eika er innhol og har stadvis grov sprekkbork. Trass i dette er det lite vedmold.

Artsmangfold: Grov eik med dårleg utvikla lungeneversamfunn, då det truleg er for skuggefullt. Funn av artar som krypsilkemose på stammen. Potensialet for raudlista artar er likevel til stades grunna fleire liknande tre i nærleiken, samt innslag av holrâte og grov bork.

Bruk tilstand og påvirkning: Eika har vore styva langt tilbake (meir enn 50 år sidan).

Fremmede arter:

Del av helhetlig landskap: Tidlegare var gardsbruka på Tangen truleg ein del av eit større og meir samanhengande kulturlandskap langs Saudafjorden. I dag framstår dette som langt meir fragmentert, og bruka på Tangen utgjør såleis eit lite, isolert kulturlandskap. Det er registrert ein del styvingstre av eik her, både nær husa og nokre spreidde i skogane, og truleg finst det fleire slike i området.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for store gamle tre frå des. 2014 oppnår lokaliteten låg vekt for parametra trestorleik, sprekkbork og vedmold. Den oppnår låg til middels vekt på nærleiken til liknande lokalitetar, då det er fleire store, styva eiker nær husa på Tangen, særleg ned mot sjøen. Hole eiker er ein utvald naturtype etter Naturmangfaldlova. Ut frå dette skal lokaliteten ha verdien lokalt viktig – C.

Skjøtsel og hensyn: Det er ein fordel om skogen i området også framover vert skjøtta ved beite for å hindre attgroing. Her bør ikkje plantast framande treslag. Noko skog tett ved kunne vore tekne ut for å auke solinnstrålinga. Truleg er det for lang tid sidan dette treet var styva til at det let seg gjere å ta opp att styvinga.

.....

307 Skifteshaugen V II

Gammel sump- og kildeskog – Gammel oresumpskog Verdi: C Areal : 2,6 daa

Innledning: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS 23.01.2015 basert på feltarbeid utført av same person den 10.10.2014 i samband med supplerande naturtypekartlegging i Suldal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten vart berre raskt undersøkt.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten består av eit mindre område i eit søkk like ved vegen, vest for Skifteshaugen på Tangen i Suldal kommune. Den ligg i eit landskap som er prega av tidlegare tiders beite, som i dag er attgrodd med furu- og lauvskog. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet for det meste av gneis, migmatitt og granitt (uddifferensiert), medan lausmassane består av tynne morenemassar. Lokaliteten ligg i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) og i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som gamal sumpskog (F14) av utforminga gamal oresumpskog (F1404). Lokaliteten består av eit flatt område der bakken verkar å vere forsumpa grunna høg grunnvasstand. I tillegg renn det ein liten bekk her, som meandrerer gjennom den vestlege delen. Ved høgare vasstand fløymer over mykje av området. Også utanom denne finst det nokre svært små dammar her. Tresjiktet er for det meste dominert av svartor, med innslag av noko bjørk, og overgang til fattig furuskog i kantane. Trea verkar å vere gamle, og mykje av svartora har utvikla soklar. Det er få innslag av daudved.

Artsmangfold: Lavfloraen verkar å vere fattig og for det meste dominert av artar frå kvistlavsamfunnet, men det er potensiale for raudlista artar knytt til oretrea. I feltsjiktet fomerer artar som blåtopp, sølvbunke, rome, rundsoldogg, tepperot og stjernestarr. I botnsjiktet finst mykje storbjørnemose.

Bruk tilstand og påvirkning: Grøftinga og fyllinga i samband med vegen har truleg påverka lokaliteten negativt. Lokaliteten er i dag svakt påverka av sauebeite, men tidlegare var truleg beitetrykket meir intensivt.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av helhetlig landskap: Tidlegare var gardsbruka på Tangen truleg ein del av eit større og meir samanhengande kulturlandskap langs Saudafjorden. I dag framstår dette som langt meir fragmentert, og bruka på Tangen utgjør såleis eit lite, isolert kulturlandskap. Skogane rundt verkar framleis å vere noko prega av beite.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for gamal sumpskog frå des. 2014 oppnår lokaliteten låg vekt for alle parametra, både storleik, artsmangfold, tilstand og påverknad. Ut frå dette skal lokaliteten ha verdien lokalt viktig – C.

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane vert best tekne vare på utan fleire menneskelege inngrep. Ytterlegare vegbygging, fylling og grøftrens vil vere skadeleg. Ekstensivt beite kan halde fram som i dag. Det må ikkje hoggast eller plantast framande treslag.

.....

320 Hamborgnuten NV

Gammel boreal lauvskog – Gammel lauvblandingsskog Verdi: B Areal : 11,17 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Terje Blindheim 9. okt. 2014 i samband med naturtypekartlegging i Suldal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er ikkje tidlegare kartlagt.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg 10 km sydvest for Sand på austsiden av Sandsfjorden rett nordvest for Hamborgnuten. Lokaliteten består av blandingsskog på fattig grunn som ligg solvarmt til i kanten av steile berg. Størsteparten av grunnen er forhaldsvis lettrednert grov blokkmark.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gamal lauvblandingsskog, men skogen er vanskelig å klassifisere. Førekost av styvingstre, kun eit punkt, tydar på tidlegare kulturmarksaktivitet og området har truleg og vert beita. I dag er lokalitetens kvalitetar i sin heilhet knytta til skog med førekost av styvingsalm og forhaldsvis grove furu- og bjørketre. Inn mot bergrota finst spreitt med barlind og hassel, og furutre som står på noko tjukkare lausmassar er forhaldsvis

grovvaksne. I nedre del, særleg mellom myra og berga står det til dels tett skog av kristtorn med diameter opp mot 20 cm. I blokkmarka ned mot myra står det noko grovvokst og åpen bjørk- og furuskog. Skogen er ung i økologisk forstand og det er danna lite daudved kvaliteter i lokaliteten. Vegetasjonen er vanskeleg å definera, men kan tolkas som intermediær rik lavurtmark på dei tørraste partia langs bergrota og som storbregneskog i det fuktigaste delane av blokkmarka. Moserik blokkmark inngår i tillegg i øvre del og myr i nedre.

Artsmangfold: Av raudlista arter er det kun barlind, samt ask og alm som er kartlagde. Lite potensial for regnskogsartar av lav og mose. Kan være noko potensial for jordboande sopp inst mot berget i tilknytning til hassel. Lokaliten er for ung til å kunne husa særskilde artar knytta til gamle tre og daud ved.

Bruk tilstand og påvirkning: Området har truleg vært meir kulturpåverka tidlegare, men det er no lenge sia siste inngrep.

Fremmede arter: Ikkje registrert innanfor avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg ganske isolert frå andre lignande lokaliteter.

Verdivurdering: Innslag av den sårbare arten barlind, grovt styvingstre, noko rikare vegetasjon og forholdsvis grovvokst bjørk- og furuskog og en del kristtorn gjer samla verdi som viktig (B verdi). Variert biotop i eit landskap som elles er forholdsvis fattigt på rikare skogsareal.

Skjøtsel og hensyn: Skjøtsel ikkje naudsynt for å ivareta naturkvalitetane.

.....

321 Litledalen

Gammel lavlandsblandingsskog – Furu-lavlandsblandingsskog Verdi: B Areal : 34,3 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Terje Blindheim 9. okt. 2014 i samband med naturtypekartlegging i Suldal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er ikkje tidlegare kartlagd.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg 10 km sydvest for Sand på austsiden av Sandsfjorden rett nordaust for Tysingvatnet. Lokaliteten består av blandingsskog på fattig til rik grunn som ligg solvarmt til i kanten av steile berg og brattlendt skog. Størsteparten av grunnen er forholdsvis lettredert grov blokkmark, men einskilde område har tykkare lausmasser.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gamal lavlandsblandingsskog med furuutforming.

Furu med dimensjonar opp mot 50 cm i diameter er dominerande, men i lokaliteten inngår parti med osp, bjørk og hassel, ask, gråor, rogn, hegg og selje. Vegetasjonen varierer mellom lausmasserik lavurtmark med innslag av markjordsbær, enghumleblom, junkerbregne og ormetelg til fattigare typar med dominans av kun lyngfuruskog. Spreitt, men mest i midtre delar, finst barlind med dimensjonar opp mot 35 cm i diameter. Skogen er til dels grovvokst med diameter på f. eks. gråor på 40 cm, selje på 70 cm og ask på 70 cm. Skogen er flersjiktig med god spredning i alder og dimensjonar. Spreitt finst læger og gadd av osp, furu, bjørk og rogn. Øvre deler av lokaliteten har anten brattlendt skog og berg i mosaikk eller open ur med skogkantar med ask, bjørk og barlind.

Artsmangfold: Av raudlista artar er det kun barlind samt ask som er kartlagde. Lite potensial for regnskogsartar av lav og mose.

Kan være noko potensial for jordboande sopp på dei noko rikare lausmassene. Lokaliten er i ein fase med kontinuerlig danning av gamalskogselement og det er aukande potensial for artar knytt til slike. Rike bergveggar kan huse interessante artar av mose.

Bruk tilstand og påvirkning: Området har truleg vært meir kulturpåverka tidlegare, men det er no lenge sia siste inngrep. Dei rikaste partia kan ha vore slått i tidlegare tider.

Fremmede arter: Ikkje registrert innanfor avgrensinga.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligg ganske isolert frå andre lignande lokaliteter.

Verdivurdering: Innslag av den sårbare arten barlind, spreitt med daud ved og gadd og partiar med rikare mark på tjukke lausmasser. Rike bergveggar med potensial for sjeldsynte mosar. Lokaliteten vurderast samlet som viktig (B verdi).

Skjøtsel og hensyn: Skjøtsel ikkje naudsynt for å ivareta naturkvalitetane.

.....

322 Lovraeidet

Høstingsskog – Rik høstingsskog med styva edellauvtrær Verdi: A Areal : 36,78 daa

Innledning: Dei nordre delane av lokaliteten blei kartlagde som del av ein annan større lokalitet av BioFokus i 1997 i samband med skogregistreringar i Suldal kommune. Dei søndre delane blei sett på av BioFokus hausten 2014 og lokaliteten blei avgrensa som en eigen lokalitet. Avgrensinga er tufta på førekomen av edellauvtrær og det kan være kvaliteter knytt til osp og furu hogare oppe i liene.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Det undersøkte området ligg ovanfor riksveg 13 rett søraust for Lovraeidet. Den omfattar ei bratt vest- til nordvestvendt li med mykje skogkledd rasmark. Dels er det små innslag av bergveggar og grove steinblokkar, samt lokalt litt meir finkorna rasmateriale og tjukkare brunjord der styvingstrea står. Det er generelt fuktig i heile lia. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet for det meste av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt og mosefloraen på berg og feltsjiktet av karplantar tyder på at området ikkje er av dei rikeste. Moen (1998) viser at lokaliteten ligg på grensa mellom klart oseaensk vegetasjonsseksjon (O2) og sterkt oseaensk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h). Same kjelde plasserer lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone, truleg med overgang til sørboreal sone i øvre delar.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen haustingsskog (D18) av utforminga rik haustingsskog med styva edellauvtrær (D1812). Det finst også kvaliteter knytt til gamal boreal lauvskog og rik edellauvskog. Bergveggane verkar intermediære, og dei ligg stort sett i skugge.

Artsmangfold: Viktige varmekjære treslag er særleg ask (NT), men det finst og ein del alm (NT), særleg av styvingstre og nokre få innslag av lind i øvre delar. Elles er det ein del osp, hassel, selje og mykje bjørk i tilknytning til dei opne blokkmarkene.

Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men det vart funne artar som myske og junkerbregne. Det vart søkt noko etter lav på trea og artar frå lungeneversamfunnet finst spreitt både på styvingstre, boreale lauvtrær og edellauvtrær, samt på bergveggar og store steiner. Typiske artar er vanlig blåfjelllav, flihsinnelav, lungenever, grynvränge, stiftfjelllav, rund porelav og buktporelav. Potensialet for å finne sjeldsynte og truga artar knytt til tre vurderast som stort. I lia nordover er det mellom anna registrert bleik kraterlav (VU) og bleikdoggnål (NT). Almekullsopp (NT) ble funne på ved av veltet styvingsalm.

Bruk tilstand og påvirkning: Dette er ein gamal haustingsskog der det framleis står att ein del grove og gamle styvingstre av ask og alm. Mange av desse er innhole, med gode førekomen av grov sprekkbark og vedmold. Øvre delar av lokaliteten er påverka av ras, og også ein del av styvingstrea ber preg av dette. I alt finst ca. 30-40 styvingstre på lokaliteten, spreidd etter hvor det er tjukkare jord og mindre blokkmark. Trea ber preg av å ikkje ha vore styva på fleire ti-år og byrjar å få for store kroner, der einskilde alt har gått over ende som dette. Samtidig har det kome opp annan halvgamla lauvskog, og medan det tidlegare nok kan ha vore ganske ope, er det no ein nokså tett, slutta skog her. Området har neppe vart slått, men det kan ha vore eit ekstensivt beite i delar av lokaliteten.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av helhetlig landskap: Suldal kommune og områda rundt Vindafjorden er eit viktig område for haustingsskogar med gamle styvingstre av ask og alm, dels også rike edellauvskogar. Lovrafjorden er truleg eit av kjerneområda, og avgrensa lokalitet er ein viktig del av desse kvalitetane.

Verdivurdering: Lia er en av de rikaste og største edellauvskogslie i distriktet og utgjør eit av kjerneområda i fylket for førekomen av styvingstre. Lokaliteten får verdi A (svært viktig) for sin rike førekomen av grove styvingstre og sin beliggenhet i eit område med andre slike kvaliteter. Lokaliteten og området generelt har påvist fleire sjeldne artar og potensialet for fleire er til stade.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiene er at området får ligge mest mulig upåverka av fysiske inngrep og treslagskifte. Alle styvingstre må få stå til de ramlar av seg selv. Styving av yngre tre burde tas opp igjen dersom det ønskes kontinuitet i dette elementet som elles vil forsvinne. Det er imidlertid klare teikn på at mange av artene som finst på syvingstrea no er i ferd med å kolonisere andre tre i området. Tynning/vedhogst rundt eksisterende styvingstre kan truleg vera positivt, men det er uklart hvilken gevinst slik skjøtsel har all den tid mange av artane nå har spreidd seg ut i den øvrige skogen. Ekstensiv beiting vil bidra til å halde landskapet halvope, noko som vurderast som positivt.

.....

323 Ersdalsstølen SV

Høstingsskog – Rik høstingsskog med styva edellauvtrær Verdi: A Areal : 16,08 daa

Innledning: Lokaliteten blei fyrst kartlagd av BioFokus i 1997, i samband med skogregistreringar i Suldal kommune, som ein liten del av ein større avgrensing som omfatta heile Lovrafjorden sin austside. Storlokaliteten er i forbindelse med revisjonar i 2011 og 2014 delt opp på fleire mindre lokalitetar, og BN-nummeret er behaldt for denne avgrensinga som da erstattar den gamla lokaliteten Avgrensinga er tufta på førekomsten av edellauvtrær og det kan være kvalitetar knytt til osp og furu høgare oppe i liene.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Det undersøkte området ligg ovanfor riksveg 13 1 km nordaust for Lovraeidet. Den omfattar ei bratt vest- til nordvestvendt li med mykje skogkledd rasmarek. Dels er det små innslag av bergveggar og eimskilde noko grove steinblokker, samt lokalt litt meir finkorna rasmateriale og tjukkare brunjord der styvingstrea står. Det er generelt fuktig i heile lia. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskart for det meste av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og mosefloraen på berg og feltsjiktet av karplanter tyder på at området ikkje er av dei rikaste. Moen (1998) viser at lokaliteten ligg på grensa mellom klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h). Same kjelde plasserer lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone, truleg med overgang til sørboreal sone i øvre delar.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen haustingsskog (D18) av utforminga rik haustingsskog med styva edellauvtrær (D1812). Det er imidlertid viktige kvalitetar knytt opp mot boreale lauvtrær og edellauvtrær som ikkje er styva. Desse naturtypene er difor lagt inn som mosaikk. Bergveggane verkar intermediaære, og dei ligg stort sett i skugge.

Artsmangfold: Viktige varmekjære treslag er særleg ask (NT), men det finst også ein del alm (NT), særleg av styvingstre og nokre få innslag av lind i øvre delar. Elles er det ein del osp, hassel, selje og mykje bjørk i tilknytning til den opne rasmarek. Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men det vart funne artar som myske, mjødurt, markjordbær, ormetelg, brunrot, storfrøtle, enghumleblom og junkerbregne. Det vart søkt noko etter lav på trea og artar frå lungeneversamfunnet finst spreidd både på styvingstre, boreale lauvtrær og edellauvtrær, samt på bergveggar. Typiske artar er vanleg blåfylltav, flishinnelav, lungenever, grynvrenge, stiftfylltav, grynfylltav, kystnever, rund porelav og buktporelav. Potensialet for å finne sjeldsynte og truga artar knytt til tre vurderast som store. I lia nordover er det mellom anna registrert bleik kraterlav (VU) og bleikdoggnål (NT). På bakken veks mosar som storkransemose og krusfagermose, på trea dominerar artar som krusgullhette og krypsilkemose, på berg ble det registrert galleteppe-mose.

Bruk tilstand og påvirkning: Dette er ein gammal haustingsskog der det framleis står att ein del grove og gamle styvingstre av ask og alm. Mange av desse er innhole, med gode førekomstar av grov sprekkbark og vedmold. Delar av lokaliteten er påverka av ras, og også ein del av styvingstrea ber preg av dette. I alt finst ca. 15-20 styvingstre på lokaliteten, spreidd etter hvor det er tjukkare jord og mindre blokkmark. Skogen er fleirsjiktet med stor spredning i alder og dimensjonar. Det er rikelig med læger og noko gadd av alle førekomne treslag. Trea ber preg av å ikkje ha vore styva på fleire ti-år og byrjar å få for store kroner, der einskilde alt har gått over ende som følgje av dette. Samtidig har det kome opp annan halvgamal lauvskog, og medan det tidlegare nok kan ha vore ganske ope, er det no ein nokså tett, slutta skog her. Området har neppe vart slått, men det kan ha vore eit ekstensivt beite i delar av lokaliteten og det pågår også i dag et ekstensivt beite av sau i området. Det er noe gnag av dyr på ask og mindre lauvtrær generelt.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av helhetlig landskap: Suldal kommune og områda rundt Vindafjorden er eit viktig område for haustingsskogar med gamle styvingstre av ask og alm, dels også rike edellauvskogar. Lovrafjorden er truleg eit av kjerneområda, og avgrensa lokalitet er ein viktig del av desse kvalitetane.

Verdivurdering: Lia er en av dei rikaste og største edellauvskogslie i distriktet. Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er en rik edellauvskog med stort arts mangfold, og hvor det er stor sannsynlighet for at dei sjeldsynte og truga artane som er påvist i andre deler av lia også finst på denne lokaliteten.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiene er at området får ligge mest mulig upåverka av fysiske inngrep og treslagskifte. Alle styvingstre må få stå til de ramlar av seg selv. Også styving av yngre tre burde tas opp igjen, elles vil dette elementet gradvis forsvinne, og med det eit viktig kryptogamhabitat. Tynning/vedhogst rundt eksisterende styvingstre vil truleg vera positivt, men edellauvtrær og osp bør sparast. Beiting vil også bidra til å halde landskapet halvope.

.....

329 Ersdalsstølen V

Rik edellauvskog – Rasmarek- og ravine-almeskog Verdi: A Areal : 51,49 daa

Innledning: Heile lokaliteten blei kartlagd av BioFokus i 1997 i samband med skogregistreringar i Suldal kommune. Den er revidert av BioFokus i 2014, og den nå avgrensa lokaliteten utgjør ein utvida del av tidlegare lokalitet som denne beskrivinga erstattar. Mykje av arealet i tidlegare lokalitet er sletta da dette i liten grad er edellauvskog, men fattigare furuskog med stort bjørkeinnslag. Avgrensinga er tufta på førekomsten av edellauvtrær og det kan være kvalitetar knytt til osp og furu høgare oppe i liene.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Det undersøkte området ligg ovanfor riksveg 13 2 km nordaust for Lovraeidet. Den omfattar ei bratt vest- til nordvestvendt li med mykje skogkledd rasmarek. Dels er det små innslag av bergveggar og enkelte noe grove steinblokker, samt lokalt litt meir finkorna rasmateriale og tjukkare brunjord der styvingstrea står. Det er generelt fuktig i heile lia som i syd har innslag av to mindre bekkar som i øvre del danner ein mindre kløft med truleg noko høgare luftfuktigheit. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet for det meste av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt, og mosefloraen på berg og feltsjiktet av karplanter tyder på at ikke området er av dei rikaste. Moen (1998) viser at lokaliteten ligg på grensa mellom klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h). Same kjelde plasserer lokaliteten i boreonemoral vegetasjonssone, truleg med overgang til sørboreal sone i øvre delar.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Lokaliteten er avgrensa som naturtypen haustingsskog (D18) av utforminga rik haustingsskog med styva edellauvtrær (D1812). Det er imidlertid viktige kvalitetar knytt opp mot boreale lauvtrær og edellauvtrær som ikkje er styva. Desse naturtypene er difor lagt inn som mosaikk. Bergveggane verkar intermediaære, og dei ligg stort sett i skugge.

Artsmangfold: Viktige varmekjære treslag er særleg ask (NT), men det finst også ein del alm (NT), særleg av styvingstre og nokre få innslag av lind i øvre delar. Elles er det ein del osp, hassel, selje og mykje bjørk i tilknytning til den opne rasmarek. Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men det vart funne artar som myske, mjødurt, markjordbær, ormetelg, skogburkne, enghumleblom og junkerbregne. Det vart søkt noko etter lav på trea og artar frå lungeneversamfunnet finst spreidd både på styvingstre, boreale lauvtrær og edellauvtrær, samt på bergvegger. Typiske artar er flishinnelav, kystnever, sølvnever, kystnever, vanlig blåfylltav, stiftfylltav, buktporelav, lungenever, skrubbenever, grynvrenge, kalkfylltav, blanknever og rund porelav. Tidligere registreringar har kartlagt raudlisteartane bleik kraterlav, bleikdoggnål og almelav på dei gamle styvingstrea. Potensialet for å finne fleire sjeldne og trua artar knytt til trea vurderast som store. Den sårbare kranshinnelaven er bl. a. funne i lia her tidligere. Småporekjuke blei funne på det som truleg var ein grov askekløft.

Bruk tilstand og påvirkning: Dette er ein gammal haustingsskog der det framleis står att ein del grove og gamle styvingstre av ask og alm. Mange av desse er innhole, med gode førekomstar av grov sprekkbork og vedmold. Delar av lokaliteten er påverka av ras, og også ein del av styvingstrea ber preg av dette. I alt finst truleg over 40 styvingstre på lokaliteten, spreddt etter hvor det er tjukkare jord og mindre blokkmark. Skogen er fleirsjiktet med stor spredning i alder og dimensjonar. Det er rikelig med læger og noe gadd av alle førekomne treslag. Fleire styvingstre har også gått over ende og danner enorme læger og potensial for vedbuande artar. Trea ber preg av å ikkje ha vore styva på fleire ti-år og byrjar å få for store kroner, der ein skilde alt har gått over ende som følgje av dette. Samtidig har det kome opp annan halvgamla lauvskog, og medan det tidlegare nok kan ha vore ganske ope, er det no ein nokså tett, slutta skog her. Området har neppe vært slått, men det kan ha vore eit ekstensivt beite i delar av lokaliteten og det pågår også i dag et ekstensivt beite av sau i området. Det er noe gnag av dyr på ask og mindre lauvtre generelt.

Fremmede arter: Ingen registrerte.

Del av helhetlig landskap: Suldal kommune og områda rundt Vindafjorden er eit viktig område for haustingsskogar med gamle styvingstre av ask og alm, dels også rike edellauvskogar. Lovrafjorden er truleg eit av kjerneområda, og avgrensa lokalitet er ein viktig del av desse kvalitetane.

Verdivurdering: Lia er en av de rikeste og største edelløvskogsliane og styvingstreliane i distriktet. Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er en rik edellauvskog med stort arts mangfold og flere dokumenterte raudlistearter og potensial for fleir. Store gamle tre og mykje død ved er svært viktige habitat for ein rekke sjeldne og trua artar.

Skjøtsel og hensyn: Det beste for naturverdiane er at området får ligge mest mulig upåverka av fysiske inngrep og treslagskifte. Alle styvingstre må få stå til de ramlar av seg selv. Også styving av yngre tre burde tas opp igjen, elles vil dette elementet gradvis forsvinne, og med det eit viktig kryptogamhabitat. Tynning/vedhogst rundt eksisterende styvingstre vil truleg vera positivt, men edellauvtrær og osp bør sparast. Beiting vil også bidra til å halde landskapet halvøpe.

.....

350 Tjelmeland V

Gammel boreal lauvskog – Gammel løvblandingsskog Verdi: C Areal : 28,68 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 7.10.2014 i samband med regnskogkartlegging i Rogaland på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) og i sørboreal vegetasjonssone.

Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet av diorittisk til granttisk gneis. Lokaliteten fylgjer ein bekk i ein svak kløfteformasjon i ein nordaustvendt li. Det er i parti noko rasmare med steinblokkar, og elles grunnlendt morene.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gamal boreal lauvskog av typen gamal lauvblandingsskog. Bjørk, rogn og hassel er dominerande treslag. Her finst og noko eik, osp og lind, samt i kantane mykje furu. Svartor veks stadvis langs bekken, og eit lite sumpskogparti er inkludert i avgrensinga. Skogbunn er forholdsvis fattig, med vegetasjon av type blåbær, grasdominert fattigskog og småbregneskog. I litt rikare og fuktige parti finst storbregnevegetasjon. Hasselkjerr er grove med noko død ved, elles finst ein skilde naturkogselement som ein hul eikegadd og ein "blekksprutlind". Skogen er elles ikkje veldig gamal. Det er relativt høg luftfuktigheit, og det er mykje mose på stein og trestammar og mykje av vanlege lavartar (papirlav og hengestry) på lauvtre.

Artsmangfold: Det er ikkje registrert spesielle artar, men det er noko potensial knytta til fuktigheitskrevande lav og mosar, samt artar knytta til gamla og hule lauvtre.

Bruk tilstand og påvirkning: Skogen er klårt kulturpåverka. De seinare år har det fortsatt gått sau på beite her. Det har truleg vore mer beiting her tidlegare, og landskapet har vore meir ope.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Det finst fleire naturtypelokalitetar på Tjelmeland/Tangen-neset, og det vurderast å være potensial for fleire lauvskoglokalitetar i landskapet rundt (utenfor det areal som er undersøkt i 2014).

Verdivurdering: Lauvskog i svakt utforma bekkeløft, med grov hassel og ein skilde gamalskogselement. Vurderast som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane tas best vare på ved at skogen får stå urørt uten inngrep eller hogst. Beite kan fortsette.

.....

363 Øvra Neset V, ovenfor vegen

Hagemark – Rik hagemark med styvede eller stubbehøstede edellauvtrær Verdi: B Areal : 18,44 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén saman med Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg, den 9.10.2014 i samband med supplerende naturtypekartlegging i Suldal på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vestsida av elva Ulla, søraust for Fjellberg rett nord for kommunegrensa mellom Suldal og Hjelmeland kommunar. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet for det meste av augnegneis og granitt, men det verkar også å vere innslag av rikare bergartar. Løsmassene består av grunn, finkornete morene, men det kjem inn noko ur i kantane. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone.på grensa mellom klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (O3h).

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen hagemark av typen rik hagemark med styva edellauvtrær. Mindre areal med haustingsskog er også inkludert i avgrensinga. Vegetasjonstype er frisk fattigeng. Lauva ask, alm og ein skilde selje står spreidd i området. Det står og noko bjørk og osp i kantane. Lauvingstrea er relativt grove med stammediameter på 70-75 cm. Nokre av trea er innhole og det er danna ein del død ved.

Artsmangfold: Her veks vanlege naturengplantar som engkvein, ryllik, blåklukka og smalkjempe, men feltsjiktet er ikkje veldig godt undersøkt. Lungeneversamfunnet på trea er svakt utvikla, berre med spreidd funn av glattvrenge, stiftfyllav, rund porelav og kystnever. Potensial for sjeldsynte skorpelav, mosar og insekt knytt til gamla og hule edellauvtrær. Det blei ikkje funne beitemarkssopp ved saumfaringa, men det kan vera noko potensial.

Bruk tilstand og påvirkning: Området er nylig restaurert ved at det er rydda og opna opp for beite. Ung skog er rydda vekk, og lauving av gamle tre er gjenopptatt. Området beitast av sau. Ein del gamle tre har ikkje tolt restaureringa, men er nå daude.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Suldal kommune er eit viktig område for haustingsskogar og gamle styvingstre av ask og alm. Det finst fleire liknande lokalitetar i Ulladalen, og like nedenfor vegen ligg eit område med haustingsskog/edellauvakog.

Verdivurdering: Godt beita hagemark med 25-30 styvingstre, men med få interessante artsfunn. Iht. faktaark for hagemark får lokaliteten høg vekt for storleik, tilstand og påverknad, og lav vekt for arts mangfald og typevariasjon .Samla vurderast lokaliteten som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Beite og lauving bør halda fram som i dag. I den grad ein ynskjer å lauve fleire tre bør en nystyve unge tre eller gjenoppta styving av tre som har vore styva forholdsvis nylig. Gamle tre som ikkje har vore styva de siste 20-30 år bør få stå i fred.

.....

364 Ulladalen

Hagemark – Fattig hagemark med styvede eller stubbehøstede boreale lauvtrær Verdi: B Areal : 103,44 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén saman med Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg, den 9.10.2014 i samband med supplerende naturtypekartlegging i Suldal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten var fyrst

kartlagt av Siste Sjanse i 1997. Ny beskriving og avgrensing erstatter den gamla lokaliteten. Delar av den gamla avgrensinga er kutta ut, dels fordi avgrensinga var unøyaktig, og dels fordi delar av den gamla beitemarka ikkje blir hevda i dag, og er kraftig gjengrodd med ung lauvskog.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Ullatun i Ulladalen. Den ligg hovudsakeleg i flatt terreng på ein steinete elveslette i et smal dalføre. Den dekkjer både inn- og utmark. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone. På grensa mellom klart oseaanisk vegetasjonssesksjon (O2) og sterkt oseaanisk vegetasjonssesksjon, humid underseksjon (O3h). Innmarka er ryddet for stein, mens utmarka er prega av blokkmark.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen hagemark av typen fattig hagemark med styva boreale lauvtre, i moasikk med både rik og fattig haustingsskog. Vegetasjonstype i innmarka er frisk fattigeng. Styvingstre står spreidd, og i nokre tettare samlingar. Rogn, bjørk og selje dominerar i austre del og på utmarka i sør, mens det er meir ask i nordvest. Det finst et høyt antall grove tre med sprekkebark. Ein av askane er innhol, men det er elles lite daud ved.

Artsmangfold: Lungenever-samfunnet på trea er ikkje veldig godt utvikla, truleg fordi det er for tørt og soleksponert. Av lavartar kan nevnes stor vulkanlav, vanleg blåfylltav, buktporelav, brun blæreglye, skrubbenever, skorpefylltav (VU), lodnevreng, glattvreng, kystvreng, skjellnever og bleikdoggnål (NT). I de godt beita engpartiane veks naturengplantar som harestart, småkjempe, blåkoll, blåklokke, tirltunge og kystmaure. Her finst og eit godt utvalg av vanlege beitemarkssopp, med artar som bleiktuppa småkøllesopp, stjernespora raudspore, mønjevokssopp og honningvokssopp.

Bruk tilstand og påvirkning: Innmarka nærmest tunet er godt beita, mens andra delar av beitemarka bærer preg av noko lavt beitetrykk. Delar av beitemarka har nok vore dyrka opp og gjøsla. Veldig mange tre i dette kulturlandskapet har vore styva, men det er nok 20 år siden dette tok slutt. Mye av kulturmarka på nordsiden av vegen er nå karftig gjengrodd med ung løvskog, og er tatt ut av avgrensinga.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Suldal kommune er eit viktig område for haustingsskogar og gamle styvingstre av ask og alm. Det finst fleire liknande lokalitetar i Ulladalen. Den sørvendte lia nord og nordvest for lokaliteten er ikkje undersøkt i 2014. Her kan vera rester av haustingsskog og styvingstre, og burde kartlegges bedre.

Verdivurdering: Hagemark og haustingsskog med et stort antall grove tre. Aktivt beite. Artsmangfald knytta til både de gamla trea og naturbeitemarka. Iht. faktaark for hagemark får lokaliteten høg vekt for storleik og påverknad, og middels vekt for artsamangfald, tilstand og typevariasjon. Samla vurderast lokaliteten som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Beite bør halda fram som i dag, men helst med noko høgere beitetrykk på delar som idag er noko svakt beita. Styving kan gjenopptakast på nokre av dei gamla trea, men må gjerast svært forsiktig. Hovudparten av de gamla trea må heller få stå i fred. Nokre unge tre kan gjerne nystyves. Lia på nordsiden av dalen bør kartlegges for haustingsskog/edellauvskog.

.....

365 Tengesdal

Skogsbekkekløft – Kystbekkekløft Verdi: B Areal : 122,43 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 10.10.2014 i samband med supplerende naturtypekartlegging i Suldal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Den er fyrst kartlagt i 2002, men både naturtype, avgrensing og beskriving er endra.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Tengesdal på nordsiden av Hylsfjorden i Suldal kommune. Den fylgjer ei bekkeløft ned mot fjorden. Lokaliteten ligg i klart oseaanisk vegetasjonssesksjon (O2) og på grensa mellom boreonemoral og sørboreal. vegetasjonssone. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet av metabasalt. Det er bratt terreng og mykje bergveggar. Nokre stader er det kjeldesig.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen skogsbekkekløft av typen kystbekkekløft. Skogen dominerast av edellauvtre som ask, svartor, alm og hassel, og det er elles innslag av furu, eik, bjørk, selje, osp, rogn og gran. Feltsjiktet er hovudsakeleg lavurtprega. Skogen er fleirsjikt, men ikkje vekdig gamal. Vanleg stammediameter på tre er 30-35, men det er spreitt med grøvre tre av ulike treslag. Det er lite daud ved. Bergveggane verkar intermediaære, dei ligg stort sett i skugge, og er gjerne fuktige og overrisla av sigevann.

Artsmangfold: Det er mye mose og noko lav på bergveggar og trestammar. Det er mellom anna funne krusfellmose, kalkraggmose, grynvreng og skjellnever. På fuktige bergveggar finst og hinnebrege. På fuktig bakke veks krusfagermose, kalkfagermose m.fl.

Bruk tilstand og påvirkning: Her har nok vore småhogster og anna kulturpåverknad. Det er granplantefelt tett innpå på austsiden av kløfta, til dels helt ned mot elva.

Fremmede arter: Gran.

Del av helhetlig landskap: Området rundt Hylsfjorden huser mange verdifulle lauvtre miljø. Det kan finnast verdier knytta til (edel)lauvskog høgare opp i lia på nordvestsiden av kløfta, men dette er ikkje undersøkt.

Verdivurdering: Relativt stor bekkeløft dominert av rike vegetasjonstypar. Eldre skog med noko naturskogspreg. Lite dokumentert artsamangfald, men relativt godt potensial. Vurderast som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane tas best vare på ved fri utvikling.

.....

366 Bjerganeset

Høstingsskog – Rik høstingsskog med styva edellauvtrær Verdi: B Areal : 68,24 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 7.10.2014 i samband med supplerende naturtypekartlegging i Suldal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er berre overflatisk saumfart, og grensene er ikkje skarpe.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Bjerganeset på nordsiden av Hylsfjorden i Suldal kommune. Lokaliteten ligg i klart oseaanisk vegetasjonssesksjon (O2) og i sørboreal vegetasjonssone. Berggrunnen består i fylgje berggrunnskartet for det meste av granitt. Terreng er sorvendt, bratt og prega av rasmark med mykje steinblokkar og med finare rasmateriale mellom blokkane.

Naturtyper utformingar og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen haustingsskog av typen rik haustingsskog med styva edellauvtre, i mosiakk med rik edellauvskog. Skogen er ein tidlegare haustingsskog som har spreitt med gamla og grove styvingstre av ask og alm. Mange av styvingstrea har begynt å knekke og falle. Det er vekst opp tett skog som stadvis begynner å bli grov med stammediameter opp mot 40 cm, men som i parti er meir småvokst og klein. Ask, alm og selje dominerar, og skogen er noko fleirsjikt. Feltsjiktet er til dels dårlig utvikla, men er intermediaært rikt, med preg av svak lågurt - lågurtvegetasjon. I vest finst parti med 10-15 styvingsalm med stammediameter opp mot 1,5 m. Disse trea er styva for 5-10 år siden, og skogen rundt er ung. Det er usikkert hvor mye av lokaliteten som kan karakteriserast som haustingsskog.

Artsmangfold: I feltsjiktet er det registrert lavurtartar som myske og hundekveke. Det er relativt rik epifyttflora av lav på trea, med artar som vanleg blåfylltav, blyhinnelev, filthinnelev, kystnever, glattvreng og rund porelav. Lav veks både på styvingstre, på yngre tre og på stein. Det vurderast å vera god potensial for meir sjeldsynte og truga artar.

Bruk tilstand og påvirkning: De fleste styvingstrea er ikkje styva de siste 50 år, og den nye skogen er begynt å utvikle naturskogs kvalitetar. I sørvest finst parti med almar som er styva seinare, og er omgitt av yngre skog.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Suldal kommune og områda rundt Vindafjorden/Sandsfjordem/Hylsfjorden er eit viktig område for haustingsskogar med gamle styvingstre av ask og alm, dels også rike edellauvskogar. Det er fleire viktige lokalitetar på nordsida av Hylsfjorden, og avgrensa lokalitet er ein viktig del av dette.

Verdivurdering: Li med rik edellauvskog og rester av haustingsskog med gamla styvingstre. Potensial for sjeldsynt arts mangfald, men området er ikkje godt undersøkt. Verdi settes førebels til viktig (B-verdi), men det er ikkje usannsynleg at dette er eit A-område, noko som grundigare kartlegging vil kunne avgjera.

Skjøtsel og hensyn: Området bør undersøkast meir grundig for bedre avgrensing, verdsetting og dokumentasjon av arts mangfald. Mykje av skogen har naturverdiar som tas best vare på ved fri utvikling. Dei fleste av dei gamle styvingstrea bør få stå til de faller av seg selv og få råtne i fred. Almar i sørvest kunne gjerne styves påny og det kunne gjerne opnes noko rundt desse trea. Ned mot vegen kan det gjerne opnes noko i fleire parti og nye tre kunne styves..

.....

404 Langvika

Oseaniske berg – Rikt boreonemoralt oseanisk berg Verdi: B Areal : 17,1 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus v/Anders Thylén og Torbjørn Høitomt i samband med undersøkingar av potensielle regnskoglokalitetar i Rogaland i 2014. Oppdraget er gitt av Fylkesmannen i Rogaland og omfattar kartlegging av område i store delar av fylket. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg innunder Guntanuten, akkurat på kommunegrensa mellom Suldal og Hjelmeland, og omfattar eit parti med lauvskog innunder ei nordvendt bergrekke.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjelder naturtypen oseaniske berg med delnaturtypen rikt boreonemoralt oseanisk berg. Delar av lokaliteten kunne òg truleg har vore vurdert som regnskog. Lauvdominert skog med relativt ung bjørk og rogn veks framføre berget. Nokre litt rikare bergveggar gjer at vegetasjonen varierer fra det vanlege som er ein litt rikare blåbærttype til småbregne med lågurt/høgstaudepreg ved bergøtter og liknande.

Arts mangfald: Det vart funne eit lite knippe med kjenneteiknande artar i lokaliteten. Purpurrose *Pleurozia purpurea*, gullhårrose *Breutelia chrysocoma*, kystblankmose *Isopterygiopsis muelleriana* og klovemose *Harpalejeunea molleri* (DD), er alle meir eller mindre gode indikatorar på humide bergmiljø på Sørvestlandet. I tillegg finst hinnebrøgne *Hymenophyllum peltatum* spreidd. Lokaliteten har vidare eit lågt potensial for sjeldsynte og truga artar knytta til humide regnskogs- og bergmiljø.

Bruk tilstand og påvirkning: Skogen er ung, tydeleg prega av nærleiken til den gamle busetnaden i Langvika. Men om ein ser bort frå dette finst ingen nyare inngrep i lokaliteten.

Fremmede arter: Lokaliteten grenser til eit område med planta furu av framnad opphav.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten grenser til eit større område med gammal, boral kystfuruskog.

Verdivurdering: Ganske liten og marginal lokalitet, men med tydelege trekk som gjer at den vart kartlagt som oseaniske berg. Den oppnår ikkje meir en låg til middels vekt på dei ulike parametere, og vert derfor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten vert best bevart under fri utvikling.

.....

405 Teigane Ø

Gammel edellauvskog – Gammel almeskog Verdi: A Areal : 66,98 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus v/Torbjørn Høitomt i samband med naturtypekartlegging i Suldal i 2014.

Oppdraget er gitt av Fylkesmannen i Rogaland og omfattar i hovudsak oppdatering av eksisterande kunnskap. Avgrensinga erstattar gammal lokalitet; Teigane (BN00003897). Både tekst og kartavgrensing er oppdatert. Relevant informasjon er henta frå naturbase (8. jan. 2015). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Teigane på sørsida av Hylsfjorden i Suldal kommune og omfattar eit areal med eldre, tidlegare styva edellauvskog. Berggrunnen i området er til dels ganske rik, bestående av mellom anna fyllitt og glimmerskifer.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjelder naturtypen gammal edellauvskog (gammel almeskog) i mosaikk med naturtypen rik edellauvskog (rasmark- og ravine-almeskog). Større del av bratt lise med gamle og grove styvingstre av alm, samt noko ask og lind innimellom. Delar av lokaliteten har lågare tetteleik av styvingstre. Rik vegetasjon som vert prega av det som truleg er eit jamnt vassig i store delar av lia. Nitrofile artar som brennesle, skogstjerneblom, ormetelg og bringebær er dominerande i delar av lokaliteten. Andre karplanter finst spreidd, men det fuktige klimaet gjer at tjukke mosematter dekker bakken i store delar av lokaliteten.

Arts mangfald: Mangfaldet av sjeldsynte og truga artar er ikkje så stort som man kunne forvente i dette miljøet. Med unntak av alm (NT) og ask (NT), er bleik kraterlav *Gyalecta flotowii* (VU) og kastanjefiltlav *Nevesia sampaiana* (VU) dei to einaste påviste raudlisteartane. Ut over dette finst fleire vanlege artar i lungeneversamfunnet som buktporelav *Sticta sylvatica*, rund porelav *Sticta fuliginosa*, vanlig blåfiltlav *Degelia plumbea*, kystnever *Lobaria virens* og grynvrøng *Pannaria conoplea*. Av andre artar kan almelundlav *Bacidia rubella* og skjærformose *Apometzeria pubescens* nevnes. Det er eit ytterlegare potensial for sjeldsynte og truga artar knytta til dei gamle edellauvtrea.

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten er ei gammal li med styva edellauvtre som ikkje har vore styva på lang tid. Denne lokaliteten ligg heilt i grenseland til å kunne bli kartlagt som haustingsskog, men verdiane blir truleg best tatt vare på gjennom fri utvikling.

Fremmede arter: Det er planta ein del gran rett på utsida av lokaliteten. Nokre tre finst òg inne i avgrensinga. Fleire av disse er store tre med høg skugge-effekt.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Større areal med mange gamle, tidlegare styva edellauvtre. Lokaliteten oppnår høg vekt på storleik og artmangfald vert derfor vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Gran som veks inne i og rett på utsida av lokaliteten bør ryddast vekk.

.....

406 Teigane V

Rik edellauvskog – Rasmark- og ravine-almeskog Verdi: B Areal : 95,07 daa

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus v/Torbjørn Høitomt i samband med naturtypekartlegging i Suldal i 2014.

Oppdraget er gitt av Fylkesmannen i Rogaland og omfattar i hovudsak oppdatering av eksisterande kunnskap. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Teigane på sørsida av Hylsfjorden i Suldal kommune og omfattar eit areal med eldre, tidlegare styva edellauvskog i mosaikk med rik edellauvskog. Det finst ein del store steinblokker og fleire bergvegger i lokaliteten, mange av dei relativt fuktige. Berggrunnen i området er til dels ganske rik, bestående av mellom anna fyllitt og glimmerskifer.

Naturtyper utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjelder naturtypen gammal edellauvskog (gammel almeskog) i mosaikk med naturtypen rik edellauvskog (rasmark- og ravine-almeskog). Større del av bratt lise med gamle og grove styvingstre av alm, samt noko ask og lind innimellom. Mot vest ble det eit stort innslag av eldre hasselkratt, samt en del gråor, svartor, hegg, selje, rogn, osp og bjørk. Delar av lokaliteten har lågare tetteleik av styvingstre. Det finst ganske mykje dødved av

alle treslag. Rik vegetasjon som vert prega av det som truleg er eit jamnt vassig i store delar av lia. Nitrofile artar som brennesle, skogstjerneblom, ormetelg og bringebær er dominerande i delar av lokaliteten.

Artsmangfold: Mangfaldet av sjeldsynte og truga artar er ikkje så stort som man kunne forvente i dette miljøet. Med unntak av alm (NT) og ask (NT), er bleik kraterlav *Gyalecta flotowii* (VU) og kantknollvrangmose *Bryum riparium* (VU) dei to einaste påviste raudlisteartane. Ut over dette finst fleire vanlege artar i lungeneversamfunnet som buktporelav *Sticta sylvatica*, rund porelav *Sticta fuliginosa*, vanlig blåfiltlav *Degelia plumbea*, Kystnever *Lobaria virens* og grynvrenge *Pannaria conoplea*. Av andre artar kan almelundlav *Bacidia rubella*, skjerfrose *Apometzgeria pubescens* og evjebekkemose *Hygrohypnum eugyrium* nevnes. Det er eit ytterlegare potensial for sjeldsynte og truga artar knytta til dei gamle edellauvtrea.

Bruk tilstand og påvirkning: Lokaliteten er ei gammal li med styva edellauvtre som ikkje har vore styva på lang tid. Deler av lokaliteten ligg heilt i grenseland til å kunne bli kartlagd som haustingsskog, men verdiane blir truleg best tatt vare på gjennom fri utvikling.


Fremmede arter: Det er ikkje registrert frammande artar i lokaliteten.

Del av helhetlig landskap:

Verdivurdering: Større areal med mange gamle, tidlegare styva edellauvtre. Lokaliteten oppnår høg vekt på storleik og middels på artmangfald og skogtilstand og vert derfor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten vert best bevart under fri utvikling.

.....



BioFokus er en ideell stiftelse som skal tilrettelegge informasjon om biologisk mangfold for beslutningstakere, samt formidle kunnskap innen fagfeltet bevaringsbiologi. BioFokus ønsker å bidra til en kunnskapsbasert forvaltning av norsk natur.

En kunnskapsbasert forvaltning forutsetter god dokumentasjon av de arealene som skal forvaltes. BioFokus legger derfor stor vekt på feltarbeid for å sikre oppdaterte og relevante data om botanikk, zoologi, økologi, samt avgrensning og verdisetting av områder.

Høy kompetanse er en forutsetning for å kunne registrere og presentere biologisk mangfold-data på en god måte. BioFokus sine medarbeidere er derfor godt skolert innenfor en rekke artsgrupper og har en bred økologisk forståelse for de ulike naturtypene som de arbeider med, det være seg skog, kulturlandskap eller ferskvann. Digitale verktøy som databaser, GIS og bilde-behandling er viktige redskaper i vårt arbeid for å anskueliggjøre naturverdier på en best mulig måte.

Stiftelsen utgir to digitale rapportserier som heter BioFokus-rapport og BioFokus notat,
<http://www.biofokus.no/Publikasjoner/publikasjoner.htm>